

Universitetet i Bergen
Institutt for arkeologi, historie, kultur, og religionsvitenskap

Ynskjekvisten og andre folkelege søkjereiskapar
Forståing og bruk av søkjereiskapar i spenningsfeltet mellom
tradisjonell magi og moderne kultur



Masteroppgåva i kulturvitskap

Haust 2015

Lars Eide

Studentnummer 193704



Nybrua, Kongsberg – Foto: Helge Hoel

Abstrakt:

Folkelege søkjereiskapar, som ynskjekvisten, er grunnlaget for denne studien av røyndomsoppfatninga innan alternativmiljøet i Noreg. Ynskjekvisten vart brukt til å finna vatn og metall i mellomalderen, i dag er den ein del av eit anna verdsbilete og nye bruksområde har kome til. Med ein kvalitativ tilnærming til ynskjekvistfenomenet, vil eg analysera det prosessuelle gjennom folk sine førestillingar knytt til ulike tidsperiodar i samfunnet i dag samanlikna med ein historisk kontekst.

Innhald:**Forord** s. 5**Kap 1: Innleiing** s. 6

- Inspirasjon til oppgåva
- Formålet med oppgåva
- Aktualitet i forhold til faget
- Problemstilling

Kap 2: Metodiske og forskingsetiske betraktingar s. 15

- Deltakande observasjon: Kurset på Gran
- Kvalitativt forskingsintervju
- Bladet Kvistgjengeren
- Norsk Folkeminnelags skrifter
- Verdsbilete
- Likskap mellom kvistgjengarar og kloke folk
- Forskingsetikk
- Informert samtykke
- Anonymitet

Kap 3: Ynskjekvisten i kulturhistoria s. 33

- Tidleg nytid
- 1800-talet
- 1900-talet
- Sigvald Hasund sine teoriar
- Einar Sigmund sine idear om ynskjekvisten
- John Haugland sine tankar om ynskjekvisten
- Trond Winje sine idear
- Ernst Hartmann sitt rutenett
- Hasund, Sigmund, Haugland, Winje og Hartmann

Kap 4: Portrett av to ulike kvistgjengarar s. 53

- Jakob Vivås
- Gaute Hadland

Gammal og ny metode
Multidimensjonsteori

Kap 5: Kvistgjengeren – *Organ for Norsk Kvistgjengerforening* s. 73

Framsida
Informasjonssida
Redaksjonen
Annonsar
Ord frå leiaren
Aktivitet i foreininga
Tema

Kap 6: Endringar og tilpassingar over tid s. 90

Jakob og Gaute
Magi i vår tid
Konklusjon

Summary s. 101

Litteraturliste s. 104

Vedlegg #

- 1** – Samtykkeerklæring
- 2** – Godkjenning frå NSD
- 3** – Transkribert intervju av Jakob
- 4** – Transkribert intervju av Gaute

Forord

Dette har vore eit kjekt prosjekt, og det vart noko anna enn det eg såg for meg då eg byrja på det. Eg vil takka rettleiarane mine, Nils Gilje og Bente Alver, for den jobben dei har lagt ned i oppgåva. Ein ekstra takk til Bente for hennar rettleiing inn mot innleveringsdato.

Eg vil og takka tante Linda for hennar korrekturlesing på nynorskskrivinga mi, som ikkje alltid er like lett å forstå. Eg har deg å takka for at andre skal kunna lesa og forstå innhaldet i oppgåva.

Ein stor takk går til Norsk Kvistgjengerforening, med ekstra takk til Gaute Hadland. Frå foreininga vil eg og takka Nils Kåre Sunde og Anne Bergheim for hjelpen med å finna alle utgåvene av *Kvistgjengeren*. Og takk for hyggeleg selskap i Gran, særskild min faste sidemann ved middagsbordet, Erling Nystad. Takk til Jakob Vivås som ville dela sin erfaring i intervju, og som saman med Gaute har vore mine hovudinformantar.

Til slutt må eg sei tusen takk til mine foreldre som har gitt meg økonomisk stønad medan eg har studert. Utan fryseboksen heima ville det vorte dårlig med hjerneføde.

Til Sigmund Slettemark – som nytta ynskjekvist til å finna vatn i tunet heima.

Kapittel 1

Innleiing

Intensjon

I denne oppgåva vil eg prøva å visa korleis ulike søkjereiskapar har vorte brukte og forstått dei siste 200 åra. Eg skal dokumentera dagens metodar og teoriar knyta til *kvistgjengeri*, samt samanlikna dei med eldre førestillingar. I omgrepet førestillingar ligg det ei forståing av at folk ser på røynda ulikt. Førestillingane endrar seg og dermed endrar også verdsbiletet til folk seg.

Det empiriske materialet er henta frå sentral litteratur i Norsk Kvistgjengerforening, foreininga sitt medlemsblad - Kvistgjengeren, Norsk Folkeminnelags Skrifter, samt feltarbeid og intervju. Teksten er lagt opp med dømer som illustrerer fenomen knyta til kvistgjengeri, og korleis dei vert forklara og oppfatta på individnivå. Det eg ynskjer å samanlikna er korleis folk på individnivå utviklar ulike oppfatningar og etablerer ulike *røyndomsoppfatningar*.

Inspirasjon til oppgåva

Inspirasjon til denne oppgåva fann eg i studiet på kulturvitskap, der bygdekultur, folketru, tradisjon, og nyreligiøsitet, var emne av interesse for meg. Sjølv kjem eg frå bygda Voss. Denne bygda har ein lokalkultur som innbyggjarane er stolte av, og som mange identifiserer seg med. For mange knyter denne stoltheita til bondekuulturen, dei lokale matvarene, skiskyting, jazz eller ekstrem sport. Men også eldre folkelege tradisjonar står framleis sentralt i bygda. At kommunen har valt å halda på bygdestatusen framom å verta by, seier mykje om denne interessa for lokalkulturen og identiteten til bygda. Gjennom studiet har oppveksten i ei bygd vore som ein kontekst for studiet. Bygda har vorte eit referansepunkt for mykje av alt eg har studert og lese.

I bacheloroppgåva studerte eg om Anja Breien sin film *Forfølgelsen*, for å sjå om den gjenspegla eit realistisk gardsamfunn i 1630. No har eg lyst å samanlikna røyndomsoppfatningar knytt til ynskjekisten, ved å sjå på korleis reiskapen har utvikla seg, samt korleis kvistgjengaren har utvikla seg.

Grunnen til at eg tek for meg ynskjekvisten er blant anna at tre forsøk på å laga brønn i tunet til barndomsheimen min vart gjort med ein ynskjekvist. Frå arbeidet med bacheloroppgåva visste eg at ynskjekvisten vart sett på som ein «magisk» reiskap. Ein av hovudinformantane mine, Jakob Vivås, er ein ven av familien heilt tilbake til mine oldeforeldre, og god ven av faren min i dag. Han er 71 år i 2015, og har vore kvistgjengar i 56 år. Han er ein kjend kvistgjengar i grenda, og vart difor den fyrste eg tenkte på som mogleg informant, og han inspirerte meg til å søkja etter andre kvistgjengarar. Eg fann fram til *Norsk Kvistgjengerforening* på verdsveven, og tok kontakt med dei. Eg oppdaga også at «kvistgjengeri» er så utbreidd i Noreg og den vestlege verda at det var grunnlag for å byggja heile oppgåva kring dette fenomenet.

Formålet med oppgåva

Formålet med oppgåva er å kasta lys over ei gruppe med folk som er knytt saman i felles røyndomsoppfatningar, men som framleis kan ha ulike oppfatningar på individnivå. Dette vil eg vise gjennom eit feltarbeid med *Norsk Kvistgjengerforening*, eit intervju med leiar i Norsk Kvistgjengerforening Gaute Hadland, og eit intervju med Jakob Vivås. Sistnemnde er ikkje medlem av foreininga, og plasserer seg soleis i ein annan kontekst. Det er difor interessant å samanlikna førestillingane til Jakob og Gaute. Gaute vert då ein representant for heile foreininga. Som leiar vert han talsmann for ulike formar for kvistgjengeri og ulike praksisar som fins i foreininga.

Eg har presentert innhaldet i denne teksten som ein kulturell prosess frå "då" til "no" – frå ei meir eller mindre tradisjonell "magisk" røyndomsoppfatning til ei meir moderne røyndomsoppfatning som særleg kjenneteiknar alternativkulturen i dag. Slik eg ser det representerar Jakob ei meir tradisjonell oppfatning, medan Gaute representerar ei meir moderne oppfatning. Jakob og Gaute vert soleis to ulike "case" i denne oppgåva.

Aktualitet i høve til faget

Denne forskinga er aktuell i høve til faget fordi den dokumenterer eit utbreidd fenomen, samt at den samanliknar ei folkeleg førestillingsverd før og no, og viser samanlikningar mellom kvistgjengarar og «kloke folk». Eg ser på korleis

tradisjonar tilpassar seg nye kontekstar på individnivå. Det betyr at mange av fenomena ein ser i dag er eldre tradisjonsuttrykk i ein ny kontekst, som på underleg vis passar inn i eit postmoderne verdsbilete. Eg er altså opptatt av det prosessuelle, til dømes korleis det vart meir vanleg å brukta ein søkjereiskap av metall enn av tre.

Ulike førestillingar om årsak og verknad står sentralt i kvistgjengeriet. Difor vil eg undersøkja *verdsbiletet* til kvistgengarar. Det er nokre problem med å nytta omgrepet verdsbilete. For det fyrste er det eit vidt omgrep, det er alltid mange faktorar som spelar inn i høve til eit individ sitt verdsbilete.¹ Slik eg ser det vil ulike konkrete røyndomsoppfatningar, ting folk opplever og erfarer i ein kvardag, stå sentralt i verdsbiletet. Med andre ord meinar eg at eit individ sitt verdsbilete består av mange røyndomserfaringar.

Eit anna problem med å forska på *verdsbiletet* er at det er vanskeleg å intervjuia nokon om sitt verdsbilete, det er eit omgrep eg som forskar nytta, men informanten vil ikkje tenkje på sitt verdsbilete i så abstrakte termar. I intervju og observasjon får ein innsyn i ulike røyndomsoppfatningar. Til dømes er det typisk for moderne kvistgengarar som Gaute å meina at energi krinsar rundt jorda, og at alt levande har ein energi som kan målast med ein ynskjekvist. Gaute sin haldning til dette fenomenet vil eg koma tilbake til. Dette er til dømes ikkje ein del av Jakob sitt verdsbilete. Han har andre røyndomsoppfatningar.

Eg vil samanlikna *Norsk kvistgjengerforening* med kloke folk, "New Age"-tradisjonen, for å syna at den står med ein fot i to ulike tradisjonar, på den eine sida aktualisert gjennom eldre førestillingar, og på den andre sida gjennom nyreligiøse utrykk. Ei kopling mellom fortid og notid visar seg på ulike måtar, frå bestemte treslaget ein etter eldre tids førestillingar kunne nytta til kvistemne, til moderne forklaringar på at krafta i kvisten går frå eit magnetfelt til kvistgjengaren og så viser att i kvisten. Frå å tenkja seg at ulike treslag har ibuande kraft som personar med rette evner kan nytta seg av, har blitt til ei førestilling om at personar som er vare for stråling har ei evne til å registrera ulike energiar som omkrinsar jorda.

¹ Nordisk Konferens 12-14 januari, 1981

Evnene til ein person som er kvistgjengar er noko utanom det 'normale', men samstundes finst det oppfatningar om at evna kan vera i alle og at ein kan trenar seg opp. Det kvistgjengarar registerer med sine spesielle evner, vert i dag ofte forsøkt forklart med rasjonelle vitskaplege teoriar, som magnetfelt og straum. Men trua på ibuande evner eller kraft og moderne førestillingar om krefter utanfrå fortalt om som energiar og bølgjer kan også smelta saman. Eg vil syna slike utviklingar blant anna gjennom Anne Elisabeth Westerlund sine forklaringar til hennar synske evner, og hennar forståing for at telepatiske bølgjer har likskapar med det som vitskapen elles forstår med straum, eller lydbølgjer.

Problemstilling

Denne oppgåva er eit forsøk på å teikna eit bilet av nokre sider ved dei kulturelle prosessane som går frå ein eldre meir magisk bruk av søkjereiskapar og korleis dette skjer i dag.

Eg kasta lys over spørsmålet om korleis ynskjekvisten sin form og bruk har endra seg frå 1800-talet til i dag? Korleis har førestillingane om ynskjekvisten og liknande søkjereiskap tilpassa seg i det samfunn dei lever i?

Samspelet mellom ei eldre folkeleg førestillingsverd og førestillingane som er knytte til den såkalla alternativkulturen vert difor viktig. For å forstå mi problemstilling er det nødvendig å gje eit bilet av kva som karakteriserer ei magisk førestillingsverd. Mi oppfatning er at Ynskjekvisten er ein del av eit *folkeleg kosmos*, eller ei folkeleg førestillingsverd, og at dette kosmoset er sett saman av symbolske verdiar som har endra seg over tid.

Ei side av eit magisk kosmos er oppfatninga av at det finns uvanlege krefter i verda. Desse kretene er grunnleggande for eit magisk verdsbilete, nemleg forståinga for at menneskje kan påverka omgjevnaden gjennom magiske midlar og handlingar, men at nokre menneskje kan «meir» enn andre. Bente Alver seier:

I en sådan måde at se verden på – eller i hvad vi betegner en folkelig forestillingsverden – forholdt man sig til den opfattelse, at der fandtes en »kraft« af særlig karakter, som kunne tage bolig i bestemte steder, genstande og levende væsner, men som menneskene også kunne aktualisere og gøre brug af i visse

situasjoner og ved bestemte handlinger.²

Nokre ting har ei kraft i seg sjølv, medan eit ritual kan gje ein ting kraft. Det betyr at det kan vera ei kraft i eit objekt som nokon kan nytta seg av om høva ligg til rette for det. Kloke folk er magiske ekspertar, men "vanlege" folk som søker hjelp hjå den kloke er involvert i magien, og trur på magien, og lever med den oppfatninga at det er sant. Bente Alver seier om ei eldre tids førestillingsverd at:

Alle var magiske aktører i det små, fordi man levede i et verdenssyn og en tænkemåde, der var magisk, og hvor selv enkle hverdagshandlinger kunne være indvævet i forestillinger om andre former for årsagssammenhænge end dem, vi regner med i dag. Men kun de få havde mod, evne og styrke til at udfordre magterne og de potensielle kraftcenterne, når det virkelig gjaldt. (...) Med fagterminer, som i dag er gået over i hverdagssproget, betegner vi dem som *synske* eller som *kloge folk*.³

Kloke folk var ofte, og er det også i dag, ein del av eit lokalsamfunn der dei er lækjarar på ulike måtar, eller dei hadde evner til å sjå framtidia. Og for å vera ein klok må lokalsamfunnet godkjenna deg som det. Når lokalsamfunna aksepterer magien eller den kloke, så lever dei med magiske røyndomsoppfatningar.

Omgrepet ritual er så vidt at det må avgrensast. Barbro Klein avgrensar omgrepet i hennar tilnærming til ritual på offentlege plassar og torg. Ho peikar på typiske haldningars til ritual, som at det berre er "tomme ritual", eller at det er eit "nødvendig ritual".⁴ Klein forklarar folk si haldning til ritual, og seier at folk kan tenkja at nokre ritual er "tomme", medan andre ritual kan vera "nødvendige" for dei same folka. Slik skildrar Klein at haldninga til omgrepet ritual på den eine sida kan vera positivt og på den andre sida vera negativt. Klein forklarar kva ritual inneheld og betyr:

I denne bemärkelse innehåller ritualer handlingar, som inte bara är formaliserade, upprepbara och mönsterbunda utan också har sakrala eller magiska övertoner. I denne innebörd har utförandet av ritualer en omskapande och förnyande kraft för såväl enskilda mänskligar som hela samhällen (van Gennep 1960, Turner 1969).⁵

² Bente Alver, 2008: 37

³ Ibid: 60

⁴ Barbro Klein, 1995:10

⁵ Ibid: 10-11

Ritualeit er ei handling, der repetisjonar, tidspunkt, stad og andre mønsterbunde handlinga skapar ei kraft, Gjennom ulike ritual vart ynskjekvisten gjeve ei kraft, dersom personen nyttar riktig kvist på riktig måte.

Det magiske verdsbiletet eg analyserar er ikkje sett med magiske ekspertar sine auge, men med utgangspunkt i eit folkeleg kosmos. Ynskjekvisten var eit reiskap ein visste om for å finna vatn, men som ikkje vart nytta ved fyrste forsøk. Men til slutt står ein kanskje i beit, og då kan ein gripa etter ynskjekvisten. Vatn til folk og fe var eit kvardagsproblem for dei som ikkje hadde god tilgang til fersk vatn. Linda Oja seier dette om magiske handlingar eller synet på magi:

Frågan om människors syn på magi kan vid förstå anblicken verka smal och obetydelig. I själva verket gäller det uppfattningar om grundläggande förhållanden och sammanhang både på ett kosmologisk och ett mycket vardagsnära plan. Det handlar om sambandet mellan orsak och verkan, om de krafter som verkar i världen och människans förhållande till dem, liksom om grundläggande moraliska och religiösa begrepp som gott och ont eller rätt och fel. Samtidigt handlar det om själva kärnan i det mänskliga livet på jorden: om lycka, mat, kärlek och död.⁶

Ynskjekvisten handlar for det meste om kvardagslege ting men er viktige for nokon: å finna vatn, finna bortkomne dyr, avdekkje krefter og strålar som gjer folk sjuke, og liknande. Vatn er knyta tett til døden, for både folk sjølv og for dyra.

Ynskjekvisten var i eldre tid ein reiskap du ikkje måtte vera magisk ekspert for å bruka, men du måtta ha ei viss evne som reseptiv (mottakar) for kreftene i omverda. Gjennom ulike ritual fekk kvisten ei ny kraft. Dette var knytt til ulike veksthøve, at kvisten vart skoren på bestemte tider, eller på bestemte, stadar. Slik kunne ein skaffa seg ein reiskap som kunne syna til kjelder i bakken, eller til skattar og stolne saker. Slik eg forstår det, vart symbolske verdiar i omverda oppfatta av folk i materielle ting og i teikn på himmelen, eller andre stadar. Nokre ting hadde ei kraft fordi dei er tatt ut or kyrkja, eller i området rundt kyrkja som til dømes kyrkegardsjord, alterduk, korsbly, nattverds- brød og vin. Andre ting hadde magisk kraft fordi dei skil seg ut eller er spesielle. Som me skal sjå dømer på frå 1800-talet, i denne oppgåva, var ei flogrogn eit tre med ei slik

⁶ Linda Oja, 1999: 13

symbolisk kraft. Den veks opp gjennom stamma på eit tre som var der før, og på den måten kan ein sjå for seg at den har kjempa seg til livet, og symbolisk er den sterkt med meir kraft. Når ein aksepterer denne røyndomsoppfatninga så godtek ein ei magisk førestilling.

Når ein tek del i et magisk kosmos tek ein del i eit verdsbilete der det fins magiske krefter og makter. Nils Gilje forklarar korleis Max Weber forstod eit slike verdsbilete:

Innenfor det magiske verdensbildet blir mennesket rykket inn i en symbolisk og magisk sirkel. I denne prosessen får kulturelle fenomener og handlingar en magisk betydning samtidig som det konstitueres en meningsbærende virkelighet hinsides den fysiske verden. For å ordne relasjonene til det som er «hinsides» var det nødvendig å utvikle særegne former for tenkning og handling. Ifølge Weber forutsetter altså magi et skille mellom en dennesidig empirisk verden og en hinsidig åndelig verden.⁷

Weber hevda at myte, magi, religion, og vitskap er symbolske formar som gir verda mening.⁸ Han karakteriserte også eit verdsbilete der magien står sentralt som ei "fortrylla verd".

Utviklinga av ynskjekvisten har som sagt vore ein del av eit folkeleg kosmos, og har endra seg i takt med endringane i det folkelege kosmos. Ynskjekvisten tilhøyre såleis det Max Weber kallar for ei "fortrylla verd." Svale Solheim har skrive om setertradisjonar, der budeia levde med underjordsfolk i ein symbolisk og magisk sirkel, slik som Weber såg det. Svale Solheim innleiar om underjordsfolk slik:

Mellom dei farlege maktene som folk måtte ta striden opp mot for å verja krøtertrivnaden og avdråtten, tek dei usynlege størst rom i tradisjonen. Under stølsoppahaldet kunne folk så å seia ikkje ta eit steg utan at dei møtte dei usynlege maktene, som på alle moglege måtar og i dei mest ulike situasjonar greip inn i stellet med krøter og avdrått. Det var ikkje råd å koma unna møtet med «maktene», og folk laut ta stilling til dei på den eine eller andre måten – og stella seg i samsvar med dette.

Dette samhaldet mellom folk og usynlege makter i eit "magisk" kosmos, som

⁷ Nils Gilje, 2011: 60

⁸ Ibid: 60

påverkar alle sidene av livet, viser at sider av ei såkalla "fortrylla verd" eksisterte lenge ut på 1800-talet. Solheim påpeikar det same som eg har diskutert til no, at folk måtte forholda seg til maktene og leve med dei.

Men førestillingane om ynskjekvisten endra seg på byrjinga av 1900-talet. Då tok ein til å sjå på fenomenet ut frå eit meir vitskapleg perspektiv. Sigvald Hasund har gjort ei undersøking av ynskjekvisten i 1921, der han nyttar nærmast eksperimentelle forsøk, med og utan sko, med våt eller tørr kvist.⁹ Dette er eit møte mellom folkelege "kunstar" – eller magiske ritual – og ei meir vitskapleg haldning. Hasund testar bruken av ynskjekvisten for å gje ein naturleg forklaring på den. Slike naturlege forklaringar hevda Weber var med å *avfortrylla* verdsbiletet. Nils Gilje seier om dette verdsbiletet:

Prosessene i naturen blir forklart ved hjelp av vitenskaplige teorier, og forståelsen av nye kausalmekanismer ga mennesket en makt over naturen som skilte seg radikalt fra den magiske aktørens forhold til naturprosessene. I denne forstand hevder Weber at det i lys av moderne vitenskap «ikke finnes noen hemmelighetsfulle, uberegnelige makter som griper inn [i naturen], men at man tvert imot – i prinsippet – kan *beherske* alle ting gjennom *beregning*». Dermed mister verden sin magi.¹⁰

Det vitskaplege verdsbiletet er på mange måtar den folkelige magiens krise – fleire og fleire fenomen får ei naturleg forklaring. På slutten av 1800-talet hadde dette verdsbiletet sentral plass i skular og kultur, som har vore med å bidra til ei avfortrylling av verdsbiletet. Avfortryllinga leier til at dei som framleis held fram med å nytta søkjereiskapar, lyt utvikla eit nytt språk og nye forklaringsmodellar for å legitimera det dei gjer. Ein tek over ord og uttrykk frå vitskapen og nyttar dei på nye måtar, slik som: "kraft", "kontakt", "energiar", "magnetisme", og liknande.

I dag er det mange kulturforskarar som har diskutert ei "gjenfortrylling av verda".¹¹ Då tenkjer ein ikkje på eit tradisjonelt magisk verdsbilete som eg har forklart til no, men eit nytt verdsbilete i alternativrørslene, som og har magiske dimensjonar. Tilsynelatande vitskaplege omgrep som "kraft" og "energi" står

⁹ Sigvald Hasund, 19

¹⁰ Nils Gilje, 2011: 59

¹¹ Ibid: 66

sentralt i "gjenfortryllinga". Mange vil kalla det pseudovitskap, når ein brukar omgrep som vitskapen knapt kan akseptera som omgrep for søkjereiskapar. Sagt enkelt, så finn det stad ein slags "vitskapleggjering" av folkelege praksisar i alternativkulturen. Torunn Selberg diskuterer magi i ein alternativ bokklubb, Energica, der bøker, musikk og duft lovar magiske effektar, og mirakuløse resultat. Denne formen for magi som Selberg diskuterer i denne artikkelen er tilgjengeleg for alle, og er såleis del av ei folkeleg verd, der assosiasjonar til tradisjon og magi synest å vekkja eit sagn i folk.¹² Slik sett vert dette òg ein diskusjon av "gjenfortrylling".

Kort gjennomgang av innhaldet vidare

I kapittel 2 vil eg ta for meg dei to forskingsmetodane deltakande observasjon og kvalitativt forskingsintervju, brukt for å skapa empirisk materiale. Eg vil òg sjå på dei etiske spørsmåla når det gjeld forholdet mellom forskaren og dei han forskar på.

Kapittel 3 tar for seg kjelder om ynskjekvisten som tidsmessig strekkjer seg til 2000. I 1999 vart *Norsk Kvistgjengerforening* etablert, og difor ser eg på perioden etter 2000 som ein eigen bokl.

I kapittel 4 presenterer eg portretta av Jakob og Gaute. Her vil eg skildra dei i eigenskap av å vera personen med ynskjekvisten, og få fram deira tankar og haldningar til kvistgjengeri.

Kapittel 5 er om *Norsk Kvistgjengerforening*, presentert gjennom deira medlemsblad *Kvitgjengeren*. Dette interessebladet er laga av medlemmene. Det tar for seg tema medlemene relaterar til kvistgjengeri. Det er og referat i frå sosiale møte og kurs. Difor er bladet ei god kjelde til kva foreininga held på med, og kva dei har å tilby.

Kapittel 6 er eit komparativt analysekapittel. Der vil eg gå igjennom likskapar og ulikskapar mellom Jakob og Gaute, for så å diskutera gjenfortrylling med eit analytisk perspektiv på tradisjon, kloke og alternativrørsla.

¹² Torunn Selberg, 1999

Kapittel 2

Metodiske og forskingsetiske betraktnigar

Som kjelder i denne masteroppgåva har eg nytta deltakande observasjon og forskingsintervju. Andre kjelder er frå *Norsk kvistgjengerforening* sine 32 utgåver av medlemsbladet *Kvitgjengeren*, samt tre bøker og ei undersøking anbefalt i bladet. Eg har også nytta *Norsk Folkeminnelags skrifter* (NFL) til å kasta lys over eldre førestillingar om korleis ynskjekvisten vart nytta. Med desse kjeldene meinar eg at eg har fått kasta lys over ulike sider ved *verdsbiletet* og *røyndomsoppfatningane* til personar som nyttar ei eller anna form for *intuitive søkjemetodar*. Omgrepet intuitive søkjemetodar er skapt av *Norsk Kvistgjengerforening*, og betyr at ein brukar pendel, ynskjekvist eller søkjevinklar for å finna vatn eller andre energiar, energiliner eller energinett.¹³ Omgrepa eg skal diskutera er blant anna *verdsbiletet* eller *røyndomsoppfatninga* kvistgjengarane knytar til «kvistgjengeri». Det er også naudsynt å diskutera omgrepet *kloke folk*, for dei to kategoriane kloke og kvistgjengarar har ein del fellestrekks.

For å belysa dagens bruk av ynskjekvist, er det grunnleggande nødvendig å få eit innblikk i kvistgjengaren sin *røyndomsoppfattning*. Dette har eg gjort ved å observera og delta i kursing og gjennom samtalar med kvistgjengarar, samt at eg brukar intervju. Det feltarbeidet eg har gjort er kvistgjengarforeininga sitt kurs/årsmøte på Gran, Hadeland 25. – 27. April 2014. Steinar Kvale seier:

Hvis du vil vite hvordan folk oppfatter verden og livet sitt, hvorfor ikke spørre?

Samtalene er en grunnleggende form for menneskelig samspill.

Mennesker snakker med hverandre; de interagerer, stiller spørsmål og svarar på spørsmål. Gjennom samtaler lærer vi folk å kjenne, får vite noe om deres opplevelser, følelser, holdningar og den verden de lever i. I en intervjuamtale stiller forskeren spørsmål om og lytter til hva folk selv forteller om livsverdenen sin. Intervjueren lytter til deres drømmer, frykt, håp; lytter mens intervupersonene med egne ord uttrykker sine oppfatningar og meninger, og

¹³ Kvistgjengeren, nr 32, 2014: 3

lærer om deres tanker om skule- og arbeidssituasjon, familieliv og sosialt liv.¹⁴ Kvar samtale med kvistgjengarane på Gran, gav meg ny kunnskap, ofte i form av inntrykk. Og det er slik at samtalar ein har hatt tidlegare kan kasta lys over den du har seinare. Såleis kan rekkefølga av samtalar føra til at ein oppfattar ting ulikt. Å ha forkunnskap om ynskjekvisten, gjer det lettare å forstå kva kvistgjengarane fortel. Før kurset på Gran hadde eg lese ein del eldre tradisjon om ynskjekvisten i NFL, men eg hadde ikkje noko inntrykk av korleis dagens kvistgjengarar tenkjer og praktiserer. Difor hadde eg ikkje klare forventingar til korleis dei ville snakka til meg. Eg visste heller ikkje om dei var villige til å dela kunnskapen sin med ein masterstudent.

Eg har valt å skilja mellom *interne* og *eksterne kjelder*, som Bente Alver og Torunn Selberg har gjort i deira doktoravhandling (1992). Dei seier om kjeldekategoriar: "Den kategori hvor forskeren er aktivt med i formingsprosessen, kan vi kalle *interne kilder*, der hvor dette ikke er tilfelle for *eksterne kilder*."¹⁵ Skiljet vert gjort for å synleggjera kva for kjelder forskaren sjølv er aktivt med å forma, og kva kjelder forskaren ikkje har forma. Eit anna skilje som kunne vore nytta, er skiljet mellom munnlege og skriftlege kjelder, men då ville NFL-materialet hamna i munnlege kjelder, slik som intervju. Og eg meinat at skiljet mellom interne og eksterne kjelder er eit betre og meir illustrerande for dei data eg arbeider med. I mitt feltarbeid, i intervjuet og den deltakande observasjon, har eg vore med på å forma dei kjeldene eg har skapt i samspel med informantane mine.¹⁶ Kursdeltakarane var ikkje alltid samde med kursleiarane på alle område, og dei ville påpeika denne usemja for meg. Av det dei fortalte forstod eg korleis kvistgjengarane oftast har "metoden" til felles, medan dei har ulikt syn på teorien bak, forklaringane og kva energiar dei søker.

Dei eksterne kjeldene eg har nytta er som nemnd medlemsbladet, *Kvistgjengeren*, tre bøker og ei undersøking anbefalt av foreininga, og den munnlege tradisjon i NFL. Desse kjeldene har eg ikkje vore med å forma på nokon måte. Desse

¹⁴ Kvale og Brinkmann, 2012: 19

¹⁵ Alver og Selberg, 1992: 28

¹⁶ Bente Alver, 1996.

kjeldene har gjeve nyttig innsikt i miljøet og om korleis kvistgjengarane ser på seg sjølv.

Eg fann som nemnd tidlegare *Norsk Kvistgjengerforening* på verdsveven med eit google søk. Den har ei nettside med informasjon om foreininga, kontaktinformasjon, kurskalender og rettleiingar (m.m.). På startsida er det ei liste med forklaring på foreininga sitt formål. Sida har vore ute av drift om lag heile tida under mitt feltarbeid, grunna eit virusåtak, men eg har likevel laga ein kort omtale av sida sjølv om eg ikkje har nytta den direkte som ei kjelde i oppgåva.

I den fyrste delen av dette kapittelet vil eg gå igjennom dei ulike metodane og kjeldene eg har nytta. Eg vil også diskutera omgrepa *verdsbilete* og *kloke folk*. I den andre delen vil eg ta for meg dei forskingsetiske problemstillingane som eg har møtt og reflektert over.

Deltakande observasjon: Kurset på Gran

På kurset på Gran var det kring 20 deltagarar. Dette var mitt fyrste møte med ei større forsamling av kvistgjengrar og eg var ikkje klar over at *kvistgjengeri* var så utbreitt i Noreg. At dei har gode nordiske kontaktar viste seg på kurset og kjem fram i medlemsbladet deira. Då eg kom på kurset visste styret at ein masterstudent skulle koma og observera dei, som ein del av masteroppgåva si. Utanom det visste dei ikkje noko om meg. Før den fyrste sesjonen på kurset hadde styret fortalt deltagarane at eg var student og deltagande observatør, ikkje ein vanleg deltagar. Styret gav meg ordet i nokre minutt så eg kunne presentera meg, og fortelje kvifor eg var der. Eg fortalte at eg skulle dokumentera og studera dagens *kvistgjengeri*, med utgangspunkt i at reiskapen som vert nytta stammar frå ei eldre tid. At eg ville prøva å finna ut om bruken av ynskjekvisten har endra seg. Eg fortalte òg at eg ynskte å notera ned det enkeltpersonar sa under kurset, men at eg ikkje skulle brukta notata utan samtykke.

Det var fleire på kurset som syntest det var "på tide" at nokon tok for seg kvistgjengeri. Men helst hadde dei sett for seg at det kom ein vitskapsmann som kunne finna ut kva som ligg bak fenomenet. Dei var likevel interesserte i å fortelja om seg sjølve. Det var tydleg at dei såg det som verdifullt at det dei gjer

vart dokumentert, slik andre kan bruka min studie til å granska fenomenet vidare. Mitt inntrykk vart såleis at dei stolar på vitskapen, og at dei ynskjer studium og forsøk på kvistgjengeni.

Om kvelden den fyrste dagen vart eg spurt om å halda eit kort foredrag om den kunnskapen eg alt hadde. Materialet eg brukte då hadde eg frå NFL. Det var nokre folkeminne som skildra ynskjekvisten, og eit par forteljingar om bruk av pendel. Dagen etter var det fleire av deltakarane som ville setja seg ned med meg og fortelja om seg sjølv. Andre kom bort under ulike aktivitetar på kurset og fortalte meg om deira ståstad til temaet som vart tatt opp. Det vart då klart for meg at ikkje alle var einige med kvarandre i alt, men eg forstod òg at det er ei grunnleggande felles forståing for korleis søkjereiskapen fungerer.

Katrine Fangen skildrar korleis antropologi og samfunnsvitskap skil seg frå kvarandre, når det gjeld observasjon under feltarbeid. Blant anna meinat ho at omgrepet *feltarbeid* vekkjer assosiasjonar til antropologiske studiar "i bushen", med ukjende kulturar, medan

Ordet deltagende observasjon sier mer om forskerens måte å arbeide på enn feltarbeid, ved at det viser til den komplekse balansen mellom det å være blant folk og delta i deres samhandling, samtidig som du er der for å studere og observere dem.¹⁷

Det sosiale samværet mellom medlemma er i kvistgjengarforeininga viktig. Og sidan eg ikkje er medlem vart eg litt utanfor på kurset. Eg var jo der for å observera og studera, og attpåtil var eg den yngste deltakaren. Eg kom ikkje like godt inn på alle. Eg fekk likevel god kontakt med fleire, eg hadde blant anna fast sidemann ved middagsbordet. Eg forstod at desse samkomma, kurs og årsmøte, er viktige for utvikling og hygge med andre kvistgjengarar som tenkjer på liknande måte. I medlemsbladet, *Kvitgjengeren*, gir dei referat frå det sosiale samvær på slike møter og kurs, medan det saklege referatet vert sendt på e-post til medlemma. Det «sosiale» referatet er for å gje folk eit inntrykk av samhaldet i foreininga som for mange er eit godt grunnlag for å verte medlem.

¹⁷ Katrine Fangen, 2008: 28

Katrine Fangen skildrar metoden ho brukar "(...) som innsamling av data ved å delta i det daglige livet til de menneskene du studerer, og se hvilke situasjoner de går inn i, og hvordan de oppfører seg i dem."¹⁸ I min deltagande observasjon var eg ikkje i ein daglegdags situasjon. Det var ei planlagd ekskursjonshelg og foreininga sitt årsmøte. Men utan mi eige aktive deltaking ville eg ikkje fått relevante data. Om eg hadde vore i utkanten og berre observert og notert ville deltakarane truleg følt seg meir som objekt for forsking. Medan då eg stod ved sida av dei med den same reiskapen i nevane som dei andre, og gjorde dei same øvingane, trur eg ikkje dei tenkte på at eg var der av andre grunnar enn dei andre deltakarane.¹⁹ Det gir meg eit spesielt ansvar for ikkje å nytta alt dei sa til meg som forskingsdokumentasjon.²⁰

På kurset fekk eg fleire dømer på korleis reiskapane vert nytta, anten i forteljingar, eller i praksis. Portrettet av Gaute er skildra med dømer frå kurset, mykje på grunn av mangelen på dømer i intervjuet.

Kvalitativt forskingsintervju

Det kvalitative forskingsintervjuet er eit samspel mellom intervjuar og informant, som saman skal skapa kunnskap. Det er ein utveksling frå begge partar, der både forskar og informant ofte sitt att med meir eller endra kunnskap. Steinar Kvale og Svend Brinkmann seier i sin innleiing til «Det kvalitative forskningsintervju»:

Forskningsintervjuet bygger på dagliglivets samtaler og er en profesjonell samtale. Det er et intervju der det konstrueres kunnskap i samspill eller interaksjon mellom intervjueren og den intervjuede. Et intervju er bokstavelig talt et *interview* (fra fransk *entrevue*), en utveksling av synspunkter mellom to personer i samtale om et tema som opptar begge. (...) Det er et vekselspill mellom de som vet, og det som vites, mellom de som konstruerer kunnskap, og kunnskapen som blir konstruert. Intervjuets tosidighet – den personlige relasjonen og kunnskapen det produserer – vil være en rød tråd gjennom denne

¹⁸ Katrine Fangen, 2008: 28

¹⁹ Ibid: 29-30

²⁰ Alver og Øyen, 1997: 132, 139

boken, som alternerer mellom å fokusere på den personlige interaksjonen og kunnskapen som er et resultat dette samspillet.²¹

Kvale og Brinkmann forklarar at for å få eit åpent svar frå informanten, kan ikkje forskaren vere strengt upersonleg: "(...) han eller hun er nødt til å gi litt av seg selv for å fortjene et åpent svar."²² Alver og Selberg har i sitt doktorarbeid lagt stor vekt på å få fram informantane si forteljing for å belysa forestillingsverda informantane har. Det same ville eg gjere i mitt masterarbeid. Alver og Selberg (1992) har drøfta omgrepet *personal narratives*, som dei definerar som forteljingar om personlege opplevingar, som oftast fortald i fyrsteperson. Sidan det handlar om *personlege* opplevingar, vert innhaldet rekna som ikkje-tradisjonelt. Opplevinga er unik for forteljaren, og ofte er akkurat det eit av poenga ved forteljinga.²³ Forteljingane er personlege, men det er viktig å påpeika at dei kommuniserar ein kollektiv kunnskap²⁴. I forteljingar kjem førestillingar om, og haldningar til ynskjekvisten, indirekte til uttrykk, og kunnskap og haldningar om ynskjekvisten vert spreidd. I denne forteljinga meinar eg at ein får inntrykk av kva informanten legg vekt på, kva som vert gløymd, samt kva dei har lært av hendinga, som dei vil dela med andre for å dela deira kunnskap.

De personlige fortellingene gjør seg gjeldende på de fleste av livets områder. De er en viktig del av menneskers selvpresentasjon og identitet. (...) Med fortellingene formidler vi ikke bare hva som hendte eller hva vi har opplevd, vi gir også uttrykk for tolkninger og vurderingar, og formidler direkte og indirekte ikke bare hva vi mener, men også hvem vi er.²⁵

I intervjua starta eg med å spørje informantane om når dei prøvde ynskjekvisten for fyrste gong. Eg håpar med det å få kunnskap om deira oppleving av den fyrste reaksjonen dei kjende, og kva den førte til.

Eg har hatt fleire samtalar med kvistgjengarar, men berre gjort to meir breie og systematiske intervju. Dei to personane eg har intervjuha har to ulike måtar å sjå verda på. Jakob har tilknyting til ei eldre førestillingsverd og eit nært forhold til sitt lokalmiljø, medan Gaute er influert av meir nyreligiøse førestillingar og har

²¹ Kvale og Brinkmann, 2012: 22

²² Ibid: 35

²³ Alver og Selberg, 1992: 39

²⁴ Selberg og Eriksen, 2006: 178

²⁵ Ibid: 178

ein internasjonalt nettverk. Jakob er ikkje medlem av kvistgjengarforeininga, og har difor ikkje den same kunnskapen og erfaringa som medlemmene i foreininga. Han har lært av ein annan kvistgjengar, men har utvikla sin eigen metode. Gaute som leiar i foreininga har òg lært frå andre personar, Men og frå bøker og andre hald. Han er opptatt av vitskaplege teoriar, samt "New Age"-teoriar. Eg har nytta intervjuet med desse to personane til å laga eit portrett av dei. Dette vert mi personlege oppfatting av dei to, men dei har begge godkjend portretta.

Då eg gjorde intervjuet, var eg alt blitt kjend med begge personane på førehand. Dette var utan tvil med på å bestemma kva, og korleis informantane fortalte om seg sjølv. Eg følte eg hadde god tillit frå informantane mine frå dei fyrste møta med dei. Det gjorde at eg aldri følte at eg var for direkte eller for nærgåande, og eg fekk svar på dei spørsmåla eg stilte. Jakob er som nemnd ein ven av familien min på Voss, slik at noko av tilliten han har til familien min vert ført over på meg. Me er frå same grenda på Voss, Bjørgum. Jakob kjenner heile familien min frå «oldebesten» til meg sjølv. Eg spurte han om å delta i masterprosjektet mitt i mor mi sin 50årsdag. Då fortalte eg han at eg skulle studera dagens bruk av ynskjekvisten (intuitive søkjemetodar). Eg brukte ikkje omgrepene skapt av Norsk Kvistgjengerforening, sidan han ikkje hadde høyrt om den foreininga før eg nemnde den. Då eg introduserte masterprosjektet til Jakob, sa eg at eg var interessert i hans personlege erfaringar og måten han brukte reiskapen på. Dette intervjuet vart nærmast styrt av informanten, sidan han ville fortelja meg livshistoria si, som entreprenør med ynskjekvisten. Han kalla det livsverket sitt. Eg starta intervjuet med å gje Jakob ordet og han fortalte uavbrote heile forteljingar og dømer på metodane sine. Eg kom med nokre tilleggsspørsmål, men ikkje på same måte som i det andre intervjuet.

Gaute, var innstilt på å svara meg på mine spørsmål, og var ikkje klar til å ta ordet på same måte som i samtalar med Jakob. Intervjuet med Gaute vart tatt etter eg hadde vore på kurset på Gran. Gaute og eg hadde mange samtalar på kurset, noko Gaute hugsa svært godt. I intervjuet ynskte eg at han skulle fortelja mest mogleg, og fortelja om seg sjølv som kvistgjengar. Fyrste gong me kom inn på noko me hadde snakka om tidlegare, påpeika Gaute at han kunne seia det om att, sidan eg insisterte på at han skulle fortelja det igjen. Om eg bad han forklara

med eksempel, så gjorde han det. Det er klart at sidan eg hadde lyst å få ein forklaring på teoriar og ting eg ikkje var sikker på, ville eg at Gaute i større grad skulle styre vår samtale sjølv. Portrettet av Gaute vart bygd på samtalar og observasjonar frå kurset og på intervjuet. Dei to metodane saman gav best mogleg bilete av korleis han som leiar og privatperson har nytta og nyttar intuitive søkjemetodar. I mange høve skildra han teoriane i intervjuet, medan den deltagande observasjon gav døma.

Det empiriske materialet som eg har vore med å skapa²⁶ med deltagande observasjon og kvalitative intervju skildrar informantane innanfrå. Med "innanfrå" forstår eg at informanten nytta sitt mentale bilete av verda til å forstå situasjonen ut i frå eigne omgrep og definisjonar.²⁷ Det er slike omgrep og definisjonar eg søker å belysa. Ei forteljing om fyrste gongen dei brukte ynskjevisten, kan fortelja meg om deira haldning til reiskapen før og etter dei sjølv byrja nytta den. Om dei trudde på den frå før eller vart overbevist der og då. Forteljingane om kva dei har funne ut av sidan den fyrste gongen, fortel meg om utvikling og tilpassing. Mange kvistgjengarar, som Gaute, var skeptiske i byrjinga, men det at han oppdaga skadeverknadar frå energiliner i huset sitt, førte skepsisen over til nysgjerrigkeit. Ei slik oppdagning kan forandra røyndomsperspektivet, men sjeldan aleine. Eg meiner at det ofte er fleire fenomen som saman skapar forståing. Det er ikkje sikkert at ein er medviten alle fenomena før eit fenomen set dei andre på plass. Då ser ein med eitt heile mønsteret.

Bladet Kvistgjengeren

Kvitgjengeren er den eksterne kjelda eg har brukt mest. Bladet er, som alt nemnd, organ for *Norsk Kvistgjengerforening*, der dei publiserar artiklar, annonser, sosiale referat frå møter og kurs, samt anna. Blada er på 20 sider og kjem ut to gonger i året. Det er ein oversikt over omgrep som intuitive søkjemetodar, og kontaktinformasjon om styremedlemma på ei av dei fyrste sidene. Artiklar og annonser skrive i blada er frå aktørar i foreininga. Det vil seie

²⁶ Bente Alver, 1996

²⁷ Nils Gilje, 2006: 12

at dei er skrive av personar som sjølv trur på metodane og reiskapane dei skriv om. Fyrste utgåvane av bladet kom i 1999 då foreininga vart stifta, men dei fyrste er ikkje trykka som eit magasin men skrive ut på vanleg ark og sendt som eit nyhendebrev til medlemma.

I blada har foreininga anbefalt litteratur til lesaren, den eg har nytta er fyrst ei undersøking frå 1921, så tre bøker publisert i 1947, 1963 og 1983. Forfattarane har anten ein innfallsvinkel som kvistgjengar, eller som stiller seg open til denne søkjemetoden. Desse kjeldene gir eit godt bilet av avanserte tankar om kvistgjengeri, samt mange døme (ofte i form av *mirakelforteljingar*²⁸), frå heile 1900-talet. Bøkene tek for seg mykje av det same som artiklane i *Kvistgjengeren*. Begge kjelder er skrive av personar som sjølv trur på kvistgjengeri, og ofte på andre krefter og overnaturlige makter. Dei har teoriar som på ulike måtar er kopla til vitskaplege teoriar, og vitskaplege forklaringar på radiestesi, stråling, magnetfelt, geopatologi, med meir.

Norsk Folkeminnelags skrifter

Eg har nytta *Norsk Folkeminnelags skrifter* (NFL) som ei kjelde til *kvistgjengeri* frå fyrste halvdel av 1800-talet. Eg har nytta registerbinda skrivne av Svale Solheim (1943) og Ann Helene Bolstad (1983) til å søkja etter pendel, ynskjekvist, kløfta, pekestikke, og liknande. I åtte av binda frå 1 til 99 (bind 50 og 100 er registerbind) fann eg referansar til kvistgjengeri, og til forteljingar om eldre tids folketru knytt til krafta i treslag, særskild i bærtre. Dette er viktig for førestillingane om at det var bestemte treslag ein skulle laga ynskjekvisten frå.

Dei fyrste binda i NFL var frå samlingane til Ivar Aasen, Johan Theodor Storaker, Magnus Brostrup Landstad, og Moltke Moe²⁹. Tabellen under viser kva bind eg har nytta, kven som har skrive det, namn på verket, og eventuelt kva samlingar det er henta frå.

Bind 1	1923	Ivar Aasen	<i>Norske minnestykke</i>	
Bind 18	1928	Nils Lid	<i>Naturrigerne</i>	(Joh. TH. Storakers)

²⁸ Bente Alver, 2011: 135f

²⁹ Alver og Selberg, 1992: 30

			<i>i den norske folketro</i>	samlinger IV)
Bind 25	1931	Anton Røstad	<i>Frå gamal tid folkeminne frå Verdal</i>	
Bind 34	1935	Nils Lid	<i>Menneskelivet i den norske folketro</i>	(Storakers samlinger VI)
Bind 39	1937	Ruth Hult	<i>Østfoldminne</i>	
Bind 47	1941	Nils Lid	<i>Sagn og Gaarder</i>	(Storakers samlinger VIII)
Bind 87	1961	Jens Haukdal	<i>I Skreddartimen folkeminne frå Gauldalsbtgdene</i>	
Bind 98	1966	Lars M. Fjellstad	<i>I grendom folkeminne frå Eidskog III</i>	

Det er noko forklarande i tittelen om innhaldet i nokre av binda, som *Menneskelivet*, og *Sagn og Gaarder*. Det gir lesaren eit bilet av kva binda skal innehalda folkeminne om og frå. Det er ofte forklart kvar folkeminna kjem frå i tittelen eller undertittelen. Kvar forteljinga kjem frå i NFL er ikkje noko eg har lagt vekt på, så lenge den er frå Noreg.

Verdsbiletet

Når ein skal analysera verdsbiletet, eller måtar å sjå verda på, til personar som nyttar *intuitive søkjemetodar* i eit kvalitativt studie, må ein prøva å forstå korleis enkeltpersonar tolkar røynda. Frå kvardagslivet til ein person kan ein sjå kva som opptek denne personen. Peter Berger og Thomas Luckman seier følgjande om kvardagslivet:

Hverdagslivet fremstår som en virkelighet som tolkes av mennesker, og som er subjektivt meningsfylt for dem som en helhetlig verden. Som sosiologer bruker vi denne virekligheten som objekt for våre analyser. Innenfor sosiologiens referanseramme som empirisk vitenskap er det mulig å ta denne virkeligheten for gitt, og å bruke de spesielle fenomenene som oppstår innenfor den som data, uten å gjøre noen videre undersøkelser av grunnlaget for denne virekligheten.³⁰

Berger og Luckman forklarar korleis dei ser på *kvardagsrøynda*, som er den største delen av ein person sitt liv. I kvardagslivet kan me finna grunnlaget for

³⁰ Berger og Luckman, 2000: 40

verdsbiletet til ein person. Berger og Luckman ser på *kvardagsrøynda* som ei ordna røynd. Fenomena er ordna i eit mønster som kan være uavhengig av folk si oppleving av fenomena, og som pressar seg inn i deira oppleving av dei.³¹ Det avgjerande er likevel at gjennom våre handlingar og tolkingsprosessar gir meiningsfull for oss.

Det er mange nye fenomen som dukkar opp i kvardagslivet, som det å koma over utfordringar i arbeid eller hobby. Ein kan anten seie seg einig i at «dette er utanfor min kompetanse» eller utfordra seg sjølv til å finna ut av det. Sosiale møter i kvardagslivet kan føra til små eller store konsekvensar for folk. Til dømes om ein går på eit planlagd jobbintervju. Ein kan vita kva eit jobbintervju er, og vera førebudd på kva som skal skje. Men det kan òg verta eit tilfeldig møte som vert eit fenomen i kvardagsrøynda. Det kan såleis tenkjast at forskaren kan vera med å endra nokon sitt verdsbilete. Då eg deltok på kurs på Hadeland var det styret i foreininga som på førehånd visste at det skulle komma ein forskar frå universitetet dit. Det fyrste dei tenkte var at eg på vitskapleg vis skulle greia ut om korleis kvistgjengeri fungerte. Men eg fekk retta opp i den førestillinga deira, for eg har ikkje kompetanse til å forklara, eller greie ut om korleis den fungere. Det eg skal gjera er å dokumentera dagens bruk av fenomenet, slik at andre vitskapsfolk, med den rette kompetansen, kan bruka denne kulturstudien til å greia ut om fenomenet. Men det var heilt klart at nokon på kurset uansett fekk eit løft i det at dei fekk merksemd frå utanforståande.

Kvitgjengeri og førestillingar om "makter", "krefter", "strålar" og "evner" er med på å etablira verdsbiletet til kvistgjengaren. Slik sett skil kvistgjengaren sitt verdsbilete seg frå andre folk sitt verdsbilete, sjølv om det også er mange likskapstrekk. På individnivå vil kvistgjengarar som me skal sjå, ha noko ulikt syn på verda. Dei er ikkje einige om alt. Det vert klart når dei fortel om aktivitetane sine. Forteljingar er difor nyttig. Dei kan bidra til naudsynt kontekst når ein vil forstå kva kvistgjengaren sjølv forstår av fenomenet. Alver og Selberg skildrar kvifor forteljingar kan verte nytta som eit svar på spørsmåla:

I stor grad besvares spørsmål med fortellinger, særleg når det dreier seg om

³¹ Berger og Luckman, 2000: 42

forestillinger og holdningar som kan være vanskelig å ta stilling til. De blir heller konkretisert gjennom en fortelling om en personlig opplevelse; «... men jeg skal fortelle deg en historie», sier mange når de ikke riktig vet om de tror på noe.³²

Gjennom forteljinga gir informanten sitt bilet på røynda, hans måte å sjå på fenomenet på, hans ord og utrykk. Somme forteljingar fortel det same, men forklaringa er ulik. Det betyr at kvistgjengarar er del av ei kollektiv forståing, medan dei framleis har ulike røyndomsoppfatningar. Frå forteljingane og forklaringane eg har fått vil eg visa til to ulike kvistgjengarar, og kasta lys over ei kollektiv røyndomsoppfatning i *Norsk Kvistgjengerforening*, men eg vil òg syna at kvistgjengarar har andre røyndomsoppfatningar enn den kollektive.

Likskap mellom kloke folk og kvistgjengarar

Bente Alver og Torunn Selberg (1992) skriv om *kloke folk*, i ""*Det er mer mellom himmel og jord...*" Folks forståelse av virkeligheten ut fra forestillinger om sykdom og behandling". Viktig for dei var å vektlegga forteljingane til både kloke folk og deira pasientar. Dei seier om det å vere «klok»:

Man kan ikke lære å bli «en klok». Man *er* det eller er det *ikke*. Men er man det, kan man bli bedre enn det man var. Kunnskapen om sykdom og behandling har de kloke fra den folkelige tradisjon, men også fra pasientenes fortolkning av sine egne sykdomsopplevelser. De kloke oppfatter seg selv som medier for overnaturlige krefter, og ofte som utvalgte til å være sykdomsbehandlere. Det er viktig at miljøet rundt dem deler denne oppfatningen.³³

Informantane eg har snakka med, samt skriftlege kjelder, syner at ein kvistgjengar må ha *evna* til å «gå med» eit *intuitivt søkjereiskap*. Det er fleire kjende kloke som har nytta intuitive søkjemetodar, med eller utan eit reiskap. Den legendariske kloke Vis-Knut (Knut Rasmussen Nordgarden)³⁴ vert ofte nemnd i magasinet Kvistgjengeren. Han brukte ikkje ynskjekvist men «såg» vatnet renna under jorda. Vis-Knut kunne lækja på uforklarleg vis, lesa tankar, finna bortkomne dyr og menneskje samt vatn og metall.³⁵ Kvistgjengarar kan nytta intuitive søkjemetodar til «litt av kvart», slik som Vis-Knut. Dei kan ta

³² Alver og Selberg, 1992: 41

³³ Ibid: 58

³⁴ Arvid Møller, 1980

³⁵ Ibid: 188-189

kontakt med, og kommunisera med «sjeleaspekt». Dei kan, peila etter elg på jakt, og finna att gløymde eller stolne saker og ting.

Som kvistgjengar kan ein alltid verta betre, det trengst mykje erfaring for å stola på dei resultata ein får. Når ein går for å finna vatn, så stiller ein seg spørsmålet: er det vatn her? Når reiskapen svarar ja, så er det intuisjonen din som opnar for svaret, at her er det vatn. Ein kan søkja etter mange slags materielle fenomen, det vanlege har vore å finna vatn eller ulike metall.³⁶ Ein kan søkja etter ting som har vorte vekke, eller stolne. Det er nokre som kan søkja frå store avstandar, eller over eit kart.³⁷ Dette liknar dei kloke sin metode for *fjernbehandling*.³⁸ Det er ulike metodar for ulike søk, og mange finn ut av det aleine, eller saman med andre kvistgjengrar. For mange er det kreativiteten som set stoppar for kva ein kan søkja, og sidan det er spådomsreiskapar kan ein få ja/nei svar på alle spørsmål. Men eg lærde at eg ikkje skulle spørja om død og framtid.

Det er viktig for ein lokal kvistgjengar å verta akseptert i lokalsamfunnet. Det er som alltid; ein vil verta akseptert for den ein er. Eit eksempel er til dømes forteljingar som åtvarar mot såkalla vandrande kvistgjengrar. Dei lokale har meir å risikera, for dei vert verande. Kvistgjengaren veit han skil seg ut frå dei andre i lokalmiljøet, og det kan majoriteten utnytta ved å skapa rykte om han.

I definisjonen av ein klok er det kanskje ei side som ikkje kvistgjengaren samsvarer med til punkt og prikke. Ein kvistgjengar ser seg sjølv som ulik andre, men det er ikkje sikkert at han eller ho oppfattar seg som medium for overnaturlege krefter. Kanskje er dei nærrare medium for naturlege krefter?

³⁶ Arvid Møller, 1980: 189

³⁷ Kvistgjengeren, nr 21, 2009: 5

³⁸ Alver, Fjell og Ryymin, 2013: 46

Forskingsetikk

I denne delen av kapittelet skal eg ta for meg dei etiske utfordringane eg møter i feltarbeidet, samt i analysen til denne masteroppgåva. Sidan eg har samla sensitiv persondata om andre si tru³⁹, er prosjektet er meldt til Norsk samfunnsvitskaplig datateneste (NSD), personvernombodet for forsking.

Dersom ein samlar sensitiv persondata må ein senda eit meldeskjema, for kva og/eller kven det er ein skal forska på og korleis. Personopplysningslova reknar følgjande for sensitive felt. Det som har å gjere med

- a) rasemessig eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning,
- b) at en person har vært mistenkt, siktet, tiltalt eller dømt for en straffbar handling,
- c) helseforhold,
- d) seksuelle forhold,
- e) medlemskap i fagforeninger

Eg har samla data av både filosofiske og religiøse oppfattingar – eller oppfatningars som kanskje har ein filosofisk og religiøs dimensjon. Desse oppfatningane fortel om informanten sin livsverd, og det er ikkje sikkert han eller ho er interessert i at alle skal ha eit innblikk i den verda. Det krev at forskaren er særleg varsam.

Det eg vil diskutera er ulike etiske problem knytt til anonymitet og informert samtykke. Eg vil drøfta om informanten verkeleg veit kva eg nyttar det til, det materialet dei gir meg. Eg vil også drøfta det problematiske med avidentifisering og anonymitet.

Informert samtykke

Kvar av informantane mine har skrive under på ein samtykkeerklæring (sjå vedlegg 1). Det er her snakk om *informert samtykke*.⁴⁰ Det vil seia at dei har fått informasjon om kva det dei har fortalt, skal nyttast til. Informasjonsbrevet har

³⁹ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-04-14-31>

⁴⁰ Alver og Øyen, 1997: 109-117

vorte godkjend av personvernombodet, og godkjenninga er med som eit vedlegg til masteroppgåva. (sjå vedlegg 2)

Samtykket er gitt for intervjeta eg har gjort, samt den deltagande observasjonen eg gjorde under kurset på Hadeland. Eg vil byrja med å diskutera intervjeta, deretter deltagande observasjon.

Det som er usikkert er om informanten vert informert godt nok slik han/ho forstår kva eg skal nytta empirien til, sjølv etter dei har lese og signert det informerte samtykke.⁴¹⁴²

Det er umogleg å sjå for seg kva dei analytiske perspektiva avdekkjer før ein har byrja feltarbeidet, og det kan tenkast at ein må gjera nokre samanlikningar som trår inn på eit sensitivt felt for informanten. Det kan reknast som sensitivt for dei to hovudinformantane, både korleis eg analyserar dei i portretta eg har skrive, samt korleis eg vil nytta portretta i analysekapittelet.

Eg har skrive på samtykkeerklæringa at informanten skal godkjenna informasjonen i intervjuet. Men i ettertid har eg saman med rettleiarar, avgjort at det er betre om eg får ei godkjenning på portrettet i staden. Då kan dei godkjenna korleis eg har brukt informasjonen dei har gitt meg og ikkje berre informasjonen sett for seg sjølv.

Det eine portrettet har eg skrive med eksempel frå deltagande observasjon. Katrine Fangen tek for seg det informerte samtykket i relasjon til denne metoden. Ho meiner og at det kan være vanskeleg for informanten å førestilla seg korleis informasjonen deira vert analysert. "Selv om du informerer åpent om dine hensikter, og de som er gjenstand for forskningen, samtykker i at du studerer dem over tid, så kan du oppleve at de føler seg misbrukt når studien skal publiseres."⁴³ Ein måte å unngå dette problemet på, er at forskaren deler informasjonen sin undervegs, slik at informanten betre kan forstå kva forskaren legg vekt på.

⁴¹ <https://www.etikkom.no/forskingsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>

⁴² Tove Fjell, 2007: 107-110

⁴³ Katrine Fangen, 2008: 153

Katrine Fangen tar òg stilling til det å visa informanten delanalysar. "I visse tilfeller er det hensiktsmessig å åpne for at forskningssubjektene kan ta aktivt del i hele prosessen ved å lese feltnotater, intervjuutskrifter og senere tolkninger, og selv komme med egne vurderingar av materialet."⁴⁴ Eg har ikkje vist notat, eller transkriberte intervju til nokon av informantane mine. Eg har lagt vekt på å notera meg det dei gjere. Eg har aldri spurt nokon om dei kunne visa meg noko utan at dei sjølv tok initiativ til det.

Anonymitet

Når ein gir datamaterialet anonymitet, så betyr det å ta personidentifisert informasjon ut av teksten. I dette feltarbeidet har hovudinformantane godkjend å bruka sine eigne namn. Informantane mine kan ikkje anonymiserast på grunn av at dei er offentlege personar ute i forskjellige media med den same informasjonen eg nyttar, difor ville dei lett kunne gjenkjennast av andre ut frå deira personlege meiningar.

I samtykkeerklæringa skreiv eg at informantane skal vera anonyme, så langt det lar seg gjera. På kurset fortalte eg at dei som eg noterte noko om, måtte skriva under på det informerte samtykket for å gje meg løyve til å nytta informasjonen. Då forsikra eg meg at informantane måtte ha hatt kontakt med meg, før eg kunne nytta dei som informant. På den tida visste eg ikkje at foreininga hadde nett i overkant av 30 blad der medlemma sjølve publiserte artiklar (og liknande) med eige namn. Informasjonen i *Kvistgjengeren* er offentleg, og difor kan informantane identifiserast gjennom å skriva i bladet. I forklaringar og forteljingar ville det vore veldig enkelt å identifisera mange i foreininga med det dei har fortald meg, og det dei har skrive i medlemsbladet. Dei personane eg skildrar i oppgåva som var på kurset omtalar eg med deira rette namn, dersom dei har publisert noko i *Kvistgjengeren*.

Når dei ikkje vert anonymiserte i teksten, må eg vera varsam med kva ord og omgrep eg nyttar for ikkje å bryta avtalen om korleis informasjonen vert arbeida med. Om eg forstår informanten vil eg greia å tenkja meg til kva assosiasjonar han ikkje kjenner seg att i, og unngå å krenkja han. Eg gir informanten eit løfte

⁴⁴ Katrine Fangen, 2008: 155

om *konfidensialitet*. Bente Alver forklarar kva det løftet betyr:

(...), at en bestemt information begrænses til den eller dem, der har fået adgang til den. Der er vigtigt, at informanter har fuld tillid til dette forhold. Vigtigheden skærpes med graden af forskningstemaets sensitivitet, med hvor utsat den, der forskes på, er, og også med, hvor utsat forskeren selv er.”⁴⁵

Eg må respektera løftet om at eg ikkje skal setje dei i eit ljós dei sjølve ikkje kjenner seg att i. Det er òg med tanke på framtidige prosjekt. Når det kjem til kor utsett informantane mine er, så verkar det for meg at det er noko dei bekymrar seg mindre for enn eg gjorde i starten.

Jakob valde sjølv å ha sitt eige namn i teksten, men i forteljingane hans er det namn på tredjepersonar som ikkje veit om at dei vert omtala. Eg har ikkje eit informert samtykke frå desse personane og må då avidentifisera dei.

Intervju, arkivstudier og observasjon fører gjerne til at forskeren får informasjon om langt flere personer enn dem som står i fokus for studien. Forskningen kan få virkninger for privatliv og nære relasjoner hos personer som ikke selv inngår i forskning, men som trekkes inn som nærstående til informantene.⁴⁶

Difor har eg vald å skriva portrettet av Jakob utan å bruka stadnamn frå Voss, eller namn/kallenamn, på personar. Slik vert ikkje 3. personar direkte kopla til forteljingar frå akkurat den garden, hytta eller bustaden, men framleis indikerer det at eksempelet er frå bygda Voss.

Dersom Jakob og Gaute hadde vore utan identifiserande informasjon i denne teksten, ville det ikkje vore mogleg å gjere den same analysen. Det kan ikkje vera tvil om at me ofte tapar mykje ved å anonymisera ein tekst. Bente Alver seier:

Anonymisering gör det vanskeligere at kombinere forskellige kildetyper, at sætte ting i en nuanceret kontekst, at bruge mundtlige citater i tekst, at bruge billeder, at kontrollere forskningsresultater og at opbevare original forskningsdokumentation, der ligger på elektroniske medier. For informanternes vedkommende vil en konsekvens af anonymisering kunne være, at de bliver gjort ansvarlige for bestemte holdninger, meninger og vurderinger, der kommer frem i forskningsrapporten, og som det enkelte individ slet ikke

⁴⁵ Bente Alver, 2013: 19

⁴⁶ <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/B-Hensyn-til-personer-5--19/11-Hensynet-til-tredjepart/>

ønsker at stå ansvarlig for”⁴⁷

Men det er ikkje mogleg å anonymisera Gaute og Jakob. Gaute har publisert omlag all informasjon i *Kvistgjengeren*, og Jakob har til dømes vore aktiv med på å kontakta lokalavisa for å få det dokumentert då brønn nummer 500 vart laga. Difor kan eg nytta deira personlege forteljingar om opplevingar dei har hatt med ynskjekvisten, med munnlege sitat. Det som er viktig å tenkja på i dette arbeidet er kva kontekst det vert sett inn i.

⁴⁷ Bente Alver, 2013: 20f

Kapittel 3

Ynskjekvisten i historisk perspektiv

I dette kapittelet skal eg belysa korleis ynskjekvisten har vorte nytta gjennom tid. Eg vil kort sjå på tidleg nytid (1500-1700-talet) samt dei få referansane til ynskjekvisten og pendelen som eg har funnet, frå før 1500-talet. Etter det vil eg meir grundig gå over på 1800-talet og fram til i dag. I avsnittet om tidleg nytid tek eg utgangspunkt i Einar Sigmund si bok – *Ønskekvisten og dens mysterium* (1947). I delkapittelet om 1800-talet nyttar eg Norsk Folkeminnelags skrifter. Det første bindet i serien kom i 1923, og det er tenkjeleg at minna som vart samla strekk seg tilbake tre generasjonar (om lag 100 år) til fyrste halvdel av 1800-talet. Det siste bindet eg har nytta er nummer 98 som kom i 1966.

På 1900-talet vart det skrive bøker i Noreg, som tek for seg korleis ein kan laga seg ein ynskjekvist, samt metodar for utøving. Desse bøkene er skrite av personar som sjølv trur på ynskjekvisten, og nokon av dei nyttar den sjølv. Tekstane deira er farga av personlege meininger, og eigne interesser. Dei viser seg likevel særslig nyttige for å forstå korleis *kvistgjengarar* på 1900-talet brukte ynskjekvisten, og korleis miljøet vaks og byrja organisera seg. Dei seier også mykje om korleis kvistgjengarane forstår seg sjølve og si eiga verksemd. Eg lyt òg nemna at alle desse bøkene har vore anbefalt litteratur i *Norsk Kvistgjengerforening*. Eg vil særleg gå inn på metodar og utstyr som vart nytta i denne perioden, slik dette er skildra i den nemnde litteraturen.

Dette kapittelet vil tidsmessig strekka seg til 2000. I 1999 vart *Norsk Kvistgjengerforening* etablert.

Tidleg nytid

Einar Sigmund startar boka si med eit kort kapittel om ynskjekvisten i litteraturen i tidleg nytid (1500-1700-talet). Han seier til innleiing at det ikkje er mykje å greia ut om ynskjekvisten i middelalderen. Sigmund har truleg rett når han grunngjev det med at "Det var jo geistlige menn, munker og prester, som den gang skrev bøker, og de har vel sett på kvisten som noe djevelskap, slik som det

så ofte gikk når folk den gang støtte på noe som de ikke skjønte.”⁴⁸ Sigmund argumenterer vidare med at ”Luther fordømte såleis ynskjekvisten som et djevelsk redskap og sa at det stred mot de ti bud å bruke den.”⁴⁹ I Nils Gilje si bok – *Heksen og humanisten* (2003) – fortel han om at Luther i sitt skrift, *En forklaring av De ti bud* (1518), listar opp *folkeleg magi* som synd mot det fyrste bod, blant anna dei som nyttar ynskjekvisten.⁵⁰

Luther gav ynskjekvisten ein plass i folkeleg magi, som eit reiskap brukta av ein ”kloke folk”. Gilje seier at i Luther sin forklaring vender han ”seg mot de fleste kjente magiske praksiser innenfor folkekulturen, og han gjør det klart at bak disse tilsynelatende uskyldige handlingene spørker Djævelen.”⁵¹

Einar Sigmund fortel at ynskjekvisten i middelalderen berre vart nytta til metallfinning. Fyrst i år 1568 har han funne ei kjelde der ein munk skal ha nytta kvisten til å finna vatn.⁵² ”Men ellers er det gjerne en fransk adelsmann Beausoleil som omkring år 1630 sies først å ha oppdaget – eller rettere gjenoppdaget – vannfinnekunsten med kvist.”⁵³

Max Weber meine at etter tidleg nytid vert verdsbilete *avfortrylla*⁵⁴, men eg vil visa med utgangspunkt i empirien frå 1800-talet at folkekulturen framleis har magiske trekk, og at noko av den heng ved lag langt opp mot vår tid.

1800-talet

I *Norsk Folkeminnelags skrifter* vart det samla folkeminne frå Noreg som strekk seg tilbake til om lag år 1840. Minna som er samla er oftast frå folk som ikkje nytta ynskjekvisten sjølv, men som på ulike måtar kjenner til reiskapen. Til dømes har dei hørt om ynskjekvisten, eller sett nokon nytta den. Det finst mest empiri om ynskjekvisten i dei 50 fyrste binda av NFL. Eg har òg funne to seinare bind med forteljingar om ynskjekvisten.

⁴⁸ Einar Sigmund, 1947: 12

⁴⁹ Ibid: 13

⁵⁰ Nils Gilje, 2003: 195

⁵¹ Ibid: 195

⁵² Einar Sigmund, 1947: 15

⁵³ Ibid: 15

⁵⁴ Nils Gilje, 2011: 58

I *Norsk Folkeminnelags skrifter* vert det sagt at ynskjekvisten er ei vidareføring av pendelen, som vert skildra som eit spådomsreiskap, nytta i middelalderen til å finna metallårer i fjellet. Slik vert det fortald:

I en Artikel i Skilling-Magazin for 1869, S. 449 fl. overskrevet «Abbé Paramelle (Af M. D.)» findes følgende: Ønskekvisten indtag stor Rang gjennem Tiderne helt ned til vore Dage. Ved den skal Kilder kunne paavises i Jordens Skjød. Ønskekivistens Historie synes nøje knyttet til Historien om de magiske Pendelsvingninger, som i nyere Tider har fundet en Fortsættelse i Borddans og Aandebanken. Pendelsvingen brugtes i Middelalderen blandt Andet til at opdage metalførende Aarer i Jorden. Til den Ende fastgjordes en Ring i en Traad eller er Haar og holdtes f. Ex. i et glas, mod hvis Vægge den slog av, naar den rigtige Retning fulgtes.

Og nu meddeler han, at Ønskekisten, hvis Adapter har udbredt sig over hele den civiliserede Verden, og hvis Spor gjenfindes hos de fleste ligesaa overtroiske som regn- og vandrængende afrikanske Folkestammer, antoges at sættes i Bevegelse ved electriske eller magnetiske Virkninger, en Mening, der har holdt sig længe, efterat det er godtjort, at Svingninger fremkaldtes ved ubevidste Muskelbevægelser hos den, som anstiller Forsøgene.⁵⁵

Pendelen og ynskjekvisten vert her sagt å vere nøye bunde til forteljinga om dei magiske pendelsvingingane. I sitatet vert ynskjekvisten sagt å kunna påvisa kjelder i jorda, og at pendelen vart nytta til å finna metallårer i jorda i middelalderen, slik vert dei to søkjereiskapane samanlikna. Dette sitatet er fyrste staden eg finn teoriar om elektrisitet, og magnetisme. Sitatet viser òg at det finns førestillingar om at det er ubevisste muskelsamantrekkingar som framkallar svingingane i pendelen. Dette kan minna om teorien om muskelautomatisme, som eg skal ta for meg i avsnittet om 1900-talet.

Pekestikke er det mest vanlege namnet på ynskjekvisten i *Norsk Folkeminnelags Skrifter*. I bind 18 vert det vist til at "Ogsaa hos F. Magnusen, Edda I, 203 hedder den «Ønskevaand» eller «Pegestikke». Magnusen antager, at «Troen paa den nedstammer fra Oldtidens Tro paa Tryllevaand elle Hexekjeppe, som have været kjendte i «alle Folks Myther og Overto»."⁵⁶ Vidare følgjer det ei strofe, som òg

⁵⁵ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 34: 98-99

⁵⁶ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 18: 47

Sigmund har med i si bok. Sigmund meinar at det ikkje er godt å seia om denne tryllekvist er det sama som ein ynskjekvist. "Helt urimelig er det likevel ikke."⁵⁷

Til holet jeg fôr
og til friske tre
tryllekvist å treffen
tryllekvist jeg traff

Det er klart i frå første bind i *Norsk Folkeminnelags Skrifter* at ein har tenkt seg at ulike tre har ei kraft som nokre kan nytta seg av. Trua på krafta i trea vert sagt å stamma frå ei førkristen tid. Til dømes hadde bærtre unike eigenskapar: "(...) alle Bær-trær sees i Folketro og Sædvaner i Sverige at være tillagte en særege Hellighed (Wär. I, 312 og 313)."⁵⁸ For å ete bæra frå trea måtte ein beskytta seg ved å seia ein formel⁵⁹ tre gonger, utan ville djevelen eller huldrefolket springe opp av jorda kring bærtreet og dra deg ned i bakken.⁶⁰ Vidare vert det forklart at i kvadet har trua på Tor og hammarsteiknet vorte bytt ut med trua på korset si makt og treeininga. Med andre ord at ynskjekvisten stammar frå ein folkeleg førestillingsverd før kristendommen vart innført.

Når det gjeld det å skulle skaffa seg ynskjekvist så syner det seg å vere skilnadar i førestillingane om tresortar, om korleis treet veks til, og når og kvar kvisten vert funne eller henta. Dette vil eg gje nokre eksempel på. "Den som heve Pekestikka, kann finna Skattar. Da er ein Kvist, som veks tvert igjenom eit Tre."⁶¹ I denne kvisten har det samla seg ei kraft i det at kvisten veks igjennom heile treet. På same måte er det med eit flog-tre⁶². "En Flogrogn skal nok ogsaa bruges til den saakaldte «Ønskekivist» eller «Pegestikke» hvormed Skatte søges."⁶³

⁵⁷ Einar Sigmund, 1947: 13

⁵⁸ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 18: 41

⁵⁹ Jeg spiser af Enebær blaa
med Jesu kors oppaa;
Jeg spiser Tytebær rød
med Jesu pine og Død.

⁶⁰ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 18: 42

⁶¹ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 1: 176

⁶² Eit flog-tre veks opp frå stamma til eit dødt, eller avhogd tre.

⁶³ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 18: 47

Det vert ikkje nemnd ein einaste ynskjekvist som er laga av noko anna enn tre i *Norsk Folkeminnelags Skrifter*, men tresorten kan variera etter kva det er ein søker etter. Ein stad er det foreslått at ein må nytta vier om ein skal finna vatn⁶⁴, ein annar stad står det at ein må nytta hassel om ein søker skattar og at den må skjærast av når det er fullmåne⁶⁵. Det siste eksempelet er eit ritual for når kvisten kan lagast, men det finst òg eit eksempel på kvar den kan hentast. Ritualet i sitatet under syner at det å skaffa seg pekestikka vart rekna som ein del av den magiske førestillingsverda og kan assosierast med svart magi.

Ved skattegraving hjälper man sig ved «Pehestikken», der altid viser didhen, hvor skjulte Skatte ligge. Den faaes ved 3 Aftener efter hinanden at banke paa Kirkedøren; tredje Aften faar man den af en Person, som kommer ud af Kirken (Eker).⁶⁶

Denne skildringa av ynskjekvisten tek kraft frå eit magisk ritual. Det er ikkje spesifisert kva tresort det dreier seg om, eller om veksthøva til treet. Det som er viktig er å banka på kyrkjedøra om ettermiddagen i tre fylgjande dagar. Personen som kjem ut av kyrkja er truleg djevelen. "Den sorte magi indbefatter for det første alt, hvad der har med djæveleg at gøre."⁶⁷ Den som får pekestikka på denne måten måtte truleg slutta pakt med djevelen, og dette vart sett på som *trolldom*. "*Trolldom er sort magi, men ikke al sort magi er trolldom*" hevdar Bente Alver.⁶⁸ Svart magi kan òg skje i forbindelse med andre mørke krefter i denne førestillingsverda. "De døde kan være et sådant kollektiv af mørke og farlige kræfter, og de underjordiske *kan* være inde i lignende forestillinger"⁶⁹

Det er ritual kring skattegraving som minnar om førestillingar om djevelen og huldrefolket når ein et av bærtre, eller finner skattar.⁷⁰ Eit slikt ritual er at når ein ser skatten, må ein kasta stål over den så den ikkje forsvinn.⁷¹ Eit anna ritual er at skatten har form av ein hund, og at i det ein ser dyret må ein gripa det i

⁶⁴ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 25: ??

⁶⁵ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 39: 17

⁶⁶ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 47: 119

⁶⁷ Alver Bente, 2008: 46

⁶⁸ Ibid: 46

⁶⁹ Ibid: 46

⁷⁰ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 18: 45

⁷¹ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 47: 118

halen og då vert det forvandla til ein pengekjele.⁷² "Man vil faa se mange Syner; men man maa ikke se op, heller ikke tale. Ser man op, synes Gaarden at staa i lys lue. Løber man da fra Stedet eller taler, skjuler Skatten sig".⁷³ At garden "synes" å stå i "lys lue" forstår eg som at den ser ut til å stå i brann, slik at når ein spring for å sjå, er alt i orden, men skatten er vekke. Det var viktig å ikkje laga lyd, når ein søkte skattar. For då ville ikkje skattegravinga lukkast, og truleg kunne det òg føra med seg at noko uvanleg kunne henda.

Eldre førestillingar om skattegraving er knytt til «mørke makte». Slike førestillingar om skattegraving ser ut til å ha smitta ut over på ynskjekvisten. Eg har ikkje funne eksempel på korleis kvistgjengaren ville gjort det, men ut i frå tradisjonsmaterialet tenkjer eg det gjekk for seg som skildra i avsnitta over. Til dømes er det tenkjeleg at det var viktig å vera taus for å styrka magien.⁷⁴

Når det kjem til kven som kan nyutta ynskjekvisten, er det vanleg at ikkje alle får det til. "Det er også mange som får «kløfta» til å gå, men like mange kjenner ikkje liv i det heile."⁷⁵ I dei nyare binda, 87 (1961) og 98 (1966) av *Norsk Folkeminnelags skrifter* er det to eksempel på ynskjekvisten. Det eine er ein klok person, Gunder Børja, som blant anna nyutta ynskjekvisten. "Dom sa at han Gunder kunne laga pekestikke, som kunne finne att støline saker, men å mye sant det er i det, veit je itte – sa ho Marie Delbekk (f. 1858)"⁷⁶ Formuleringsa til Marie i denne teksten seier at krafta ligg i pekestikka og ikkje i personen. Om ein nyttar kvisten som veks igjennom eit tre eller den som Gunder Børja har laga, har kvisten fått krafta frå opphavsstaden eller frå skapingsprosessen i staden for at «evna» til å finna det ein søker etter, ligg i personen.

I NFL bind 87 (1961) er det skildra metodar folk hadde til å finna vatn med ynskjekvist. Her vert namnet *kløfta* nyutta på reiskapen.

Både i gammal og nyare tid har ønskekvisten vori nyutta til å finna sikre vass-årer med. Det er eit eldgammalt og sikkert hjelpereiskap når folk står ibeit

⁷² Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 47: 118

⁷³ Ibid: 118

⁷⁴ Bente Alver, 2008: 47-48

⁷⁵ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 87:152

⁷⁶ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 98:126

for å finna brukande vatn til huset. Både gamle og unge går med kløfta.⁷⁷ I desse eksempla vert personane som nytta ynskjekvisten kalla for "vasskallane", og dei kunne seia kor djupt vatnet låg⁷⁸. Det er to metodar som er forklart her.

Ein gammal kall sa det slik: Kløfta slår eit slag opp for kvar alen det er nedpå åra. Rett over åra står ho rett opp.

Ein annan sa: Eg merkje meg der kløfta gjer først utslaget. Så langt som det er frå den staden og dit kløfta går hardest – så djupt er det nedpå åra.⁷⁹

Desse førestillingane og framgangsmåtane vil eg koma til i neste delkapittel når eg tek for meg kjelder frå 1900-talet. Desse førestillingane er noko av det som heng igjen frå 1800-talet ut på 1900-talet. Den store skilnaden er at på 1900-talet har folk andre oppfatningar enn folk på 1800-talet av for eksempel kvar og når kvisten vart skaffa, kva treslag, og korleis treet veks fram.

1900-talet

På 1900-talet er det ei rad endringar i førestillingane folk har om ynskjekvisten. Det vert vist ved fleire høve i bøker og tekstar. Dei fire tekstane eg har sett på er skrivne av S. Hasund, *Studium av ynskjekvisten* (1921), Einar Sigmund, *Ønskekivist - og dens mysterium* (1947), John Haugland, *Fjorten år med ønskekisten* (1963) og Trond Winje, *Ønskekisten - Søking med kvist og pendel* (1983).

Boka frå 1963, *Fjorten år med ønskekisten*, er skriven på ein annan måte enn dei andre. Denne boka er personlege forteljingar og erfaringar om korleis ein person har nytta kvisten i fjorten år. Denne boka er skriven for å dela erfaringskunnskap eller *handlingsbåren kunnskap*.

Hasund har studert bruken av ynskjekvisten, og har gjort fleire eksperiment med mange kvistgjengrar og ulike kvisttypar. Det vert presentert forsøk av ulike typar og analyserte resultat for å overbevisa vitskapen om at det burde forskast meir på ynskjekvisten. Trond Winje og Einar Sigmund har skrive bøker med historisk perspektiv, om bruk før og no.

⁷⁷ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 87:152

⁷⁸ Ibid: 152

⁷⁹ Ibid: 152

Sigvald Hasund sine teoriar

I 1921 skreiv professor S. Hasund *Studium av ynskjekvisten i Meldinger – fra Noregs landbrukskole*. I introduksjonen til studien ser ein klart ein haldningsendring i høve til 1800-talet, og utviklinga av eit meir sekularisert og vitskapleggjort verdsbilete der det er mindre plass til magi og uforklarlege fenomen. Avsnittet under er innleiinga til Hasund, og der visar han med ein gong sin ståstad som vitskapsmann. Han legg vekt på at han ikkje skal ta for seg overtru, men derimot reint praktisk bruk av ynskjekvisten:

Når eg tok det gamle stridsemnet ynskjekvisten upp til prøving, var det sjølvsagt først og fremst av praktiske umsyn. Ynskjekvisten er eit so ålment nyttå reidskap at vi kann ikkje vera uvitande um han; og etter det eg har set, er kvisten til og med eit so nyttigt reidskap at vi har ikke råd til å vera uvitande um han. I lang tid har vitskapen helst avvist all tale um 'kvisten' med den påstand at vassfinning med kvisten er berre ovtru og misstyding, og i denne stoda står spørsmålet i hovudsaki enno ved dei fleste av jordbrukskulane våre. Men rundt ikring i bygdene brukast kvisten av læk og av lerd til å finna vatn med, rettleg ofte av folk som er likeso kritiske og vare for ovtru som vitskapsmennene. I seinare tid har då også vitskapen atta teke til å granska dette underlege fenomenet, og det syner seg då at vitskapsmenn liksom andre må vedgå, at ynskjekvisten eller klufti er eit merkeleg godt reiskap til å finna vatn med i ei mengd tilfelle då andre midlar og måtar misslukkast.⁸⁰

Ein ser at Hasund viser til at dei som har forska på ynskjekvisten finn at reiskapen er "eit merkeleg godt reiskap til å finna vatn med i ei mengd tilfelle då andre midlar og måtar misslukkast." I "merkeleg" ligg det noko ein ikkje forstår, som stiller seg på sida av vitskapen. Det å ty til ynskjekvisten er heller ikkje det første ein gjer. I *Norsk Folkeminnelags Skrifter* står det i samband med vassfinning at "[d]et er eit eldgammalt og sikkert hjelpereiskap når folk står i beit for å finna brukande vatn til huset."⁸¹ Det at folk står i beit, tyder at dei har leita før utan hell. Men folk tyr ikkje til ynskjekvisten før dei har prøvd alt anna, ikkje før dei står i beit.

⁸⁰ Sigvald Hasund, 1921: 28

⁸¹ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 87:152

Hasund meinar at ingen kan lærast opp til å gå med kvisten, men at det er ei medfødd evne hjå enkelte. Hasund utviklar eit omgrep for folk som nyttar kvisten. "Eg kallar desse folk 'kvistmediar' eller berre mediar, fordi dei er millommenn eller mediar for ei sers undermedviti sansning og kann gje denne sansningi uttrykk på ein sers måte og ved uvanlege midlar."⁸² Omgrepet medium er i denne samanheng jamfør med 1920-åras "spiritisme". Han nyttar altså i nokon grad spiritismens språk. Hasund meinar at kvistgjengeri og bordbanking krev same evna. "Vi har so mykje større grunn til å setja ynskjekvisten og bordbankingi saman, fordi det viser seg at dei som får bordet til å banka, dei får oftast ogso kvisten til å »gå«."⁸³ Det vil sei at Hasund meina at kvistgjengarar kan kontakta ei åndeleg verd.

Einar Sigmund nyttar Hasund sine undersøkingar i si bok, og går nærare inn på omgrepet kvistmediar. Sjølv nyttar han omgrepet *kvistgjengar*. Sigmund reknar med at om lag 85% av alle menneske ikkje har evna til å få utslag med ein ynskjekvist. Ei gruppa på 10% av menneske er vanlege kvistgjengarar, medan dei resterande 5% er det han kallar "de ekte kvistmedier"⁸⁴. Dei kan oppdaga vassårer utan ein reiskap, slik eg har nemnd at den kloke Vis-Knut kunne det.

Hasund utførte forsøk med fleire kvistgjengarar med våte og tørre kvistar, med og utan fotty, med og utan gummibelegg rundt kvisten, og i ulike handgrep. I forsøka med våt kvist visste ikkje kvistgjengarane at kvisten hadde lege i vatn eit døgn, og då er ikkje suggesjon ein faktor for å forklara kvifor kvistgjengaren trur at kvisten er svakare når den er vassdrucken.⁸⁵ Eg har ikkje sett nokon stad i kjelder at kvistgjengaren ikkje får utslag med sko på. Men av alle kvistgjengarar Hasund møtte på, er det i alt berre fire kvistgjengarar som fekk utslag med sko. Eit eksempel frå Hasund sine studie er mannen som trudde han fekk utslag med sko på, men "ved ettersyn viste det seg at det var hol i solen på den eine kalosjen. Han fekk heile kalosjor på seg, og då fekk han ikkje utslag meir."⁸⁶ Det er ikkje

⁸² Sigvald Hasund, 1921: 29

⁸³ Ibid: 45

⁸⁴ Einar Sigmund, 1947: 29-30

⁸⁵ Sigvald Hasund, 1921: 32


⁸⁶ Ibid: 41

alltid kvistgjengaren får dei utsлага han håpar på. Då meinar Hasund at det er ulike handgrep og stillingar som kan avgjera om ein får utslag i kvisten.

Dei fira fyrste kvistgjengarane Hasund eksperimenterte med nytta fire ulike handgrep. Fyrste grepet er i dag det mest vanlege, men det var det ikkje på byrjinga av 1900-talet: Ein går med olbogane inntil sidene og med underarmane fram. Då held ein kvisten i eit *undergrep*⁸⁷. Den andre metoden er å halda kvisten med anten *undergrep* eller *overgrep*⁸⁸ og klemma hendene inntil brystet. Det tredje grepet er å halda kvisten i eit overergrep og klemma hendene inntil hoftene: "Ein held då kvisten noko upp- og frametter og gjer rekning på at han skal slå ned, og det gjer han og. Stoda er fast og samstundes fri; det er um lag som når ein går med hendene i lumone."⁸⁹ Fjerde metoden er den Hasund skildrar som den mest vanlege, sidan det er metoden som gir dei sterke utsлага. Ein går med kvisten i undergrep, og held handbakane inntil knee eller låra. Hasund skildrar denne metoden som tvungen, at ein ikkje kan gå ikring fritt.⁹⁰ Ein går i huka stilling som illustrasjonane visar.⁹¹



Kvisten holdt foran livet med undergrep.
(Etter Hasund)



Kvisten støttes til hoftene.
(Etter Hasund)



Kvisten i knestilling.
(Etter Hasund)

Verdsbiletet og forklaringsmodellane vert meir og meir påvirka av vitskap når me nærmar oss midten av 1900-talet. Vitskapen gjorde store nyvinningar frå før og etter andre verdskrig. Hasund argumenterer mot teorien som dei fleste

⁸⁷ Ein har handflata oppover i grepet om armane på kvisten.

⁸⁸ Ein har handflata nedover i grepet om armane på kvisten.

⁸⁹ Sigvald Hasund, 1921: 38

⁹⁰ Ibid: 38

⁹¹ Dette er illustrasjonar av bileta frå Hasund, 1921: 36-38, i Einar Sigmund, 1947:35-37

vitskapsmenn står bak, at det er "muskelautomatisme"⁹² som driv kvisten. Muskelautomatisme vil seie at det er umedvitne muskelrørsler i kvistgjengaren som står bak utslaga. Når du har kvisten i spenn, så kan den tippa lettare, og den vert lettare å halda, i fylge Hasund.⁹³ Desse førestillingane er tenkjeleg det same som er skildra i ein artikkel frå 1869, der dei snakkar om slike umedvitne muskelsamantrekkingar.⁹⁴ Hasund meiner den muskelkrafta ein legg i kvisten meir er til for å stogga rørsla, men han understrekar at ein ikkje må gløyma å inkludera dei veldig vare kvistmedia som ikkje nyttar eit reiskap. For dei som ikkje nyttar ein reiskap har ikkje muskelkraft i spenn når dei går over ein utslagsstad. Det eksempelet Hasund nyttar, som kunne ha støtta muskelautomatismeteorien, er eit «medium» han skildrar som eit "uvanleg vart medium, og som høyrer til dei som får vondt i kroppen under utslaget."⁹⁵ Denne kvistgjengaren fekk krampe i hendene og i denne krampen bøygde kvisten seg ned over utslagsstaden. Krampen kunne vera så sterkt at kvisten gjekk sund. Difor nytta denne kvistgjengaren i seinare tid ein ynskjekvist av tjukk jerntråd. Men for Hasund gir fleire forsøk overbevisande belegg mot muskelautomatismeteorien, når ein fullvaksen kar knip av all si makt om kvisten og ikkje greier å stogga utslaget. Når Hasund, som kvistgjengar, sjølv gjorde forsøk med å testa teorien nyttar han ein tynn kvist, 2-2,5mm med meir. Han meiner at dei tjukke kvistane slår for lett opp om ein rører på fingrane. Kva det er som driv kvisten mot bakken veit han ikkje: "Ein kann tenkja seg at det må vera ei svær makt som driv kvisten, når han kan gå rundt i hendene under so sterkt ein friktion og muskelmotstand."⁹⁶ Denne krafta som driv kvisten gir Hasund ein forklaring til: "Men når undermedvitet har fåt vita at den det er vatn under jordyta – truleg vatn i rørsle, (...) – då vert dette inntrykket umsett til rørsle i kvisten. Dette tyder eg som ein fysiologisk process."⁹⁷

På 1900-talet er kriteria for val av treslag til ynskjekvisten ikkje dei same som på 1800-talet. Det er mange som har ulike treslag som dei nyttar, men Hasund

⁹² Sigvald Hasund, 1921: 29

⁹³ Ibid: 30

⁹⁴ Norsk Folkeminnelags skrifter, bind 34: 98-99

⁹⁵ Sigvald Hasund, 1921: 33

⁹⁶ Ibid: 31

⁹⁷ Ibid: 44

konkluderer med at det er ikkje nøye med treslaget.⁹⁸ Mange nyttar bjørk, ask eller brisk fordi dei er sterke treslag. Det varierer òg alt etter om dei nyttar friske tre eller torre kvistar. Eller så nyttar dei reiskapar i metall.

Kvistgjengarar si haldning til krafta som ligg i reiskapen vert mykje diskutert på 1900-talet. Dette kjem fram i litteraturen. Hasund skriv ikkje eit historisk, eller kulturhistorisk kapittel som Einar Sigmund og Trond Winje. Historisk bakgrunn er viktig i deira bøker. Dei skildrar blant anna mange utrykk av folketru og eldre reiskapar. Hasund kallar det overtru og vil i prinsippet finna vitskaplege forklaringar, men han erkjenner at vitskapen enno ikkje kan forklara ynskjekvistfenomenet. Sigmund og Winje skriv på ein dokumenterande måte, medan Hasund prøver å *avfortrylla* ynskjekvisten, ved å fokusera på å finna vatn og halda kvisten vekke frå anna tru.

Etter gamal folketru og gamle meldingar kann eit kvistmedium få utslag med kvisten for mange ting, han kann brukast so å segja til noko av kvart. Etter segnene skal ein kunne spora upp brotstmenn med kvisten, finna erts og metall i fjell og jord, finna gas- og oljekjeldor og fyrst og sist vatn.

I vår tid har vel dei fleste kasta over bord mesteparten av desse meiningane, og dei har halde att berre ei tru på at kvisten er brukeleg til å finna vatn med.⁹⁹

Det som held Hasund vekke frå ein fullstendig avfortrylling, er at det ikkje let seg gjera å forklara kvar krafta i kvisten kjem frå og kva den er. Men på den andre sida, kva då når ein nyttar ynskjekvisten til å finna meir enn vatn, når ein aktivt utviklar nye søkjemetodar, kan det då vere snakk om ein *gjenfortrylling*? Utover 1900-talet nyttar kvistgjengarar fleire vitskaplege omgrep om ynskjekvisten, men òg mange fleire metodar og søk etter forskjellige ting, og med fleire reiskapar.

Einar Sigmund sine idear om ynskjekvisten

Eg har alt nemnt at ynskjekvisten¹⁰⁰ går under ulike namn (peikestikke og kløft), og den ser heller ikkje alltid lik ut. Einar Sigmund fortel om korleis den Y-forma kvisten vart til: "I gamle dager var det ikke usedvanlig at man brukte en

⁹⁸ Sigvald Hasund, 1921: 35


⁹⁹ Ibid: 46

¹⁰⁰ Ikkje inkludert pendel og søkjevinklar.

ønskekivist med bare en gren. Senere anvente de to og tok en i hver hånd. Så fant en på å binde spissene av dem sammen eller kløve grenen,”¹⁰¹. Ein kløfta kvist er ein kvist som er kløyvd til midten, for å skapa to armar og for å gje den spenning. Ein klave er anten ein tynn kvist, eller metalltråd som er twinna ein gong. (Sjå bileta under, henta frå Sigmund si bok¹⁰²)



Det er ikkje alle kjelder eg har som visar til dei same namna på denne måten. Ein klave kan vere av det same materialet som ein kvist, men det er lettare å laga ein klave i metall med trådar av jern, stål, aluminium og liknande, som vist i Sigmund sin illustrasjon av jernklaven. I boka si frå 1983 kallar Trond Winje ein klave for kvist, i sin illustrasjon.¹⁰³ Det ser ut til, at sidan reiskapen er av metall og ikkje av tre, så kallar ikkje Sigmund den for kvist. Winje derimot skil ikkje mellom namna på reiskapane slik som Sigmund, men kallar desse tre metallreiskapane for kvistar.



Til illustrasjonane frå Sigmund si bok, som han har henta frå *Norsk Ukeblad*, har han detaljerte skildringar av korleis kvisten skal vere. ”Når kvisten er av tre,

¹⁰¹ Einar Sigmund, 1947: 21

¹⁰² Ibid: 21 og 25

¹⁰³ Trond Winje, 1983: 22

pleier den å ha en 30-40 cm lange armer, som er fra 3 til 10 mm tykke. Er den av metall, er armene atskillig lengre, ofte 60-80 cm, men som oftest litt tynnere, ca 2-5 mm.”¹⁰⁴ Med slike detaljar vert det enkelt for lesarane sjølve, å finna seg eit kvistemne anbefalt av dei med kunnskap om ynskjekvisten.

John Haugland sine tankar om ynskjekvisten

John Haugland var med å utvida synet på kva formål ein ynskjekvist kan ha. Til dømes at, den kan nyttast til å oppdaga farleg stråling frå jorda, og vatn under jorda. Førestillingsverda knytt til ynskjekvisten vart såleis utvida, men vitskapen har ikkje kome med nye gjennombrot som gjev ynskjekvisten plass i vitskapen sitt verdsbilete. Haugland har skrive bok om sine fjorten års erfaring med reiskapen, om korleis han vart lært, og om dei han har hjelpt med å verte fri sjukdom som ifølge han skuldast farleg stråling.

Haugland var kristen, han «vart frelst» i vaksen alder. I 1948 vart han kjend med O.D. Sundbø, ein norsk-canadiar, som hadde gjort nye oppdaginger med ynskjekvisten. Sundbø vart som ein læremeister for Haugland. Sjølv kalla Haugland seg for Sundbø sin etterfylgjar og disippel her i landet.¹⁰⁵ Sundbø si oppdaging var at virvelvindar fylgjer vassårer i jorda under åkeren. Der virvelvinden hadde vore, var kornet tvinna som tau, og der fann Sundbø vassårer under jorda. Han fann ei vassåra utanfor huset som han kunne fylja inn til husveggen og inn på soverommet til dottera si. Dottera hadde vore sjuk dei siste åra. Sundbø hadde ikkje tru på at skadane kom frå vassåra, men han flytta senga hennar vekk frå åra, og etter det vart ho frisk.¹⁰⁶ Haugland såg på Sundbø sine teoriar om, og hans erfaring med, strålingar på sovestaden, som viktig arbeid, og Haugland gjorde det til si plikt å reisa rundt i landet og halda foredrag, og dra på husbesøk for å måla opp, for å finna ut om folksov på ein stad fri for vassårer.

Haugland meinte å ha oppdaga ein metode som skjermar for strålinga. Han oppdaga at dersom han stod på ei plate av bly fekk han ikkje utslag med ynskjekvisten, men med ein gong han gjekk av plata fekk han utslag. Han fekk

¹⁰⁴ Einar Sigmund, 1947: 21

¹⁰⁵ John Haugland, 1963: 29

¹⁰⁶ Ibid: 29-30

denne ideen – om å stå på ei blyplate – frå vitskapen, frå dei isolerte røntgenromma med blyplater som skulle halda strålinga inne i rommet. Haugland vil òg forklara ynskjekvisten ut frå eit vitskapleg verdsbilete. Han argumenterer for at det er stråling som kjem frå vassåra, og difor kan blyplater skjerma mot stråling.

Trond Winje sine idear


Trond Winje har vidareutvikla omgrepene frå John Haugland si bok. Det kan ein sjå i nye omgrep som han nyttar. Han er også den fyrste i kjeldene mine som skildrar bruken av andre reiskapar enn den ynskjekvisten som vert nytta i dag. Han samanliknar pendelen og søkjevinklar. Denne samanlikninga er kjent frå *Norsk Folkeminnelagskrifter*. Her vert det som nemnd sagt at førestillingar om ynskjekvisten stammar frå førestillingar om pendelen. Winje meinat at i våre dagar er det undergrep med olbogane til sida og underarmane beint fram som er vanleg, medan hoftegrepet og knestilling høyrer til ei "eldre tid".¹⁰⁷ Skildringa av pendelen i Winje si bok er detaljert, med illustrasjonar av svingretningane for svara ja og nei. Pendelen vert framstilt som ein reiskap som framleis er i bruk. Det er nytt med Winje. Søkjevinklane er nye reiskap frå siste halvdel av 1900-talet. Dei er vorte stadig viktigare og vert no truleg nytta meir enn ynskjekvisten. Men Haugland brukte framleis kvist av tre, på femtitalet.

Søkevinklelen – eller 'kleshengerkvisten' som den også ble kalt – ble for alvor kjent da US Marines i 1966 tok den i bruk på Quantico-basen, Virginia, under ledelse av landmåleren Louis Matacia. Daværende forsvarsminister i USA, Robert McNamara, hadde etterlyst nye idéer når det gjaldt å løse meget innfløkte militære problem, blant annet å lokalisere geriljaen og den underjordiske installasjoner, våpenlagre etc. i den vitnamesiske jungel.

Louis Matacia var en framragende kvistgjener og hadde laget sitt søkeinstrument på en utradisjonell måte. En kleshenger av drøye 2 mm ståltråd ble klippet opp og brettet ut til en 90° vinkel, som vist på fig. 17.¹⁰⁸

¹⁰⁷ Trond Winje, 1983: 27

¹⁰⁸ Ibid: 27



Søkjevinklane vart truleg fortare kjende fordi dei vart nytta av sjøforsvaret i USA.

¹⁰⁹ Og det vart truleg lettare å få aksept når ein så stor og viktig institusjon nytta metoden. Det vert noko liknande når Røde Kors eksperimenterer med liknande metodar til søk i snøskred, som Winje skriv i si bok:

Her hjemme har Røde Kors Hjelpekorps' Skredkomité og Norsk Folkehjelp i de senere år gjort en rekke eksperimenter med utforminga av disse vinklene, idet de har vist tegn til å være fremragende indikatorer under søk etter mennesker som er tatt av sneskred.¹¹⁰

Same statusauke blant folk, vert det når det vert sagt at hjelpekorpsset leitar etter folk med søkjevinklar. Raude kors si forklaring er i fylge Winje, at søkjevinklane vert eit rørslevart potensiometer som gjev utslag på "forandringer i et felt av elektrisk og/eller elektromagnetisk natur."¹¹¹ Med andre ord så er det utslaga ein får i søkjevinklane når ein går over det området ein person oppheld seg. Då er det strålinga frå personen Winje meinar slår ut i søkjevinklane.

Ein ny metode som vert presentert i Winje si bok er *fjernsøkjing*. Den vanlegaste fjernsøkingsmetoden er at kvistgjengaren over eit kart, til dømes etter vatn, og at kvistgjengaren får eit vanleg utslag, på det geografiske området på kartet, der det er vatn i den fysiske grunnen. Eksempelet han nyttar er frå forfattar Kenneth Roberts som har skrive tre bøker om kvistgjengaren Henry Gross i USA. Roberts og Gross ville fjernsøkja etter vatn på Bermuda under ein alvorleg turkeperiode der.

¹⁰⁹ Trond Winje, 1983: 27

¹¹⁰ Ibid: 28

¹¹¹ Ibid: 28-29

Roberts og Gross ble enige om at Gross skulle gjøre et forsøk. Fru Gross skaffet til veie et lite kart over Bermuda og satte seg ved kjøkkenbordet med kartet foran seg. Hun lot spissen av en blyant gli langsomt fra kommune til kommune. Henry Gross stod ved siden av og fulgte blyanten med ønskekisten. Blyantspissen beveget seg langsomt fra de britiske og amerikanske flåtebasene i Somerset på vestspissen av øya, gjennom Southampton, Warwick, Paget, Pembroke, Devonshire, Smith og hovedstaden Hamilton til St. Georges på østspissen av øya.

Ønskekisten gav ikke noe utslag i Somerset, Warwick, Paget eller Pembroke, men da blyanten kom til Devonshire på østkysten, slo den kraftig ned. Kenneth Roberts refererer følgende dialog:

'Hold blyanten der,' sa Henry. Så 'spurte' han kvisten: 'Er det flere vannårer i Devonshire?' Kvisten slo ned, hvilket skulle bety 'ja'. '2?' – Ja. '5?' – Ja. '10?' Ønskekisten ble i ro, hvilket betyddet 'nei'. '7?' – Ja. '8?' – Nei. Gross trakk den slutning at det var 7 vannårer i Devonshire.

'Er det godt drikkevann?' – Ja.

'Hvor dypt under jorden er vannet? 5 fot?' – Ja. '10 fot?' – Ja. '20 fot?' – Nei. Gross sluttet seg til at den lå 15 fot under jorden.¹¹²

Dette er eit godt døme på fjernsøkjing, men også på spørsmålsrekka kvistgjengaren brukar til å granska ut vassåra han meiner å ha oppdaga. Denne typen spørsmålsrekker var truleg ikkje vanleg på 1800-talet. Dei metodane som er kjende i NFL, for å finna ut kor djupt vassåra ligg, involverte ikkje spørsmål av denne typen. Men det kan ikkje utelukkast at slike spørsmålsrekker vart nytta på 1800-talet òg, sidan ynskjekvisten vart samanlikna med pendelen som vart skildra som ein spådomsreiskap, og som difor truleg vart nytta til å svara på ja/nei spørsmål.

Forklaringsmodellen til Winje, om kvifor ynskjekvisten slår ut, er ein forgjengar til den forklaringsmodellen som vart utvikla av Norske Kvistgjengerforeningen. Denne modellen opnar opp for søk etter andre ting enn vatn og metall. Frå kring 1980 fann Winje eit nytt omgrep for reaksjonen/krafta i ynskjekvisten, *radiestesi. "radi-(stråling) estesi(følsomhet)."* ¹¹³ Forklaringa er i tråd med vitskapen, nemleg at personar kjenslevare for stråling kan oppdaga stråling frå

¹¹² Trond Winje, 1983: 60

¹¹³ Ibid: 11

vatn (og lignande) som gir seg utslag i ynskjekvisten. Radiestesi forklarer korleis reiskapen slår ut på stråling, og at personar kan vera kjenslevar for stråling, men ikkje korleis du finn den strålinga du leitar etter.

Hvis det er slik å forstå at en gjenstand, vann, mineraler eller andre anomalier (uregelmessigheter) i jordskorpen utsender svak stråling eller danner elektromagnetiske felt, ville kvistgjengeren kunne registrere alt dette ustanselig. Det gjør han ikke. Han innstiller seg og gjør en *mental avtale* med seg selv – og kvisten – om hva som søkes.¹¹⁴

Dei faktorane som spelar inn på kvistgjengaren og reiskapen er radiestesi – kor kjenslevar kvistgjengaren er – og kor sterk relasjonen er mellom kvistgjengaren og reiskapen.

Radiestesi seier ikkje berre noko om kvistgjengarar, men også om andre personar som er kjenslevare for stråling. Dei kan truleg lettare enn andre, verta sjuke av stråling frå jorda, fordi den strålinga påverkar helsa. Winje gjev ein utdjupande forklaring til Haugland sin metode for å hjelpe sjuke mot skadeleg stråling. Winje kallar eit område der det er skadeleg stråling for ei *geopatogen sone*.¹¹⁵ Dette siste omgrepet, saman med omgrepet *jordstråling*, brukar Winje for å bringa tilsynelatande vitskapelege omgrep inn i ein forklaringsmodell av krafta i ynskjekvisten.

Ernst Hartmann sitt rutenett

På siste halvdel av 1900-talet vart det forska meir enn før, blant anna i Tyskland der Ernst Hartmann skreiv verket – *Krankheit als Standortproblem* (sykdom som oppholdsstedssproblem).¹¹⁶ Kvistgjengarar meiner at den store nye oppdaginga til Hartmann var dette: Kring jordkloden er det eit rutenett av elektromagnetisk stråling, der maskevidda i rutenettet er minst(tettast) kring ekvator, og energilinene går i retning nord til sør, og aust til vest. På kryssa i dette globalrutenettet meiner Hartmann at det er skadeleg å opphalda seg. Det same er det dersom ei vassåre kryssar i eit kryss eller ei line i hartmannrutenettet. Slik Haugland ser det, er det skadeleg å opphalda seg over eit kryss av to vassårer. I

¹¹⁴ Trond Winje, 1983: 12

¹¹⁵ Ibid: 62

¹¹⁶ Ibid: 66

den Norske Kvistgjengerforeningen er det vanleg å kalla rutenettet for *Hartmannrutenett*, og ei line i nettet vert kalla ei *Hartmannline*. Det syner seg at for Winje, er det eit problem med denne forklaringsmodellen. Dersom desse energilinene dekkjer kloden, kvifor har då kvistgengrar ikkje oppdaga dei før, og kva er grunnen til at mange ikkje greidde å stadfesta desse energilinene då Hartmann presenterte forklaringsmodellen? Winje forklarar at det kan tenkast at kvistgengrar har oppdaga energilinene, men ikkje tenkt på utslaget som noko anna enn vanlege vassårer. Winje hevdar at det skal vere vanskeleg for kvistgengrar med erfaring frå før Hartmann sin forklaringsmodell å finna hartmannlinene, men for nye kvistgengrar skal det ikkje vere noko problem.¹¹⁷ I Haugland sitt tilfelle vil det seie at han har søkt etter eit farleg energikryss som han meinar at han har funne. Han har ikkje sett etter ulikskapar i energiane. I teorien vil han ikkje finna alle farlege kryss om han søker etter farlege kryss, som er sett saman av berre vassenergi. På grunn av at søket ikkje inkluderer alle former for energiliner som kvistgengrar i dag kjenner til. Men om ein søker etter eit farleg energikryss vil ein finna det sjølv om ein ikkje veit kva formar for energi dei er sett saman av. Dette handlar om korleis du skal fokusera på kva du søker, og eg vil koma tilbake til det.

Isoleringsmetoden Haugland nytta, plater av bly for å skjerma for stråling, vert hjå Winje kalla *avskjerming*. Det omgrepet vil koma også i kapitla om Norsk Kvistgjengerforening. I kvistgjengarforeininga har metoden vorte utvikla til å skjerma mot ulike typar stråling, der ein brukar bly eller andre typar materiale som isolering.

Hasund, Sigmund, Haugland, Winje og Hartmann

Frå 1800 til 1900-talet skjedde det ei endring i førestillingsverda om ynskjekvisten. Og krafta som driv ynskjekvisten fekk vitskapleggjorde utrykk, som eg har prøvd å visa til med Hasund. Han ville aktivt ta kvisten ut av ei eldre folkeleg førestillingsverd og inn i ei vitskapleg førestillingsverd. Men Hasund gjev den framleis ein plass i ei spiritistisk førestillingsverd og greier dermed ikkje å halde kvisten vekke frå magiske førestillingar.

¹¹⁷ Trond Winje, 1983: 67

Gjennom kjeder frå 1900-talet har eg prøvd å skildra ei utvikling med utgangspunkt i Hasund, Sigmund, Haugland, Winje og Hartmann. Ei utvikling ser eg til dømes i handgrepet. Sigmund og Winje skildrar ulike grep om kvisten. Winje sin skildring av undergropet er om lag identisk med det første grepet Hasund skildra.

Håndflatene vender opp, man griper om kvistens armer og lukker fingrene helt om den, slik at et par centimeter av kvisten stikker fram på utsiden av hendene.

Noen velger å tre lillefingeren innenfor kvisten, for å stabilisere den og avverge falske utslag. Overarmene henger løst og ledig rett ned (de kan også beveges), mens underarmene peker frem i så nær vannrett stilling som mulig.¹¹⁸

Den einaste ulikskapen i Winje og Hasund si skildring er at Winje meiner overarmane heng laust ned til sidene, og kan bevegast, medan Hasund skildrar det som at mannen står på vanleg måte, medan armane er klemde til sidene av overkroppen.

Sigmund og Winje har lese Hasund sin studie. Sigmund diskuterar Hasund sine eksperiment i boka si, og Winje skildrar vanlege handgrep no samanlikna med dei Hasund presenterar. Hasund er den fyrste i mine kjelder som hevdar at undermedvitet får svaret på kvar det er vatn, og at det slår ut som rørsle i kvisten.

Mange nye metodar for kva ein kan søkja etter kom til på 1900-talet, slik som avskjerminga til Haugland, Winje fortel om fjernsøking over kart, og Hartmann kom med teorien om sitt energirutenett. Siste halvdel av 1900-talet var ei tid der folkelege søkjereiskapar hadde «blømingstid». Det neste kapitelet skal ta for seg kvistgjengarane Jakob og Gaute og korleis dei forstår folkelege søkjereieskapar i dag.

¹¹⁸ Trond Winje, 1983: 25

Kapittel 4

Portrett av to ulike kvistgjengarar

I dette kapittelet skal eg fyrst teikna eit portrett av kvistgjengaren Jakob Vivås. Deretter kjem eit protrett av leiaren for Norsk Kvistgjengerforening Gaute Hadland. I kapittel 6 vil eg samanlikna dei to kvistgjengarane.

Jakob Vivås

Jakob Vivås er fødd i 1944 og er frå Voss. I dag er han pensjonert entreprenør, og han har hatt det same arbeidet om lag heile livet. Han byrja som entreprenør i 1959, med gravemaskin og traktorgravarar, for å grava tomter til folk og forskjellige andre oppdrag. I arbeidet har han nytta ynskjekvisten sidan 1962. Han er ein praktikar som fullfører dei prosjekta han er hyra til. Når vatnet er peika ut med ynskjekvisten, byggjer han brønn der, og ser til at kunden har det vatnet som han har betalt for. Kunden betalar vanleg timebetaling for entreprenørarbeidet. I det meste av entreprenørtida si, har Jakob også jobba som sprengingsekspert for Statens vegvesen.

Jakob er ein omgjengeleg familiemann med tre vaksne born. Heime har han og kona familieportrett på peishylla, og på mange vegger i stova og gangen. Alle ungane har prøvd å gå med ynskjekvisten, men ingen av dei har dei same evnene som faren. Jakob er ein person som verkar å alltid vera i godt humør, og som snakkar lett med folk. Det er i sosiale samanhengar at han fortel andre om evna si med ynskjekvisten, og det er gjennom dei samtalane, direkte eller indirekte, at han får nye oppdrag. Jakob meinat at hans suksess med ynskjekvisten skuldast ei evne som han har.

Då Jakob prøvde ynskjekvisten for fyrste gong i 1962, var han hyrt inn til eit oppdrag på Voss. Ein bonden skulle ha seg ny brønn. Bonden hadde allereie greve fire brønnar utan å finna vatn. "Og då, i den tida, så berre trudde dei at her er vatn og så byrja dei å grava, og dette vart mislukka."¹¹⁹ Bonden fekk hjelp av ein kvistgjengar. Tanken var at han skulle finna vatn som Jakob skulle byggja

¹¹⁹ protokoll, band 1: 1

brønn til.

Han kom med ynskjekvisten og så vart me einige då at me skulle gå litt lengre opp i eit dalføre imot Skutlekjødnet, att der kunne vera då oppkommer (...). Så han gjekk med kvisten og så seier han, her er vatn, her er vatn, men han kunne ikkje sei kor djupt det var eller noko sånt, men han sa her er det vatn. Og så satt me i gang å grava, og kom ned på ein cirka tre meter og der kom vatnet. Så dette var jo veldig vellukka og det vart jo ein kjempegod brønn. Så spurte eg om eg kunne få bruka kvisten hans, det var artig å prøva. Då tok eg kvisten og gjekk bort og kvisten han byrja å gå rundt i nevane på meg, og eg, eg kjende at her er vatnet.¹²⁰

Dette var som nemnt fyrste gongen Jakob prøvde ein ynskjekvist, og han fann ut at han hadde den evna som skulle til. Ikkje nok med det, han merka at kvisten snurra rundt 360 grader i nevane hans.

Han gjekk rundt og rundt og så stoppa han, og så byrja eg å tenkja om så eg tel no kor mange gonge han går rundt. Viss så her er tre meter og eg går bort på oppkomma der, og då gjekk han seks gonger rundt og då fann eg ut at for kvar gong han gjekk rundt så var det ein halv meter djupt ned til vatnet. Og det viste seg no i heila tida når eg har drive med dette framover, att ein halv meter det stemmer heilt nøyaktig.¹²¹

Når kvisten roterer ein heil gong rundt i nevane, indikerer det for Jakob at vatnet er ein halv meter ned i jorda. Det gjer at han kan velja dei vassårene som er mogleg å nå med gravemaskina. Jakob ser etter vassårer som er om lag ti meter djupt i jorda. Men det er ikkje berre det at ein må kunna nå ned til vatnet, det må òg vera ein drivverdig mengde vatn, og det må vera uforureina drikkevatn.

Jakob bekreftar for meg at det vatnet som han måler med ynskjekvisten, må vera i rørsle, det må renna under jorda, for å skapa stråling som slår ut i kvisten gjennom kroppen til kvistgjengaren. Jakob kallar det å "kommunisera"¹²² med vatnet. Kommunikasjonen frå energien i vatnet, til kroppen, fortel Jakob kor mykje vatn det er i vassåra. "... det føler eg på kroppen at her er det mykje vatn, ... Etter meir det renner, dette her, etter meir krefter er i sving mellom kroppen

¹²⁰ protokoll, band 1: 1

¹²¹ Ibid: 1

¹²² Ibid: 3

min og vatnet.”¹²³ Det vil sei at han kjenner styrken på strålinga som kjem frå vatnet på kroppen, og lese/måler av kor mykje vatn det er under jorda etter kor sterk strålinga er. I forklaringa til Jakob vert rekkjefylja på utslaget frå vasstrålinga, frå vatnet, til kroppen og så til utslag i kvisten. Men styrken på strålinga (mengda vatten) merkar han på kroppen, og djupna på vatnet målar han i rotasjonane på ynskjekvisten. Jakob hevdar at strålinga frå vatnet skapar eit magnetfelt, og i det han kjem innom magnetfeltet slår kvisten ut. Frå utslagsstaden til midtpunktet (der kvisten stoggar) målar han djupne etter kor mange gonger kvisten snurrar på strekninga. ”Nei då, å sei kor djupt det er og mengde, der har eg liksom ikkje konkurranse, eg har liksom ikkje funne han som kan sei det same.”¹²⁴

Når det gjelder å finna vatn, syner Jakob til sin eigen statistikk, som han har i hovudet: Fram til no (27.01.15) har han laga 534 brønnar. Ti av brønnane vart misslukka, medan dei resterande 524 har vatn den dag i dag. Han har bygd gjennomsnittleg ti brønnar i året. på spørsmål om korleis han har ført statistikken, gjev han eksempelet på ein kar som han laga brønn til i 1962, det første året han nytta kvisten. Denne karen har vatn den dag i dag, og har ikkje vore vasslaus ein einaste dag sidan han fekk brønnen.¹²⁵ Suksessen med alle dei andre brønnane, kan Jakob bevisa på same måte, ut frå minnet.

Jakob har mykje praktisk erfaring som entreprenør, og det viser seg godt igjen i det han kallar livsverket sitt. Ynskjekvisten er grunnsteinen i livsverket, men for Jakob er det nødvendig å ha kunnskap nok til å fullføra vassprosjektet heilt fram til brønnen står klar. Som entreprenør har han god kunnskap om jordgrunnen, og kva som gjer vatnet sunt. Livsverket kjem godt fram i ei historie han fortel om då han fann vatn på hyttetomta til nokre folk som ikkje var frå bygda. Dei hadde bestilt djupvassboring for å laga brønn. På den djupna er det hardt vatn ein finn. Det var nabokaren til hytteeigarane som anbefalte å avbestilla djupvassboringa og heller la Jakob sjå etter vatn. Jakob påpeika, i forteljinga, at eit djupvassanlegg treng to pumper, og det kjem til å kosta ein dyrt for heile anlegget. Hytteeigarane

¹²³ protokoll, band 1: 3

¹²⁴ Ibid: 4

¹²⁵ protokoll, oppfyljingsspørsmål: 6

avbestilte djupvassboringa og spurde Jakob om å koma å sjå. Då gjekk han opp i terrenget og kommenterte saka slik: "for eg seier at om så me greier å laga ein brønn utan pumpa, med trykkvatn oppifrå og det berre renn uansett om straum og noko er vekke så har dei vatn."¹²⁶ Denne historia fortel Jakob for å visa at hans metode for å finna vatn er rimeligare i pris over tid, men og at det gjev eit betre resultat. Han fann ti oppkommer med vatn til hytteeigarane og laga eit vassanlegg fri for vassavgift, med 30000 liter mjukt kjedevatn i døgeret. Det er meir enn dei nokon gong kjem til å ha bruk for. Men det treng ikkje å renna nedover for at ein skal sleppa pumpe til vatnet, for det er somme stadar det er trykk i vatnet, seier Jakob. Vassårer vert som blodårene i kroppen vår, og pressar vatnet opp til overflata:

Men det er ein ting eg vil snakka om då, og det er, oppå toppen her, no har jo eg neste bruket i Vivåslia. Vivås ligg på toppen, og der ser sånn ut. Her er toppen, ikkje nedslagsfelt, ingen ting. Å der oppå toppen (...), har eg to vassprosjekt, (...) Eg har funne vatn til begge to på høgste toppen. Det betyr att oppkommene, det er nett som blodåre. Altså, det behøver ikkje renna nedover, det vert trykt oppover. Her er pumpa, her er trykkpunktet, og så går dei (vassårene) igjennom jord og stein og fjell og dette, og så vert dei pressa ut på toppen. Og der har me funne veldig mykje vatn, me skal laga to brønnar no til våren der. Så me har greve opp og det berre renner og renner. Heila tide, uansett, så turt som det var i sumar og alt. Så det og er veldig interessant, att det behøver ikkje å renna nedover.¹²⁷

Vatnet renn gjennon stein og fjell og vert reinsa naturleg. Dette er mjukt vatn, men på større djupn, finn ein hardt vatn. Jakob fortel at ein enkel måtte å finna ut om vatnet er mjukt eller ikkje, er å sjå om såpa skummar. Om det er hardt vatn skummar ikkje såpa.

Ynskjekvisten vert ein reiskap, slik gravemaskina er det, men forskjellen er at alle som får opplæring kan føra gravemaskina, medan ein må ha ei eiga evna for å nytta ynskjekvisten. Jakob tek timebetalt, slik vanlege entreprenørar gjer det, utan nokon eigen økonomisk vinst på grunn av ynskjekvisten. Når han har eit oppdrag for nokon som treng vatn, nyttar han ynskjekvisten til å lokalisera den

¹²⁶ protokoll, band 1: 3

¹²⁷ Ibid: 6

beste staden å grava, og tek betaling for alt arbeidet til prosjektet er fullført. Slik sett er Jakob ein praktikar, som ikkje berre har evna til å finne vatnet, men òg den praktiske kunnskapen, samt reiskapen til å fullføra prosjektet. Når kvistgjengaren fullfører prosjektet frå start til slutt, vert det truleg lettare for folk å akseptera han. Om ein kvistgjengar har mange feilsøk, som fører til at andre gjer mykje arbeid til inga nytte, minkar truleg folk si tiltru til evna hans.

Ei av forteljingane til Jakob er frå 1963, og er om ein tilreisande kvistgjengar som høyrer til dei som ikkje treng ein reiskap, men som kan sjå vatnet. Dette var ein gut på 16 år, frå Austlandet. Det stod ein artikkel om han i lokalavisa Hordaland. Han var på nokre stadar i Hordaland i to dagar og hadde over hundre oppdrag, og han tok 300 kroner for kvart oppdrag. Guten vart køyrd rundt med privatsjåfør, i ein amerikansk bil. Då dei kom fram til folk, stod desse klar med pengar og ein pinne. Guten sprang så ut på jordet og fann ein stad han meinte han såg vatn, gjerne tre meter nede i jorda. Kunden slo så pinnen ned i jorda for å markera staden, og betalte guten 300 kroner. Jakob var fersk entreprenør og endå ferskare kvistgjengar den gongen, og han vart hyra til å laga brønnar der denne austlandsguten hadde påvist vatn. "Me grov med gravemaskina men fann ikkje ein vassdrope nokon plass etter han. Det var den største bløffen som har vore."¹²⁸ Guten reiste gjennom Hardanger, Ulvik, Granvin og Voss, før han skulle reisa vidare til Amerika for å finna vatn, så han hadde det travelt med å komma seg i veg.

I lokalmiljøa er byting av varer og tenester noko dei fleste ser positivt på. Den som hjelper det lokale idrottslaget, bygdeungdomslaget, og andre frivillige foreininga, på dugnad og liknande, får eit godt ord på seg i lokalmiljøet. Dei som hjelper til, får også ei god kjensle sjølve. Slik var det også for Jakob då han var med på å finna ei vassløysing til den nye skairenaen i Skutleåsen.

Eg la ned ei vekes arbeid då, eg hjelpte dei, (...), og det var jo så mange som dreiv med dugnad og hjelpte til der oppe (på skairenaen) og, så sa han det at no måtte eg senda rekning til dei og dette her, nei seie eg, (...), no er eg pensjonist og har ikkje bruk for desse her pengane, og så eg, eg støtta veldig godt idrottslaget og kva dei legg ned i jobb og alt. Ja, så det. Han Sigmund Slettemark i si tid, tenk på

¹²⁸ protokoll, band 1: 4

kva han la ned i idrottsslaget framme, i Grovebakken, og han borde og sprengde og dreiv på, han var ein sånn eldsjel. Fantastisk i idrottsslaget, nei, så, så det er kjekt å kunna hjelpa folk, det er det.¹²⁹

Denne forteljinga syner korleis han sjølv støttar det lokale idrottsslaget, på den måten som Sigmund Slettemark (min eigen oldefar) gjorde deti si tid, då han bora og sprengde, gratis, for idrottsslaget. Det er klart at Jakob likar å hjelpa andre på denne måten, til liks med Sigmund Slettemark. Det er tenkjeleg at det fins fleire andre eldsjeler Jakob kunne ha nemnd som har vore like innflytelsesrike, som ikkje er min eigen "oldebosten i Brattebakken". Men på grunn av at han snakka direkte til meg nytta han Sigmund som døme sidan eg då får eit bilet på korleis han hjelper andre lettare. Eg har høyrd frå far min, at Sigmund har nytta ein ynskjekvist for å finna vatn i tunet heime på Dalsleitet, men far min påpeikar at han ikkje hørde snakk om ynskjekvisten ofte. Jakob og eg snakka aldri noko om at Sigmund hadde dei same evnene som han.

Jakob fortel at han aldri har nytta verdsveven eller andre media for å få oppdrag, basert på evnene sine. Han kjem i snakk med folk, og ut frå samtalane gjev folk han oppdrag, om dei eller andre kjentfolk har behov for hjelp. Når Jakob forklarar dette, gjev han dømer frå reiser der han har hjelpt austlendingar og spanjolar.¹³⁰ Når han brukar eksempel frå reiser, syner Jakob at alle jobbane hans, til og med jobbane i lokalmiljø han sjølv ikkje er del av, har han fått gjennom sosiale samanhengar. Det syner at Jakob er omgjengeleg, og fortel om evnene like lett til kjensfolk som til framande. Eit omgrep som ofte vert nytta om denne typen hjelp er *nabohjelp*, men det vil eg koma meir inn på seinare.

Livsverket til Jakob handlar ikkje berre om å gje folk vatn, men om å gi dei sunt, mjukt vatn. Det vatnet som har vorte naturleg reinsa i jorda og dermed tilsett sunne og helsebringande mineralar i prosessen. Sunt vatn er ikkje den einaste måten Jakob nyttar ynskjekvisten til å hjelpa folk med helsa. Stundom undersøkjer han inne i husa til folk etter vassårer som han meinar har skadeleg verknad. Han meiner at ei vassåre som går under sengeplassen, eller annan opphaltslass, kan føra til at personen som bur der, gradvis vert sjuk. Ein vanleg

¹²⁹ Protokoll, band 1: 14

¹³⁰ Ibid: 6

metode i desse tilfella, er å ommøblera slik at ein ikkje oppheld seg på därlege plassar. Når ein ikkje flyttar møblane vekk frå åra, men stopper/avleier strålinga på ulike måtar nyttar *Norsk Kvistgjengerforening* omgrepet *avskjerming*. Sjølv nyttar ikkje Jakob dette omgrepet. Han fortel at dersom nokon har ilt i ryggen eller liknande, og dei har ei vassåre som går igjennom huset og under senga eller lenestolen, så vil han *eliminera* denne strålinga ved å "jorda" den. Han brukar ein koppartråd på om lag ein halv meter, som han set i ein bøge over der vassåra går inn, under huset, og ein koppartråd i andre enden der åra kjem ut frå huset. Slik vert strålinga mellom kopparbogane leia ned i jorda. Då har han "jorda" strålinga.

I fylzte Jakob gjev vassåra frå seg energi, i form av stråling, og det dannar seg eit magnetfelt. Metoden han nyttar har element som er henta frå moderne vitskap. Han jordar strålinga frå magnetfeltet, ved å bruka koppartråd, for koppar har best "jording". Det lokale e-verket nyttar òg koppar, og dei sponsar Jakob med koppartråd, fortel han i intervjuet.¹³¹

I språket til Jakob er det tydelege teikn på at han lever med eit moderne verdsbilete. Som entreprenør må kan ha ein viss naturvitenskapleg kunnskap, men ikkje like mykje som ein geolog. Han snakkar mykje om ulike fjell- og jordgrunnar og korleis vatnet røre på seg under bakken. To gonger i intervjuet fortel han om fyllittfjell. Jakob fortel at fyllitt "(...) er tett, råtefjell, same som me har her ute då. Og det er ikkje sprekker i fjellet, eller det gjev ikkje noko vatn, kan du sei."¹³² Dette er ikkje ein geologisk forklaring, men det er tydeleg at han har erfaring med å jobba med denne bergarten. Ei meir geologisk forklaring er at fyllitt er ein omdanningsbergart. Den vert omdanna frå leirskifer, og mineralkorna er så finkorna at det er vanskeleg å skilja dei utan mikroskop.¹³³

Jakob kan finna meir enn vatn med ynskjekvisten, som eg vil syna i dei to fyljande avsnitta. Han fortel om ein gong då han var med Røde Kors på ei skredøving. Dei grov ned personar i snøen, og etterpå gjekk Jakob med ynskjekvisten for å søkja etter dei. Metoden er tilsvarende som å finna vassåre.

¹³¹ Protokoll, band 1: 5

¹³² Ibid: 10

¹³³http://geologiskolen.uit.no/generellGeologiskolen/generell/start_generell.htm

"(...) då tek eg kroppsveskene, (...), og kommunisera med dei."¹³⁴ Som nemnd tidlegare i portrettet samanliknar Jakob vassåre med blodåre, på grunn av at vatnet somme stadar naturleg vert sett under trykk, og pressa til overflata. Når han finn kroppsveske i personar under jord og is, er det implisitt at kroppsveska er i rørsle i blodårene våre. Slik meiner han at han kommunisera med dei under snøen.

Mot slutten av intervjuet fortel Jakob at han har hatt oppdrag der han måtte finna att kablar under jorda. Metoden er tilsvarende dei tidlegare nemnde; innhaldet i kablane, om så det er vatn eller elektrisitet, må vera i rørsle for at han skal kunna kommunisera med dei. Tankjen er at det må vera ein form for energi som strålar ut og dannar eit magnetfelt. Når Jakob fortel om å finna kablar, viser han godt korleis han sjølv ser på ynskjekvisten, og korleis han vurderar kvisten i forhold til moderne løysingar.

Jadå, me hadde, (...), eit stort prosjekt på Nordsink inne på Odda, ein sprengingsjobb der. Der hadde dei veldig mange vassleidningar til fabrikkane som dei ikkje hadde kontroll på, og dette her. (...) me tok nokon prøvar, og eg gjekk ut med kvisten og påviste kor djupt vassleidningen låg og kalla(kva slags) retning han tok, og dette. Så sette me kryss i asfalten, og så satt me i gang med gravemaskinene og desse stemde akkurat. Og ut i frå det så laga eg eit kart over, fabrikken, med berre ynskjekvisten påviste alt dette her, kor djupt dei ligge og kor dei går henne, for dette var så gammalt at dei hadde ikkje kontroll på dei. I dag så går dei med GPSen og legg, etter kvart som dei legge inn(ned) så legge dei inn digitalt, og, på kartet. Neidå så, og eg er åsst(avstad) å finne mange vassleidningar til folk som ikkje veit kvar dei går henne. (...) eg hadde eit tilfelle nedpå Tvedemoen, (...), og då var O. L. Kyte, entreprenøren. Han skulle då grava til forsvaret då, og det var gamle leidningar heilt i frå, ja, 1920 og oppover, som dei ikkje visste kor var, (...), og han hadde greve ei heil veka og fann dei ikkje. Så ringde dei til meg og eg var ned der, og gjekk med ynskjekvisten der og fylde dei bortover og etter to timer så hadde dei røyrene, kablane. Og det er berre med ein sånn pinne.¹³⁵

I Jakob si verd har ynskjekvisten ein plass som ingen andre reiskap har. Dette er eit gratis reiskap å nytta, for dei som kan nytta det, samt at det ofte sparar

¹³⁴ Protokoll, band 1: 8

¹³⁵ Ibid: 9

pengar når ein skal utføra eit prosjekt. Når Jakob nyttar ynskjekvisten, kan verdien av hjelpa han gir, vera meir verd enn personleg økonomiske vinst. Som då han hjelpte det lokale idrottslaget. To stadar i det siste utdraget frå intervjuet påpeikar Jakob at han ser på kvisten som noko utruleg. "med berre ynskjekvisten. (...) Og det er berre med ein sånn pinne."¹³⁶ Det er berre ein pinne, og med den kan han slå all teknologi innan feltområdet. Kvisten er meir påliteleg enn ein GPS, sidan GPSen berre kan finna kablar som er lagt inn i systemet, medan Jakob meiner at han med ynskjekvisten, kan finna hundre år gamle kablar og leidningar som ingen lenger veit kvar ligg.

Gaute Hadland

Gaute Hadland er noverande leiar i Norsk Kvistgjengerforening. Gaute er fødd i 1941, og bur på Randaberg i Rogaland. Han studerte til sivilingeniør i automatiseringsteknikk i Trondheim frå 1963 til 1967. Etter studiet har han jobba innan data og telekommunikasjon. Kvistgjengeri har aldri vore ein del av, eller eit hjelphemiddel i, yrket hans.

Norsk Kvistgjengerforening består av mange forskjellige typar folk, frå bygd og by, menn og kvinner, med ulike metodar og ulike teoriar. Dei har eit samhald fordi dei har ei felles interessa, og det er ein god grobotn for å nytta seg av andre sin kunnskap. Gaute meiner at ikkje alle er på same nivå i utviklinga som kvistgjengar, og difor kan nye oppdaginger vekkja skepsis, til å byrja med. Gaute har ein ny forklaringsmodell og ein "ny metode" som han har utvikla dei siste åra. I fyrste del av portrettet vil eg sjå på haldninga og forståinga Gaute har av kvistgjengeri, og til slutt vil eg sjå nærare på korleis han har gjort nye oppdaginger som han meinar motbeviser den gamle forklaringsmodellen om at Hartmann-energinettet er globalt dekkjande.

Det fyrste møtet Gaute hadde med ynskjekvisten, var på Jæren, og han var om lag tolv år. Ein kvistgjengar skulle hjelpa til med å finna ein ny brønn, og etter at han hadde funne vatn, ville ungane også prøva ynskjekvisten. Gaute og broren var blant dei ungane som fekk det til.¹³⁷ Det tok lang tid etter denne episoden, før

¹³⁶ Protokoll, band 1: 9

¹³⁷ Protokoll, band 2: 1

Gaute tok i ein ynskjekvist att, men han meiner at hadde han ikkje prøvd den gongen som tolvåring, så hadde han kanskje gitt opp då han prøvde i vaksen alder.

Men så har det ikkje skjedd nokon ting før eg i nokon og nitti, byrja å få problem sjølv med frysing på beina, og då hadde me fått tak i ein då som me kjente som dreiv med sånt, og han fann ut at me hadde vassårer og styr og stell på beina. Og då, då måtte eg prøva på nytt igjen. Og då bala eg felt og lenge for å få det til å virka igjen. Hadde eg då ikkje hugsa at eg hadde fått det til som gutunge, så trur eg nesten eg hadde gitt opp. Ja, men så kom det.¹³⁸

Kvistgjengaren dei fekk hjelp av i huset, var ein mann som var kjend for dei. Det var ikkje ein framand person funne i ei annonse eller liknande. Reiskapen han nytta var søkjevinclar, og det var dei Gaute prøvde sjølv. Det er i hovudsak søkjevinclar Gaute nyttar, men han har og trena seg opp til å kunna nytta hendene direkte. Han meinar også at han kan nytta andre reiskapar (pendel eller ynskjekvist). I naud kan han spikka seg ein kvist, eller laga ein søkjevinkel av ein penn.

Som kvistgjengar var Gaute aktiv både før og etter at han vart medlem av kvistgjengarforeininga. Men det var klare fordelar for han å verta medlem. Det skuldast den positive haldninga som dei fyrste leiarane av foreininga hadde. Dei ville skapa eit miljø der folk kunne koma saman og læra av kvarandre. Gaute verkar også å vera ein slik leiar, som vil at medlemane skal dela kunnskap og erfaring. Då eg spurde Gaute om han hadde lærte mykje nytt som kvistgjengar etter at han vart medlem, svarar han:

Eg lærde vel ikkje direkte så mykje nytt, men det er klart at eg fekk jo mykje meir forskjellig input og, (...), det er heilt klart at eg fekk forskjellige synspunkt [eg] fekk andre å diskutera med som held på med det same så, eg er overbevist om at det var utviklande. Så eg lærde nok likevel mykje nytt. Eg kan ikkje setta fingeren på noko spesielt som, at der lærde eg det og det av han og han, det kan eg ikkje hugsa. Men eg kom inn i eit miljø og det er jo valdsamt propert det.¹³⁹

I 2007 vart Gaute vald som leiar i foreininga. I det fyrste innleggjet i

¹³⁸ Protokoll, band 2: 1

¹³⁹ Ibid: 3

*Kvistgjengeren*¹⁴⁰, som leiar, friska Gaute opp i nokre grunntankar som han meina foreininga skulle jobba vidare med:

- Etablera standardkurs. Slik at ein veit kva som vert lært vekk.
- Halda fleire kurs.
- Auka forståinga for kva me eigentleg måler med søkermetodane som liknar kvarandre.
- Betre kommunikasjon mellom medlemma i foreininga.¹⁴¹

Tanken til Gaute er at det å ha felles forståing for kva ein måler og kva som vert lært vekk, skapar ei felles forståing og utvikling, der medlemmane har same grunnkunnskap.

I fylgje Gaute treng medlemmene ein felles forklaringsmodell for korleis reiskapen (pendel, ynskjekvist og søkermetodane) fungerer. Korleis sjølve energien/strålinga går gjennom kroppen til reiskapen som så slår ut.

(...) det er kroppen som eigentlig reagere på spørsmåla våre og reagere på ynskjekvisten. Og det er jo den forklaringa me i Norsk Kvistgjengerforening meinar. Og dermed så er ikkje søkermetodane ei antenna, den er ein indikator.¹⁴²

Om ein søker etter vatn, stiller ein seg spørsmålet: er det vatn her? Om energien som kjem frå bakken inn i kroppen, og slår ut i reiskapen, er frå ei vassåra vil reiskapen svara ja. Gaute meinar at ein må ha det ein søker i medvitet for at kroppen skal reagera på energien frå det ein søker. Om kvistgjengaren er ubestemt eller ukonsentrert kan ein få utslag for feil energi. Til dømes om ein søker etter vatn og ikkje fokuserar godt nok, kan reiskapen i hendene dine reagera på energiar frå metall eller kablar i bakken – eller ikkje reagera i det heile. Konsentrasjonen og fokuseringa er sentrale tankar i Gaute sitt syn på kvistgjengeri.

Gaute og Norsk Kvistgjengerforening nyttar omgrepene *intuitiv søkermetode* om kvistgjengeri. "Vi sier dette er intuitive søkermetoder fordi det er vår intuisjon, eller underbevisstheten, som gir oss svarene på spørsmålene vi stiller."¹⁴³ Når

¹⁴⁰ Kvistgjengeren, nr 18: 3

¹⁴¹ Kvistgjengeren, nr 18: 3

¹⁴² Protokoll, band 2: 14

¹⁴³ Kvistgjengeren, nr 24: 4

intuisjonen kjem klart fram i medvitet, slår det ut i reiskapen. Av og til er det slik at intellektet overstyrer eller blokkerer intuisjonen. Ein kjenner eigentleg svaret, men forstår det ikkje. Fyrst i ettertid innser ein at ein alt hadde svaret.¹⁴⁴

Når ein gjer eit søk, må ein ha ro og fokus. Gaute gjev eit godt eksempel på dette når eg spør han om å finna personar i snøskred. Gaute svarar at dette har vore diskutert og prøvd fleire gonger, men at den situasjonen ikkje er eigna til å nytta søkjereiskapar, på grunn av at ein ikkje har den roen i kroppen som skal til. Når tida er knapp, og det er strabasiøst å kava i laussnø for å finna overlevande, vil stress og panikk ta over for ro i kroppen og fokusering og konsentrasjon.¹⁴⁵ Då fungerer dette därleg, i fylje Gaute.

Gammal og ny metode

Då Gaute starta som kvistgjengar nytta han metodar for avskjerming slik som Jakob og John Haugland før han. (sjå kap. 3 og 4). Men avskjerming har han lagt bak seg. Fleire kvistgjengrar vil hevda at det ikkje let seg gjera å avskjerma, eller at det berre tek kort tid før strålinga kjem attende. Gaute sin nye metode går ut på å fjerna energien i staden for å stogga den. I intervjuet nemner eg skilnaden mellom Gaute sin nye metode og Nils Kåre Sunde sin meir tradisjonelle metode. Nils Kåre er styremedlem og økonomiansvarleg i Norsk Kvistgjengerforening. Nils Kåre vil i staden for å avskjerma, flytta møblar for å unngå farlege opphaldsstadar. Han er ein av dei som meiar, at dette er den einaste måten å unngå den farlege strålinga.

Ja det er jo ein ting å merka med det du har sagt til no, at Nils Kåre som du nemner, han flytter og grunnen til at han gjer det er at han ikkje har funne noen av desse vanlege stengingsmekanismane¹⁴⁶ som fungere. Så han gav opp. Og det er mange i foreininga som har funne ut akkurat det same, og det betyr at å sette ned dei bøylene (...), og armeringsjern og magnetar og mineborar og greier har me prøvd i søkk og kav og me finner ut det fungerer ikkje. Det fungere sånn at ein trur dette vart bra, og så kjem ein tilbake og så er det ikkje bra. Og det haldt jo eg på med den fyrste tida mi, og prøvde med allverdens rare greier, og etter kvart som me fann ut at det ikkje fungera så måtte me prøva noko anna, eller ein

¹⁴⁴ Kvistgjengeren, nr 26: 4

¹⁴⁵ Protokoll, band 2: 7

¹⁴⁶ Stengingsmekanisme er det same som avskjermingsmetode.

liten modifikasjon. Og Nils Kåre har funne ut at det einaste som fungerer er å prøva å flytta seg vekk frå der det er stråling.¹⁴⁷

Når avskjerming, eller stengingsmekanismane ikkje fungerer er det to ting å gjera, anten flytta møblane, eller finna ein ny metode for å nøytraliser energiane.

I det fyrste innlegget Gaute hadde i *Kvistgjengeren*, fortel han altså at han har prøvd mange skjermingsmetodar, men med særslig vekslande hell. I det fyrste innlegget Gaute hadde i *Kvistgjengeren*, etter at han vart leiar, fortel han om sitt fyrste møte med ynskjekvisten som tolvåring. Han skriv vidare at han no (i 2007) har lært å nytta nevane direkte som søkjeinstrument. Då eg såg han på kurset, stod han oftast med ein søkjeinkel i venstrehanda, medan han strakk høgrehanda ut og kjende der energien var. Å bruka handa slik, meiner Gaute at alle kvistgjengarar kan læra seg. Dei må trenar seg opp til å verta kjenslevar i handa.

(...) eg kjenner desse energiane med handa når eg går og så treng eg ikkje bruka søkjeinklar, eg kjenner reaksjonen på handa. Det er nok ein evne som alle har meinat eg, men eg har trent den opp. Og han kjenner på kroppen, eg kjenner på handa, det er akkurat same greia, det er berre det at eg har, (...), programmert kroppen min til at han skal kjenna ting(energiar) han ikkje kjenner i handa. Og det er sånn eg trur i alle fall det funkar.¹⁴⁸

Gaute programmerer (innstiller) kroppen til å reagera i handa når han kjem over noko han ikkje kjenner. For å undersøkja eit område for energiliner, strekk han ut neven, og ser for seg at han har ein lang arm som han strekk ut over området. Saman med synet kan han kjenna energiane kring seg når han ser ut over området. Då kjenner han etter forskjellige energiar, og prøver å identifisera energitypen. Å identifisera energitypen er viktig for den nye metoden. For å kunna fjerna energien må han vite kva som skapar den.

Gaute meiner at det er enno fins ukjende fenomen i fysikken som ligg til grunn for at ynskjekvisten fungerer, og at dette godt kan ha samanheng med nokre av gåtene i naturvitenskapen. På kurset i Gran, samt i intervjuet, spør Gaute meg om kor mykje eg trur me har oppdaga av korleis naturen fungere til no. Han las ein

¹⁴⁷ Protokoll, band 2: 3

¹⁴⁸ Protokoll, band 2: 6

gong eit intervju med ein naturvitar som fekk dette spørsmålet, og forskaren svara då at me berre veit eit par prosent. Det fins ingen vitskapleg forklaring på ynskjekvisten. Gaute nemner Albert Einstein i fleire leiarspalter i *Kvistgjengeren*. Einstein var òg kvistgjengar.¹⁴⁹ Gaute nyttar eit sitat han har funne der Einstein seier:

Jeg vet svært godt at mange vitenskapsmenn betrakter kvistgjengeri, på samme måte som astrologi, som gammel overtro. I følge min overbevisning er dette feil. Ønskjekvisten er et enkelt instrument som viser reaksjoner til det menneskelige nervesystemet på ulike stimuli, der sammenhengen så langt er ukjent for oss.¹⁵⁰ Frå filosofen René Descartes har Gaute også funne eit sitat som byggjer på at ein kan aldri veta noko sikkert: "Han var den første som med åpne øyne tok tvilen inn i varmen. *De omnibus dubitandum est*, sa han: *Vi må tvile på alt.*"¹⁵¹

Det er vanleg for fleire kvistgjengarar å nytta *magnetfelt* som forklaring på kva det er ynskjekvisten reagerer på. Men Gaute meiner at det ikkje kan vera den magnetismen me kjenner til i fysikken, kvisten reagerar på. Den magnetismen hadde vi kunna målt med instrument. Men naturvitenskapen kan ikkje forklara korleis eit magnetfelt oppstår, berre at det er der. Slik seier han det sjølv: "Så forholdet mellom elektrisitet og magnetisme, det forstår ikkje vitskapen. Vi observerer berre at det er ein slik samanheng mellom elektrisk straum og magnetfelt. Dei har ikkje clue, på korfor det blir magnetfelt rundt straum i ein leidning. Har'kje clue. Det berre er slik."¹⁵² For Gaute er dette ei av dei naturvitenskaplege gátene som syner at også i tradisjonell vitskap/fysikk er omgitt av fenomen som vi ikkje fullt ut forstår. Me kan observera samanhengar, men forstår ikkje kvifor det er slik.

Gaute er opptatt av tyskaren Ernst Hartmann. Hartmann meinte å ha oppdaga eit energirutenett som strekker seg rundt heile jordkloden. Men den same oppdagginga gjorde også to andre, Manfred Curry og Holms. Hartmann, Curry og Holms meiner at desse energinetta er globale. Deira syn på energi er kjent i kvistgjengarforeiningar i Skandinavia og fleire land i Europa. Energinetta til

¹⁴⁹ Kvistgjengeren, nr 26, 27: 4

¹⁵⁰ Kvistgjengeren, nr 26: 4

¹⁵¹ Kvistgjengeren, nr 25: 4

¹⁵² Protokoll, band 2: 10

Curry og Holms minnar om Hartmann energinetta, men Curry meiner energien går i ein annan retning enn den energien som Holms og Hartmann meinte å ha oppdaga (som går nord-syd og aust-vest).¹⁵³ Kortinga Gaute nyttar er H-liner for Hartmann liner, Holms er G-liner, og Curry er C-liner. Gaute har funne at det er minst ni ulike Hartmann energiliner, sju typar Holms, og åtte typar Curryliner. Seinare har fleire typar Harmtann energi vorte oppdaga av kvistgjengarar.

Alle linjene innen en gruppe (eks. Hartmann) har energi satt sammen på lik måte, men med mindre variasjon. Dvs. de har særtrekk som er felles for alle i gruppen, og vesentlig forskjellige fra energimønstrene i de andre gruppene. Det er derfor lett å kjenne forskjell. Hvis en lærer seg til å kjenne detaljene i energiene, kan en også sjekke at mønstrene i energiene virkelig er forskjellige.

Det er fantastisk flotte mønstre.¹⁵⁴

Gaute har lært seg å kjenne detaljane i energistraumen, men den som ikkje greier dette kan òg stilla spørsmål for å finna det ut. Til dømes: Er det H-1 energi? Om svaret er nei, spør ein vidare til ein får ja. Energypane indikerer at opphavet til energien kjem frå ulike kjelder, og har oppstått av ulike grunnar.

Det viktige i den nye forklaringsmodellen til Gaute, er oppdaginga hans av at H-liner ikkje er i eit verdsdekkjande rutenett, slik Hartmann tenkte, men at dei er lokale og har oppstått frå menneskeskapte forhold, eller frå andre vesen, dyr og plantar. Til dømes var det då han var ved ei kyrkje at Gaute vart overbevist om at han hadde rett. "Vi har jo ment at de som bygde kirker visste om disse linjene og bygde kirkene etter linjene."¹⁵⁵ Gaute snakkar om Time kyrkje, som han høyrd til då han var liten. Han har målt energiliner der tidlegare, men då dei bygde ein rullestolrampe utanfor, danna det seg nye H-liner frå den. Det vil sei at H-linene vert danna kring noko menneskeskapte, dei kom til etter at kyrkja vart bygt. Gaute forklarer det slik: "Alle rutenett er rundt en kilde, dei er sterke helt nær, og blir svakere og svakere ettersom avstanden øker fra kilden. Så er de borte. Det er flere som har sett denne sammenhengen nå."¹⁵⁶ Kjelda i rutenettet treng ikkje å vere noko mennesket fysisk har skapt, men sterke kjensler av frykt, angst, sinne, kjærleik og liknande kan òg etterlata seg spor som vert verande, hevdar Gaute.

¹⁵³ Kvistgjengeren, nr 29: 12

¹⁵⁴ Kvistgjengeren, nr 24: 13

¹⁵⁵ Ibid: 8

¹⁵⁶ Kvistgjengeren, nr 28: 4

På kurset i Gran demonstrete Gaute korleis han kan skapa ei energiline mellom seg og eit punkt. Han reiste ei Ley-lina mellom seg og hjørnet på ei kyrkje me var ved. Ei Ley-lina er ein førestilling om ei line der energiane går fram og tilbake. Energiane ligg som plankar i ein stabel. Energien gjekk frå Gaute til kyrkja og tilbake, ved at han fokuserte sin energi på eitt punkt på kyrkja.

Eg fokuserte bevisstheten min på det hjørnet, (...), eg på ein måte nesten følte at eg ville kjenna korleis energien var der, men det er forskjellige formar for å fokusera. Altså det er forskjell på det å nistira på eit punkt og følelsen av at du står på det punktet der, og så sitt du på avstand og nesten kjenner på korleis det hjørna er. Og det er det sama føler eg som folk har gjort opp gjennom tidene, når dei gjerne har hatt voldsam frykt (...), eller dei har ærefrykt og gjerne frykt for kyrkja og heilage stadar generelt sett. Så den demonstrasjonen var eigentlig ein demonstrasjon på kor fort det går, kor lite som skal til for at det vert skapt ei sånn energilina.¹⁵⁷

Denne energilina stod etter det han sjølv sa i nokre minutt, men Gaute forklarte at denne energien ikkje varar evig, men i andre hendingar der kjenslene er sterkare vil energiane og verte sterkare og vare ved lengre.

For å forklara Gaute sin nye forklaringsmodell, vil eg kort gå inn på korleis aura spelar inn i kvistgengarane sin tankeverden. Teorien er at aura er ein energisignatur. Ingen har lik aura, men alle har ein. Eg vil gå meir inn på dette i kapitel 6. I Kvistgjengarforeininga meiner mange at alt har ein aura, og at ein kan måla den med *intuitive søkjemetodar*. På kurset i Gran målte dei jorda sin aura med nevane. Det var ei øving for å trena på å kjenna energiane med nevane direkte. Kvistgengarar meiner at ein kan måla auraen til personar, og personar kan etterlata seg ein "refleksjon" eller eit "avtrykk" av seg sjølv med ein målbar aura etter at dei er døde. Desse avtrykka ser ut til å omgi seg med Hartmannliner. Dette meiner Gaute å ha oppdaga på eit husbesøk, der han skulle finna forstyrrende energi. "Jeg fant så to forvilledede/stagnerete sjeler i huset (...) med stor kraftig aura. Jeg hjalp dem videre, og fant to til, en på hodeputen til sønnen."¹⁵⁸ Ved å hjelpa den stagnerte sjela vidare, vil ein etter Gaute sin meining løysa opp energien så den ikkje vert igjen og verkar forstyrrande for

¹⁵⁷ Protokoll, band 2: 5

¹⁵⁸ Kvistgjengeren, nr 23: 4

andre. Om ein klarar å identifisera energiane og løysa det som bind den, så kan ein letta energiane i huset utan å ommøblera.

For å oppsummera den nye forklaringsmodellen til Gaute må ein ta utgangspunkt i at energirutenetta ikkje er verdsdekkjande. I dei ulike energinetta kan det gå andre typar energiliner igjennom og dermed skapar kryss med forstyrrende energi. Kvistgjengarar som Gaute meiner at energinetta oppstår kring ei kjelde av menneskeskapte ting og kjensler, eller vesen frå naturen. Når ein greier å identifisera energitypen, kan ein prøva å løysa konflikten, eller det som bind den der, slik at energien som skapte konflikten forsvinn. På kurset i Gran, sa Gaute at når ein søker energiar skal ikkje tenkja på skadeleg energi, for energien treng ikkje å vera skadeleg i seg sjølv. Men energien som heng igjen kan forstyrra eller påverka annan energi/aura og dermed verta forstyrrande. Og forstyrrende energi verkar alltid negativt. Dersom ein greier å fjerna den forstyrrande energien i senterkrysset av rutenettet, treng ein altså ikkje flytta seg.

Multidimensjonsteori

Jordstråling kan ikkje bevisast av vitskapen, men det er fleire teoriar om dette fenomenet. På same måte er det med mange fenomen som ikkje kan forklarast, det fins berre teoriar om korleis dei vert til. Eit slikt fenomen nemnd tidlegare, er at ein veit om magnetfelt, men ikkje kvifor eller korleis det vert til.

Kvistgjengarar hevdar at meir kunnskap om slike fenomen, og det å forstå meir av vitskapen og fysikken, hjelper til med å forklara dei fenomena kvistgjengarar hevdar å oppdaga. "Undring er første kimen til all oppdagelse. Det var Albert Einsteins styrke. Hvor er undringa blitt av i vitenskapen?"¹⁵⁹ Dette sitatet av Gaute, tykkjer eg syner openheit hans i møte med dei fenomena han ser. I tillegg studerer han oppdaginger og teoriar som kan vera med å forklara fenomena.

I ei leiarspalte greiar Gaute kort ut om kvantefysikken. Der forklarar han med tilvisning til www.forskning.no at kvantemekanikken nyttar andre fysiske lover og reglar enn klassisk newtoniansk fysikk. Når ein skal observera så små partiklar, kan ein ikkje brukar eit vanleg mikroskop, og når ein ser eller måler

¹⁵⁹ Kvistgjengeren, nr 30: 4

partiklane, vert dei påverka/endra og kvanteeigenskapane kan forsvinna. Ein partikkkel kan vera fleire stadar samstundes, men når ein observerer den, vil den verte bestemt ein stad. "Man kan si at vi måler på en partikkkel, så har den ikke bestemt seg for hvor den er. Men i det øyeblikk vi måler den, kollapser den til én posisjon."¹⁶⁰ Dette opnar i fylgje Gaute for teoriar kring fleire dimensjonar, og at intuitive søkjemetodar kan måla energiar i ein annan dimensjon, som mennesket ikkje kan oppfatta med dei fem sansane me har. Personar som er meir vare for energiar meiner for eksempel at dei kan lokalisera landingsplassar for utanomjordiske party plassert rundt om på jorda.

Og kvantefysikken spesielt, og der og er dei inne på no i fleire år, at me lever i ein multidimensjonal verden. Konsekvensane av det er kanskje me menneskjer er multidimensjonale vesen. (...) Eksempelvis, berre for å ta eit nytt sprang, så meiner dei i fysikken, kanskje, att magnetisme er ein slik multidimensjonal greie. (...) Men tenk då ein multidimensjonal verden som er vanskelig å forstå, så er det lettare å forstå/akseptera slike ting me opplever. Så dette er då multidimensjonalt, og sånn er det med desse tinga her og. Tenk deg at det er ein annan dimensjon der noko av oss (...), du kan tenkja deg at viss du er i ein dimensjon der tida på ein måte er ein av aktørane, då kan me bevega oss fram og tilbake i tid, og kanskje er ikkje tid og rom det me trur. Sant? Det er jo mange ting som tyde på at det er ikkje det, (...) Og du har gjerna høyrt om strengteorien i fysikken. Og det er jo akkurat det same. Som me held på med, eigentleg, sett i frå ein litt annan vinkel sjølv sagt. Så det er der det fleirdimensjonale kommer inn i bildet.¹⁶¹

På kurset i Gran var eg med det vart gjort målingar rundt ein landingsplass for utanomjordiske party. Det var ein av kurshaldarane, Magnus, som meina å ha oppdaga landingsplassen. Magnus er healer, medium og kvistgjengar frå Sverige. Gaute kommenterte i intervjuet at medlemmane i kvistgjengarforeininga i Sverige, har vore særskilt interessert i utanomjordisk aktivitet. Denne landingsplassen skulle, etter kva det vart sagt, ha ein sekskantform, og med ein inngang. Magnus hevda han kommuniserte med dei utanomjordiske. Han fekk vita at det var noko i ein av deltakarane sine kle dei ville ha tak i. Ein annan kvistgjengar fekk også svaret ja på om det var kunnskap dei var ute etter.

¹⁶⁰ Kvistgjengeren, nr 29: 5

¹⁶¹ Protokoll, band 2: 11

Magnus meinte han såg ein skannar som for over han, for å identifisera han. Deretter spurte han om det var nokon som skulle gå inn i landingsplassen, og då peika søkjevinkelen hans på Gaute. Gaute spurte søkjevinkelen om den kunne visa han inngangen. Der gjekk han inn, og vart ført forbi eit healingpunkt for kvinner og gjekk inn på healingpunktet for menn. Der stod han ei lita stund, og stilte eit par spørsmål. Det eine var om han hadde fått ny kunnskap. Svaret var ja. Så spurte han om han sjølv nokon gong ville verta medviten denne kunnskapen. Då fekk han svaret nei. På spørsmålet om kunnskapen kom til å forandra livet hans, vart svaret ja.

Fleire kvistgjengrar meinte at dei hadde funne slike healingpunkt, som nemnd i avsnittet over. Ikkje berre inne på denne landingsplassen, men òg andre stadar utanfor hotellet. Eg forstod det slik at eit healingpunkt er ein stad der energien har positive einingar som kan lækja den som oppheld seg på punktet.

Blant dei andre kvistgjengarane var det nokre som var skeptiske til det som vart sagt å vere utanomjordiske oppdagingar. Som nemnd tidlegare, meiner Gaute at ikkje alle kan ha same kunnskapsnivå, eller den same røyndomsoppfatninga. Gjennom nye oppdagingar med intuitive søkjemetodar, vil nye individuelle resonneringar koma til. Men utan slike oppdagingar vert det ofte eit for stort sprang å ta, om ein skal tru på det andre kvistgjengrarar meinar å ha oppdagat. Kvistgjengrarar har ulik kunnskap og ulike interesser, og dei spesialiserer seg oftast på ein metode. Kunnskap om utanomjordiske, er ei slik spesialisering som ikkje alle er interessert i. Gaute meiner at med enkle målingar av ei særskilt kompleks røynd der me i grunnen forstår lite, så er det kanskje ikkje slik me trur. Me kan måla/forstå feil. Men. "(...) eg ser kva eg ser, meinar eg for meg sjølv, og kva eg kjenner(føler), så det er klart at noko av dette kan vera feil, men ikkje alt."¹⁶² Det kvistgjengrarar meiner å oppfatta med ynskjekvisten, er noko ein ikkje kan sjå eller høyra:

Det her med at me ikkje ser desse tinga, me kan kjenna det om me har rett fokus.
Me kan gå inn på avstand å kjenna på ting. Eg kan gå inn å sjekka eit hus på
Austlandet ikkje sant, og kjenner på energiane berre på kartet. Eg kan kjenna på
personar og det gjere eg berre på fingrane så kjenner eg det, og på staden visar

¹⁶² Protokoll, band 2: 12

det seg at i hovudtrekk så er det riktig det eg kjenner.¹⁶³

Utviklinga til Gute som kvistgjengar har alltid vore parallel med utviklinga av forståinga hans for naturvitenskapen og fysikken. Det han ser og måler må ha ein knagg å henga på, som hjelper han å forstå fenomena, Gute sin viktigaste knagg er ei bestemt kvistgjengartolking av vitskaplege omgrep og teoriar.

¹⁶³ Ibid: 10

Kapittel 5

Kvistgjengeren - *Organ for Norsk Kvistgjengerforening*

Kvistgjengeren er namnet på medlemsbladet til Norsk kvistgjengerforening, som kjem ut ein til to gonger i året med 20 sider i kvart nummer. Sidan 1999 har det kome 32 utgåver. Bladet har endra seg i format sidan fyrste utgåva, endringar som har kome på grunn av nye folk o styre og redaksjon. I bladet er det omtale og dokumentasjon av foreininga sin aktivitet, slik at om ein ikkje kunne delta kan ein framleis få eit referat frå hendinga. På side to og tre er det informasjon om styret, redaksjon, framsidebilete, samt forklaring av omgrep nytta av foreininga.

Kvistgjengeren er med i ein medlemskontingent på 270 kroner i året, familiemedlemskap er på 110 kroner (utan medlemsblad). Foreininga har ofte nokre ekstra eksemplar som dei kan selja eller gje vekk til interesserte.

Bladet er eit interessemagasin for Norsk kvistgjengerforening og tek difor opp tema relatert til *kvistgjengeri*. Det er relativt mange med i foreininga (kring 100 medlemmer) og dei ulike relasjonane medlemmene har til *kvistgjengeri* kan vera svært ulike. Kvistgjengarforeininga rører ved mange ulike tema innan dei *alternative rørslene* og *New Age*-bevegelsen.

I det følgjande vil eg skildra utsjånaden på, faste spalter, annonser, redaksjon og foreningsverksemd. Til slutt vil eg nytta nordisk kvistgjengermøte¹⁶⁴ som eksempel for å skildra i nokre av aktivitetane i foreininga, og for samstundes å skildra auken i internasjonal kontakt i ein periode.

Framsida

Bileta som er nytta på framsida er satt i ei ramme under titelen på bladet, pluss at der er ein undertittel – *Organ for Norsk Kvistgjengerforening*. Bileta er gode, for det meste tekne av hobbyfotografar, men i ti av utgåvene er det Helge Hoel som har teke bileta. Hoel sine biletar er naturbilete utan direkte tilknyting til kvistgjengeri, forutan eit bilet av ei statue. Biletet har namnet *Rutengänger*. Statuen er frå Kongsberg, og skal forestilla ein kvistgjengar som fann sylv i mina.

¹⁶⁴ Kvistgjengeren, nr.22, 2009: 2, 18-19.

(sjå biletet på framsida av masteroppgåva). I eit utdrag frå rådmann Friis sin tale under avdukinga av statuene på Nybrua, Kongsberg, 16. Juni 1957, fortel han om bruk av ynskjekvisten til å finna sylv i mina: "Kanskje noen vil forundre seg over at gruvegesellen er utstyrt med ønskekivist, og kanskje man vil hevde at man leter ikke etter metaller på denne måten. Til det er å svare at jo man gjør det, det er nøyne undersøkt, og det har vært gjort i tidligere tider også her ved Kongsberg Sølvverk om jeg ikke kjenner til hvilket resultat det har brakt. Kongsberg Sølvverk nedlegges i år. Vi vet alle at der ennå er sølv i gruvene, riktig nok ikke drivverdig lenger sies det, men vi synger jo gjerne i Kongsbergsangen om Kongsbergs velmaktsdager som vi ønsker oss tilbake, og kanskje de fleste av oss går rundt med et stille håp om at Sølvverket en gang skal bli gjenopptatt. La oss da se på denne rutengånger, gruvegesellen med ønskekisten, som et symbol på det evige bergmannshåp, håpet og troen på skjulte rikdommer i dypet, og om vi vil kan vi jo også se på ham som et uttrykk for våre egne håp og våre egne ønsker, for hvem av oss går ikke rundt med en ønskekivist etter lykken."¹⁶⁵

Det er redaktøren som har ansvaret for framsidebileta. Redaktør Anne Bergheim (2006-2012) nyttet ektemann Helge Hoel sine fotografi i alle utgåvene ho var redaktør for, utanom ei utgåve. Fleire av bileta til Hoel er frå Molde. Bileta elles, har anten ein relasjon til eit tema i bladet, eller ein referanse til kvistgjengeri, men som med Hoel sine bilete er det også her naturbilete utan annaa funksjon enn å vera fine. Ei framside med eit godt biletet av solnedgangen over Borestranda på Jæren,¹⁶⁶ gjev bladet ei fin framside, men det er berre tittelen, *Kvitstgjengeren*, som er avslørande for innhaldet. Når dei har eit fotografi av nestleiaeren, Helge Haugland, med ein aluminiumskivist,¹⁶⁷ så er biletet med på å vakkja interessa hjå fleire kvistgjengrar. Dette kan vere planlagt frå redaksjon for å skapa interesse for *kvistgjengeri*.

Informasjonssida

I *Kvitstgjengeren* side to eller tre er det ei standardisert informasjonsside, med omtale av foreininga og redaksjonen, samt kva omgrep dei nyttar. Desse

¹⁶⁵ http://194.143.84.100/kultur/gater/data/nybrua_tale.htm

¹⁶⁶ *Kvitstgjengeren*, nr.31, 2014: 1

¹⁶⁷ *Kvitstgjengeren*, nr.30, 2013: 1

omtalane endrar seg noko, men formidlar meir eller mindre den same bodskapen. I utgåve nummer 11 (2004), står det ei forklaring til omgrepet *kvistgjengeri*.

Vi har altså valgt å bruke begrepet 'kvistgjengeri' som samlebenevnelse for alle intuitive søkemetoder. Ordet er etter vår mening både jordnært og flott.

Dessuten har det en slik fin gjenkjennelseseffekt at dere som kun driver med pendel, søkerinkler, kleshengere eller rent kroppslike reaksjoner bare får ha oss unnskyldt!¹⁶⁸

I utgåvene etter nr. 11 er forklaringa av omgrepet *kvistgjengeri* korta ned. Den siste setninga og unnskyldninga er ikkje lengre med. Truleg har redaksjonen tatt den ut sidan dei allereie inkluderer alle intuitive søkjemetodar i omgrepet, inkludert dei som ikkje nyttar sjølve ynskjekvisten, eller ikkje nyttar noko reiskap i det heile.

Det blir også gitt ein opplydning om redaksjonsverksemda i bladet, nemleg at "redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte og redigere innsendt materiale. Bidrag og tips til "Kvistgjengeren" mottas med takk, alt innenfor begrepet kvistgjengeri er av interesse; utklipp, artikler, bilder, fagstoff og gode historier."¹⁶⁹ Personar skal ikkje verta lei seg for at innlegget deira ikkje vart trykt slik dei ynskte det, og foreininga forsikrar seg mot missforståingar mellom bidragsytar og redaksjon.

Redaksjonen

Redaksjonen varierer, men består anten av enkeltpersonar eller ein komité av styremedlemmer. Ofte har to personar delt redaktørjobben. I utgåve nummer 11 står det at leiar "Geir (A. B. Wollmann) har igjen fungert som både redaktør og ansvarlig redaktør."¹⁷⁰ I utgåvene frå nummer 12 (2004) til og med 15 (2006) er formatet på innhald/infosida (side 2-3) endra. Sida inneheld alltid liste og biletar av styremedlemmer, men no er det kome til ei spalte frå redaksjonskomiteen, og ei frå redaktøren. Redaktøren er i desse nummera leiaren, Hans Christer Rask Arnesen, med ein komité av styremedlemmer bak seg. I utgåvene etter nummer

¹⁶⁸ Kvistgjengeren, nr.11, 2004: 2

¹⁶⁹ Kvistgjengeren, nr.17, 2007: 2

¹⁷⁰ Kvistgjengeren, nr.11, 2004: 3

15 endrar desse to spaltene seg. I staden for ei lita spalte "frå redaksjonskomiteen"¹⁷¹, er det no ei lita spalte med tittelen "frå redaktøren"¹⁷². Spalta som før vart kalla "redaktørens spalte"¹⁷³ har no vorte til spalta "fra leder."¹⁷⁴ I utgåve nummer 16 (2006) til og med 27 (2012) blir det ikkje skrive noko om ein redaksjonskomité, men det vert vist til ein redaktør, Anne Bergheim.

Anne Bergheim var redaktør i til saman 11 utgåver, men har både før og etter redaktørjobben vore aktiv bidragsytar til bladet. Etter Bergheim, var Jørgen N. Exenberger redaktør i to utgåver, før duoen Ingebjørg Rivedal og Sissel Astrid Fuhre tok over i dei to siste utgåvene. Mykje av den jobben Bergheim gjorde som redaktør var å omarbeida innsendt materiale til tekst, og ho har i tilegg minst eitt innlegg i kvar utgåve frå nummer 12. Ho har stått bak heile 43 innlegg. 29 av innlegga vart publiserte medan ho sjølv var redaktør. Aktiviteten hennar var med andre ord stor, både før og etter ho tok på seg ansvar som redaktør.

Nytt med Bergheim var "skepsisspalten; sida for små og store skeptikarar."¹⁷⁵ Den er berre å finne i nummer 16 (2006) og nummer 18 (2007) av *Kvistgjengeren*. Men det å inkludera skeptikarane viser at redaksjonen og medlemmene må forhalda seg til kva dei seier om *kvistgjengeri*. Innspel i bladet visar at det for nokon er viktig å bevisa at deira forståing og verksemda motseier det skeptikaren prøver å finna belegg for. Alle innvendingane til dei ulike skeptikarane må takast med i resonnementet til kvar kvistgjengar. Om det ikkje passar inn i deira *verdsbilete*, må dei finne belegg som kan underbyggje deira oppfatning. Deira erfaringskunnskap på ulike tema må stå sterkare en skepsisen. Som eit resonnerande menneske vil ein aldri slutta å resonnera og difor er det òg viktig å tenkja over synspunkta til skeptikarane.

¹⁷¹ *Kvistgjengeren*, nr.15, 2006: 3

¹⁷² *Kvistgjengeren*, nr.16, 2006: 3

¹⁷³ *Kvistgjengeren*, nr.15, 2006: 3

¹⁷⁴ *Kvistgjengeren*, nr.16, 2006: 3

¹⁷⁵ Ibid: 3

Annonser

I *Kvistgjengeren* er det annonser, men ikkje i kvart nummer. Det er truleg på grunn av for liten pågang, for i kvart blad står det tidsfrist for innsending av annonser og anna materiale. Frå nummer 11 (2004) til 31 (2014) er det berre fem ulike aktørar bak dei til saman fjorten annonsane. Eg tek først for meg tre aktørar som har få annonser, før eg skildrar to med fleire annonser i ulike nummer av *Kvistgjengeren*.

I utgåve nummer 25 (2011) er det to annonser. Den fyrste er frå *Ønskegnisten*. Det er enkeltmannsføretaket til tidlegare leiar, Hans Christer Rask Arnesen. Ved sida av denne annonsen er det ei frå *Folkets strålevern*. Begge har eit informasjonshefte på om lag same storleik (42 og 38 sider), men kunnskapen dei formidlar er ulik. Arnesen vil med *ønskegnisten* undervisa i *intuitive søkjemetodar*, nemleg *kvistgjengeri*. Det han tilbyr er kunnskap "om ønskekivist, søkevinkel, pendelstand, pendel, værvist m.m. (42 sider)." ¹⁷⁶ Dette er den einaste aktiviteten ein kan sjå frå Arnesen i *Kvistgjengeren* etter leiarjobben i foreininga. Med denne annonsen promoterer Arnesen ikkje foreininga, men sitt eige føretak.

Folkets strålevern vil opplysa om faren ved elektromagnetisk stråling. Undertittelen og slagordet til dette firmaet er "Det du ikke vet har du vondt av". Dette slagordet spelar klart på ordtaket at det du ikkje veit har du ikkje vondt av.

Ønskegnisten og *Folkets strålevern* oppgjev begge i annonsen ei heimeside, men ingen av dei er i bruk i dag. Om ein går inn på stralevern.no, som *Folkets strålevern* viser til, kjem ein i staden in på *Statens strålevern*. Det er lett å tru at ein har kome på rett side sidan temaet er det same, men bodskapen er ulik. *Ønskegnisten* si heimeside er tatt ned. Det er framleis mogleg å få kontakt med Arnesen personleg, om ein søker etter *Ønskegnisten* på verdsveven.

Den siste annonen er for eit kurs med Are Thoresen, der ein skal læra å "sjå" energiar.¹⁷⁷ Annonen fortel om Thoresen i tredjeperson, og viser til sitat der hans eigne ytringar vert formidla. Det er truleg redaksjonen som har skrive

¹⁷⁶ *Kvistgjengeren*, nr.25, 2011: 9

¹⁷⁷ *Kvistgjengeren*, nr.22, 2009: 9

annonsen for Thoresen. Thoresen har i tidlegare nummer skrive ein artikkel, fordelt i to blad, om vassåre og jordstråling sin påverknad på helse, sjukdom og behandling.¹⁷⁸ I annonseteksten står det at "det er liksom noe mer håndfast med det en ser i en eller annen form enn det en måler litt i blinde med søkerinkler og ønskekivist."¹⁷⁹ Utviklinga går frå å spora opp energiar med ein reiskap til det å ikkje trenga reiskapen meir. Men det verkar nesten avverifiserande for *kvistgjengeri* når dei seier at ein målar litt i blinde med reiskapen, men det ein kan sjå sjølv er ikkje blindt for ein. Dette sitatet av Thoresen, som dei brukar, viser at det er mogleg å læra seg å sjå energiar for folk som i utgangspunktet er sensitive for energiar: "Med den sensitiviteten kvistgjengere allerede har bygget opp, vil det sannsynligvis bare ta måneder for å kunne se energiene."¹⁸⁰ Kurs med Are Thoresen er ikkje nokon billig affære. Det kosta 3000 kroner for to dagar med til saman 16 timer kurs, og eitt måltid om dagen. Overnatting kjem i tillegg for dei som ikkje bur rundt Tønsberg. Det er altså ein dyr kunnskap å tileigna seg.

Nils Kåre Sunde driv eit firma, Sunde maskin A/S, der han hjelper folk med plagar relatert til stråling eller vatn. Han er medlem av kvistgjengarforeininga med verv i styret frå 2002. Sunde har reint vatn som sin vinkling, med litt ulike titlar på annonsane, anten enkelt og greitt: "Rent vann". Eller: "Rent drikkevann. Rens det enkelt hjemme".¹⁸¹ Og ein som igjen er lik, men med anna undertittel; "Rent drikkevann – Viktig for god helse."¹⁸² Sunde sine annonser er alle ulike i informasjon og utsjånad, men alle formidlar produktet han vil selja.

Produktet Sunde sel er ei maskin som reinsar vatnet med omvendt osmose. Han skriv i annonsen at maskina "fjerner 99,9% av all forurensing som aluminium, kvikksølv, harmon-hermere, bromerte flammehemmere og all annen

¹⁷⁸ Kvistgjengeren, nr.24, 25, 2010/11: 9/10

¹⁷⁹ Kvistgjengeren, nr.22, 2009: 9

¹⁸⁰ Ibid: 9

¹⁸¹ Kvistgjengeren, nr.16, 17, 2006/07: 19

¹⁸² Kvistgjengeren, nr.23, 2010: 19

forurensing.”¹⁸³ Denne maskina skal fjerna fysiske forureiningar som er bevist skadeleg for menneske.

I Sunde sitt tilfelle er relasjonen annonsane har til *alternativrørsla*, mindre tydleg enn hjå Nystad. Produktet Sunde sel fjernar ikkje forstyrrande energiar, men kjemikalium. Relasjonen kan finnast i ein av grunntankane bak *kvistgjengeri*, som er å finna reint drikkevatn. Sunde meiner at det kommunale drikkevatnet ikkje er reint nok, difor kan ein verte sjuke, om ein ikkje reinsar vatnet. Difor treng ein denne maskina, men den er ikkje alltid nok. Sunde viser òg til sin profesjonalitet gjennom utdanninga han har frå Walter Kraus¹⁸⁴ som geobiolog. Det vil seia at Sunde med denne utdanninga kan ”måle opp huset eller arbeidsplassen for *jordstråling* og elektromagnetiske felt.”¹⁸⁵ Han fokuserer altså på betre helse, med reinsemaskina, men òg på helseforstyrrande energiar (*jordstråling*). Sunde annonserer med andre ord ikkje om *kvistgjengeri* i fyrste omgang, men tilbyr det som ei tileggsteneste.

Erling M. Nystad har mange annonser for sitt enkeltmannsføretak. Eg har sett på fem av dei. Han har tre ganske like annonser, og dei to nyaste er heilt like, men korta ned. Dei tre fyrste har tittelen: ”Ønsker du en bedre hverdag?”¹⁸⁶ Og dei to siste har tittelen: ”Plages du av jordstråling?”¹⁸⁷ Dei tre fyrste annonsane til Nystad er like i utsjånad, men det varierar i mengda informasjon som vert formidla. Kontaktinformasjonen han gjev er namn, telefon, internettseite, og e-postadressa.

Nystad er den av annonsørane som framleis har operativ heimeside. I dei fyrste annonsane viser han til jordstraalevern.no. Denne sida er ikkje lengre i bruk, men ein vert direkte kopla til sida han no nyttar, jordstraaling.no. Ein kan og finna firmaet på straalingsplager.no. Tilgjengelegheta til Nystad er særskilt god, og heimesida har bilete og prisoversikt på produkta han promoterer og sel. Her finn

¹⁸³ Kvistgjengeren, nr.12, 2004: 20

¹⁸⁴ ”Walter Kraus, opprinnelig tysk, men bosatt i Norge. Han ble utdannet av dr.med Ernst Hartmann og prof. Herbert L. König i Tyskland og har undervist i geobiologi i 15 år.” <http://www.alternativ.no/annonse/natskolenord.html>

¹⁸⁵ Kvistgjengeren, nr.16, 2006: 19

¹⁸⁶ Kvistgjengeren, nr.11, 2004: 15

¹⁸⁷ Kvistgjengeren, nr.21, 2009: 20

ein ulike typar skjermingsutstyr som, vatnvirvlalarar, pluss-minus brikker, og ein avskjermingsmedaljong i sylv. Nystad sine vatnvirvlar seiest å kunna fjerna negativ energi og gje økt livskvalitet¹⁸⁸. Desse produkta skal skjerma for energiar som kan vera skadeleg på same måte som jordstråling.

I Nystad si mest omfattande annonse gjev han ein kort karakteristikk av seg sjølv: "Når det gjelder meg selv kan opplyses at jeg har evnen å registrere jordstråling."¹⁸⁹ Hans erfaring er viktig informasjon. I logoen står det at han har "erfaring siden 1989."¹⁹⁰

Nystad annonserer si verksemد som *kvistgjengar* i fyrste rekke, og produkta han sel i andre. Han skjermar for forstyrrende energiar anten ved å innreia opphaldsromma, slik at ein unngår å opphalda seg på stadar der det er forstyrrende energi, eller ved å nytta skjermingsutstyr.

Framstillingane av korleis Nystad og Sunde er ekspertar på emnet er ulike. Dei vil begge visa at dei kan det dei held på med. Nystad syner til to spørjeundersøkingar han har hatt med sine kundar, om korvidt forholda vart betre eller ikkje. Han skriv òg at han er medlem av interesseforeiningar i Noreg, Danmark, Sverige og Tyskland.¹⁹¹ Sunde visar til si utdanning som geobiolog.

Annonsane til Nystad og Sunde rettar seg mot helse, dei kommuniserer ein mystikk i naturen, noko me ikkje veit om, men som skadar oss. Det er snakk om jordstrålingsplagar og därleg energi, eller kjemikalier i vatnet, som kan ta skade på folk. Slik som annonsen frå folkets strålevern kommuniserer gjennom eit kjend uttrykk, at det er mystiske krefter i naturen som kan gje deg plager. Bente Alver forklarar at

Denne naturmysticisme er en del af den refortrylling, som synes at være kendetegnende for det senmoderne, og som kommer klart til udtryk inden for mange af de alternative behandlingsformer og inden for nyreligiøse ideologier. Det er denne naturmysticisme, som alternativannoncerne griber fat i, og som de udvikler i deres markedsføring gennem at spille på forestillinger om helse som

¹⁸⁸ <http://www.straalingsplager.no/>

¹⁸⁹ Kvistgjengeren, nr.13, 2005: 19

¹⁹⁰ Ibid: 19

¹⁹¹ Ibid: 19

et harmoni- og balancekonsept.¹⁹²

Denne måten å forstå helse på er breiare enn skulemedisinens si forståing, helse betyr nærmast velvære, i denne forståinga.¹⁹³ I produkta Nystad sel fins ei førestilling om at vatnet du drikk må ha god energi, og at amuletten du går med skapar ei kraft kring deg, som held farleg stråling vekke. Eg tolkar Nystad sine produkt som ein alternativ måte å forstå helse på, slik Alver forklarar i sitatet over; at det er ein balanse i folk, og drikk ein vatn med därleg energi kan ein komma i ubalanse.

Ord frå leiaren

Foreininga sin fyrste leiari, Geir Wollmann, skreiv ei spalte kalla "Fra lederens lille kvist" i om lag alle utgåvene i tida hans som leiari (1999-2004). Utgåve nummer 11 av *Kvistgjengeren* er siste gong han hadde leiarspalta. Dei to leiariane som kom etter Wollmann, Hans Christer Rask Arnesen og Arne Egil Berntsen, brukte ikkje ei eiga side av bladet til leiarspalter, men hadde ei spalte på informasjonssida. Arnesen skreiv ei lita spalte med namnet, *Redaktørens spalte*, og Berntsen hadde ei spalte kalla *Ord fra leder*.

Wollmann, Arnesen og Berntsen hadde sine siste innspel i *Kvistgjengeren* den siste tida dei sat som leiiarar. Deira aktivitet i foreininga etter leiarverksemda veit eg ikkje mykje om. I bladet er det berre Arnesen ein kan sjå spor av gjennom annonsane hans for *Ønskegnisten*.

Fjerde og noverande leiari, Gaute Hadland, innførte på nytt eigne sider til leiarspalta i utgåve nummer 19 (2008). Dette gjev Hadland stort spelerom til å formidla sitt perspektiv på *kvistgjengeri*. Han har i desse spaltene utvikla ein ny forklaringsmodell til *jordstråling*, med det vert for omfattande å ta for seg her.

Aktivitet i foreininga

Eg har så vidt vore inne på at tidlegare leiiarar har vist liten eller ingen aktivitet innan *kvistgjengeri*, gjennom *Kvistgjengeren* etter at dei var ferdige med leiarvervet. Kvifor veit eg ikkje. No skal eg sjå vidare på korleis foreininga nyttar

¹⁹² Bente Alver, 2002: 167

¹⁹³ Ibid: 167

Kvistgjengeren til å vidareformidla aktiviteten sin, som til dømes, foredrag, kurs, messer og ekskursjonar. Men og i dette delkapittelet om *aktivitet*, vil eg byrja med å gå inn på kva ulike tema dei er opptekne av, og på kva nivå dei kursar folk. Eg tek også for meg sambandet og kontakten foreininga har med andre liknande interesseorganisasjonar. Det er ein skilnad mellom det nokre medlemmer gjer og skriv til *Kvistgjengeren* om, og aktivitetane på vegne av, eller i regi av, foreininga. Eg skal her ta for meg det som er i regi av foreininga. Eg tek også for meg inntektene foreininga har, både gjennom sal av utstyr på messer og gjennom bladet og på heimesida.

Som tidlegare nemnd vert referat frå årsmøta sendt til kvart medlem, men i *Kvistgjengeren* vert det publisert det ein kan kalla eit *sosialt referat*, frå mange årsmøte. I desse referata vert det ikkje referert til agendaen for årsmøtet, men ein får ein kort omtale av spennande foredrag og foredragshaldarar, samt stemning og oppmøte. I det sosiale referatet vert det lagt stor vekt på vertskap og hygge. Tilstelling av mat og kva som er til kaffien vert ikkje utelukka. Til dømes var årsmøte 17. april 2010 halde heime hjå to av medlemmane. Referatet innleiar med at foreiningar takkar for godt vertskap, og avsluttar med stor takk igjen til vertane.¹⁹⁴ Det sosiale er absolutt ein viktig faktor for rekrutteringa, ein potensiell medlem kan sjå at folk hyggar seg i lag. Den felles interessa dei har, gjer truleg at fleire melder seg inn i foreininga.

Norsk kvistgjengarforeining har bod på alternativmesser i Lillestrøm, Oslo og Stavanger. Her har dei med medlemmer som demonstrerer og sel sokjeinklalar. Det er frivillig arbeid. Salet av sokjeinklalar er viktig, og det vert jamt oppdatert i referata frå alternativmessene. Anten sel dei meir eller mindre samanlikna med åra før. Dei byrja og å selje dei via heimesida, og salet går ganske godt.¹⁹⁵ På siste side i utgåve nummer 11 (2004) er det ei bestillingsliste med 18 ulike produkt som ein kan tinga. Ein kan òg tinga nokre gratis brosjyrer med informasjon, samt lover og regelhefte for foreininga. Produkta er alt frå sokjeinstrument, bøker innan ulike tema kring kvistgjengeri, postkort og t-skjorter. Denne

¹⁹⁴ Kvistgjengeren, nr.24, 2010: 20

¹⁹⁵ Kvistgjengeren, nr.25, 2011: 19

bestillingslista kjem ikkje att i seinare utgåver av bladet, men søkjevinclar, ynskjekvistar av plast og utvald litteratur, kan ein kjøpa gjennom heimesida.

I utgåve nr. 21 (2009) gjev dei informasjon om, og innkalling til, det fyrste nordiske «slagrutemøte». ¹⁹⁶¹⁹⁷ Dette møtet vert arrangert av norsk og svensk kvistgjengarforeining med invitasjon til den finske foreininga. I neste nummer kan ein lesa eit referat på tre sider frå møtet skrive av Brit Weisz, pryda med ein del private biletetatt under ulike aktivitetar og foredrag.¹⁹⁸ På kurset var det 50 deltagarar, 12 av dei frå Noreg, 2 frå Finland, og dei resterande frå Sverige. Det var foredragshaldarar frå alle tre nasjonane. I utgåve nummer 20 er det publisert eit brev frå Leif Paulin, nestleiar i den finske kvistgjengarforeininga, der han svarar på kontakten frå den norske kvistgjengarforeininga. Her fortel han litt om historia Finland har med kvistgjengarforeiningar, og at det (i 2008) berre var nokre år sidan dei starta opp att etter at den siste foreininga vart lagd ned på slutten av 1990-talet.¹⁹⁹ Frå 2008 er aktiviteten aukande mellom norsk, svensk, og finsk kvistgjengarforeiningar, det viser att i *Kvistgjengeren*. I Finland er det to foreiningar, den eine landsomfattande og den andre blant svensktalande finnar. Leif Paulin fortel i sitt brev²⁰⁰ at det er 30 til 50 personar i den finske foreininga, medan det er 40 i den österbottniska regionalföreningen. Paulin som kan svensk og finsk er medlem i begge, og ein stor pådrivar, men det er ikkje vanleg å bruka finsk blant svensktalande finnar. Difor er det få som er medlem av begge foreiningane, slik som Paulin.

Eg vil kort omtala nokre av kursa og foredragshaldarane som vert nemnd i referata frå dei tidlegare omtala møta. Med dette går eg meg vidare inn på kva slags kunnskap det er dei lærer vidare. I referatet frå det fyrste nordiske kvistgjengarmøtet er det minimum ein føredragshaldar frå kvar av dei tre nasjonane tilstades (sjå førre avsnitt). Frå Sverige heldt leiaren i foreininga, Agne Olaussen nybyrjarkurs. Olaussen sitt nybyrjarkurs går eg ikkje inn på, for det vert ikkje omtala meir enn i sosial samanheng. Frå Sverige haldt lækjar Lillian

¹⁹⁶ Slagrute er ynskjekvist på svensk.

¹⁹⁷ *Kvistgjengeren*, nr.21, 2009: 8

¹⁹⁸ *Kvistgjengeren*, nr.22, 2009: 2, 18-19

¹⁹⁹ *Kvistgjengeren*, nr.20, 2008: 8

²⁰⁰ Ibid: 8

Carlsson foredrag med tema *healing*, og kunnskapen ho formidlar er om å få tilgang til "all-bevissthet"²⁰¹. Frå Sverige heldt Åke Pihlgren foredrag om det å identifisera positive og negative energiar, samt korleis han fjernar dei energiane som ikkje høyrer til eller er forstyrrende. Han hevdar å ha utvikla ein sjekklistemetode for energiidentifisering, på same måte som sjekklistemetoden hans for å fjerna dei. Eg ser for meg at sjekklista er ei spørsmålsrekkja, og at metoden for å fjerna energien kan minna om den Gaute har for å løyse det som bind energien til staden.

Frå Noreg var Are Thoresen og John Iversen foredragshaldarane. Thoresen (sjå annonse avsnitt), er dyrlækjar og vert sagt å ha lækjande evner. Tema hans er *jordstråling* og påverknaden den har på menneske og dyr. Iversen er medlem av Norsk kvistgjengarforeining. Han heldt foredrag om elektronisk stråling, og korleis det kan føra til søvnvansk og hovudverk hjå menneske. Frå Finland demonstrerte Leif Paulin *sjukdomspendling*, som referent Brit Weisz omtalar som "tradisjonell finsk sykdomspendling."²⁰² Bakgrunnen for dette temaet er spådom med pendel ved å spørja seg fram til energiar og ubalanse i energiane til pasienten. Dette er eit vidt spekter av tema, og alt føregår på eitt og same kurs. Vidare analyse av *Kvitgjengeren* vil visa kva for tema som er dei mest ettertrakta blant dei norske kvistgjengarane.

Tema

I det førre avsnittet såg me eit eksempel på stor variasjon av tema, som foredragshaldarane på det nordiske møtet presenterte. Redaksjonen og styret i *Kvitgjengeren* har ei like vid tilnærming til tema om *kvitgjengeri*. Dei ulike temaa i bladet vert framstilt gjennom ulike sjangrar. Innan dei fleste tema som går igjen i fleire nummer av bladet, kan ein finna intervju, personschildringar, avisutklipp og artiklar, skrivne av medlemmer eller av redaksjonen/styret. Ein viktig del av Norsk Kvistgjengarforeining si gjerning, er å nytta *Kvitgjengeren* som organ for å oppfylja formålsparagrafen (§1). Den seier nemleg at formålet med foreininga er å vere ein stad der *intuitive søkjemetodar* kan utviklast, der ein

²⁰¹ *Kvitgjengeren*, nr.22, 2009: 18

²⁰² *Kvitgjengeren*, nr.22, 2009: 18

kan finne lærdom og dela erfaringar.²⁰³ I dette delkapittelet vil eg presentera ulike tema som vert tatt opp i *Kvistgjengeren*.

Kvistgjengeri er å nytta ein reiskap for å nytta intuisjonen. Reiskapen ein held i nevane gjev utslag på energiar som vanlege menneske ikkje kan oppfatta med dei fem sansane. Men nokre personar er meir følsame for desse energiane enn andre, og dei kan nytta ein reiskap for å finna desse energiane. Eg skal ikkje her skildra metodane *kvistgjengarar* har til å finna energiane, men ta for meg kva tema som vert tatt opp i *Kvistgjengeren*. Til dømes er *jordstråling* eit stort tema i bladet. Ein *kvistgjengar* kan søkje etter *jordstråling* for å finne plassar der korkje menneskje²⁰⁴, plantar²⁰⁵ eller dyr²⁰⁶ bør opphalda seg. Omgrepene som vert nytta om ein stad der levande organismar vert svekka, eller sjuke av å opphalda seg, er (i *Kvistgjengaren*) eit *geopatogent*²⁰⁷ område.

Elektrisk stråling frå straummaster eller elektriske artiklar, kan påverka dei som er, eller har blitt følsame for energiar²⁰⁸. Gaute Hadland viser i ein todelt artikkel i utgåve nummer 27 og 28 (2012), korleis ein kan skjerma mot stråling frå elektriske artiklar. Han nyttar kvartssteinar eller magnetar over datamaskin, stereoanlegg, televisjonsapparat, og trådlause sendarar²⁰⁹. Avskjermingsmetodar vert og nytta mot jordstråling, men desse energiane kan vere vanskelegare å omdirigera eller skjerma mot. Difor er det eit vanleg tiltak å flytta opphalstsstaden, så den ikkje er over eit *geopatogent* område.

Det er fleire innlegg frå, og om, sjuke folk som har vorte betre av at ein kvistgjengar har kontrollert huset og lokalisert ulike *geopatogene* område. Helge Haugland fortel om då han flytta lenestolen til ei 84 år gammal dama. Ho hadde problem med stive og vonde ledd i handa og fingrane, det eine beinet hennar var òg vondt. Lækjaren kunne ikkje gjera noko for å hjelpe ho, men Haugland målte med ynskjekisten sin, og fann eit strålingskryss over lenestolen hennar. På dette

²⁰³ *Kvistgjengeren*, nr.4, 2000: 6

²⁰⁴ *Kvistgjengeren*, nr.31, 2014: 12

²⁰⁵ *Kvistgjengeren*, nr.11, 2004: 10

²⁰⁶ *Kvistgjengeren*, nr.12, 2004: 18

²⁰⁷ *Kvistgjengeren*, nr.11, 2004: 10

²⁰⁸ *Kvistgjengeren*, nr.27, 2012: 18

²⁰⁹ Ibid: 18-19

punktet var det tre vassårer i eit Hartmankryss.²¹⁰ Helse er eit stort tema i *Kvistgjengeren*, men det er ikkje alltid det er snakk om skadelege eller forstyrrande energiar. Som nemnd tidlegare driv Leif Paulin med sjukdomspending.

Heilagt og lækjande vatn er tema i nokre av utgåvene av *Kvistgjengeren*. Kåre Holmen har skrive ein artikkel frå to reiser til Vardø og Selje. I Vardø vart han ført til ei kjelde med lækjande vatn. Dette vatnet meiner han virkar mot magesjuke. "Jeg har nemlig oppdaget at dette vannet er godt å drikke av når magen slår seg vrang."²¹¹ Holmen var på omvisning i klosterruinane på øya Selje. På klosterområdet er det eit oppkome med vatn. I følgje ei segn "skal man bli både friskere og sprekere etter å ha drukket av kilden!"²¹² Anne Bergheim har også skrive to artiklar om dette temaet, i utgåve 27 (2012) ser ho på polariteten i vatnet, der venstrepolarisert vatn (80% av alt vatn) fortare vert dårleg og forureina, medan høgrepolarisert vatn vert sagt å vera både heilagt og lækjande. Bergheim skil mellom heilagt og lækjande vatn. Lækjande vatn er oftast høgrepolarisert, men med påverknad frå omverda kan polariteten snu. Heilag vatn vil ikkje la seg ompolarisera. Bergheim seier om høgrepolarisert vatn at det "er bakteriehemmende. Forråtnings- og kolibakterier har vanskelig for å utvikle seg."²¹³ Polarising og reinsing av vatn er òg viktig for Erling Nystad og Nils Kåre Sunde (sjå annonsedelkapittelet).

Kvistgjengeri kan nyttast litt som fantasien. Det verkar for meg som at det ein kvistgjengrar kan tenkje på å søkja etter, kan finnast. Tanken er at alt inneholder ein energi, ofte kalla ein aura eller chakra som ein kan få kontakt med om ein stiller dei rette spørsmåla²¹⁴. Ein kan til dømes finna fram til ulike einingar og

²¹⁰ *Kvistgjengeren*, nr.31, 2014: 12

²¹¹ *Kvistgjengeren*, nr.23, 2010: 17

²¹² Ibid: 17

²¹³ *Kvistgjengeren*, nr.27, 2012: 13

²¹⁴ Tidlegare leiar Hans Christer Rask Arnesen fann brukte delar til bilen sin ved å søkje etter dei med søkermaskin. Spørsmåla han stilla er vesentlege for om han skal finna det han leiter etter. ""Finnes det en brukbar girkasse og en brukbar fremre differansial, som passer til min Caravelle Syncro med registreringsnummer sånn-og-slik, tilgjengelig på bruktmerkedet i Norge, akkurat nå?". Svaret var "JA!" ... neste spørsmål: "Er begge delene å få tak i fra samme kilde" (underforstått samme firma eller privatperson). Svaret ble igjen et

stadar. I *Kvistgjengeren* finn ein eksempel der ein har søkt etter bildelar²¹⁵, bøker²¹⁶, gull²¹⁷, vikingskip²¹⁸, og avrettungsstadar²¹⁹.

I nokre av dei siste utgåvene av *Kvistgjengeren* har fleire kvistgjengrar lært og vorte inspirert av Marco Pogacnik. Han driv med *geomanti*.²²⁰ Dei norske kvistgjengrarane som har vist ei interessa for dette temaet, er opptatt av jorda sin aura, og at auraen skal vere i balanse. "For at det skal være et bra sted å være, bør jordens aura være minst like høy som oss."²²¹ Tomas Hovind var på kurs om jordstråling hjå Gaute Hadland. I ein tre sider lang artikkel fortel han om den nye lærdomen frå kurset, og presenterar forsøk han sjølv har gjort. Når dei målte jordauraen og fann at den nådde i knehøgda, byrja dei å utforska årsaka til den svekka auraen. Dei sökte over eit kartbilete, om eg ikkje misforstår, så nytta dei eit fjernsøk. Det førte dei til eit hogstfelt, der dei meinte å finna "frustrerte trevesen" (naturvesen).²²² Dei var frustrerte på grunn av at trea dei var kopla til vart hogde ned, slik at dei mista oppgåva si. Ved å hjelpe trevesenet til å finna ei ny oppgåva, vart balansen retta opp og aurane på området kvistgjengrarane hadde målt auka og vart god. Det er snakk om å finna årsaka til at auraen er svak eller at det er forstyrrende energiar. Gaute Hadland fortel at han i sine oppdaginger har funne at ein type Hartmannrutenett har oppstått av personar som tidlegare har opphalde seg på staden, og ting etter dei. Han tenkjer seg at det er eit sjeleavtrykk²²³. Gaute meiner at det kan vera sterke kjensleutbudd (smerte,

klart "JA!". (Kvistgjengeren, nr.7, 2002: 6-7). På denne måten klarte Arnesen å finne ein person som nettopp hadde fått inn delane han trengte.

²¹⁵ Kvistgjengeren, nr.7, 2002: 6-7

²¹⁶ Kvistgjengeren, nr.11, 2004: 14

²¹⁷ Kvistgjengeren, nr.20, 2008: 18

²¹⁸ Kvistgjengeren, nr.27, 2012: 5-7

²¹⁹ Kvistgjengeren, nr.30, 2013: 12-13

²²⁰ "Ordet geomanti kommer fra det greske ordet Gaia, navnet for jordas sjel, og fra "mantenia" som betyr å forstå og tolke orakel. Slik betyr da geomanti forståelse og tolkning av jordas synlige og usynlige dimensjoner i steder og landskaper slik at en mangedimensjonal forståelse av i disse nivåene kan oppstå i vår bevissthet". (Kvistgjengeren, nr.30, 2013: 11)

²²¹ Kvistgjengeren, nr.30, 2013: 14

²²² Ibid: 7

²²³ "Begrepet er skapt av Marko Pogacnik, og "sjeleavtrykk" kan være et dekkende ord på norsk. Andre ord som kan være dekkende, er "sjeleaspekt" og "sjelefagment". Ifølge han er det ikke riktig å bruke ordet gjenganger, som vi

frykt) som har lagt att eit avtrykk²²⁴. Dette er som nemnd ein del av «den nye forklaringsmodellen» til Gaute, men det er viktig å påpeika at ved å finna opphavet i forstyrrende energi, meinar dei å kunna hjelpe sjeleavtrykka eller naturvesena slik at energien ikkje lengre vert forstyrrende for folk eller naturen. På kurset på Gran var det eit sjeleaspekt, som ein av medlemmene «såg» var ei heks som vart avretta og brend der. Energien frå ho vart sagt å strekkja seg inn i rommet me hadde vore i tidlegare for kursing, og verka forstyrrende der inne. Med ei spørsmålsrekka av ja/nei spørsmål fekk dei løyst denne 'konflikten'. Spørsmåla som løyste den var om den såkalla heksa visste ho var daud? Nei (svara heksa). Kan du hugsa når du sist åt og drakk, eller når du hadde avføring? Nei. Innser du no at du er daud? Ja. Treng du hjelp vidare? Så var energien etter ho vekke.

Bladet Kvistgjengeren har eit vidt spekter av tema dei relaterer til kvistgjengeri. Ein viktig del av dagens kvistgjengeri er korleis bladet vitskapleg gjere omgrep som *geopatogen* og *jordstråling*, i ein teori om ynskjekvistfenomenet. Med vitskaplege teoriar validerar dei reiskapen. Det er viktig for foreininga å utvikla metodane og utvida bruksområda for intuitive søkjereiskapar. Mykje av denne utviklinga kjem av impulsar frå alternativrørsla, slik som det å identifisera energiane kvistgjengarane hevdar å finna. Då hevdar fleire å ha funne utanomjordiske farty og vesen, sjeleaspekt, og naturvesen. Foreininga er frå ulike hald opptatt av helse og behandling. Dei fleste hevdar at energiane frå somme kjelder verkar forstyrrende på folk, og kan gjera folk sjuk. Elektrisk stråling vert av nokre sett på som farleg, men oftast har eg inntrykk av at jordstråling kan vera farlegare. Det vert sagt at for å avskjerma elektrisk stråling kan krystallar gjera jobben, eller ein kan kjøpa avskjermingsmedaljongar av Erling Nystad. Nokre hevdar at vatnet ein drikk kan ha negativ energi som svekker helsa, slik Bergheim og Nystad gjer når dei fortel om polariseringa i sunt og helsebringande vatn. Som nemnd har Bergheim ein vitskapleggjort teori om skilnaden på lækjande og heilagt vatn. Det er polariseringa som gjer vatnet lækjande, for då har det eit forsvar mot skadelege bakteriar. Men det er framleis ein dimensjon av

forestiller oss omfatter hele personen, men at noe av sjelen ikke forlater verden.” (Kvistgjengeren, nr.30, 2013: 14)

²²⁴ Kvistgjengeren, nr.29, 2013: 14

noko «skjult» ved heilagt vatn, for det vert ikkje ompolarisert, slik som lækjande vatn. Det kan verta påverka av omgjevnaden, og då snur polariseringa frå positiv til negativ. Det er blant anna den «skjulte» krafta, og gjenfortrylling, det skal handla om i neste kapittel.

Kapittel 6

Endringar og tilpassingar over tid

Me finn ganske utbreidde førestilingar om ynskjekvisten i dag. Framleis er det slik at han vert brukt til å finna vatn. Ein annan bruk er knytt til betre helse. Førestillingane om ynskjekvisten og bruken av den, går langt tilbake i tid. Som eg har vist, finn me belegg for dette i kjeldene. Men førestillingar og bruken har endra seg og tilpassa seg den kulturen og det samfunn som har vore ynskjekvisten sin kontekst. For å løfta fram desse tilpassingane i notida, må eg forholda meg til ein annan kompleksitet enn tidlegare, og ei rekkje meir og mindre nyanserte verdsbilete. Dette er ein av dei store skilnadane på det gamle «bakteppet» og det nye om ein skal forstå kva dette dreiar seg om. Mange av bruksmetodane er truleg blitt borte, men truleg har like mange kome til. Sjølve ynskjekvisten som reiskap, har skifta form, og ein har gjerne gått over frå å bruka tre til å bruka metal - eller til berre å bruka hendene. Metodane ein nyttar har fått ulike teoretiske forklaringar, basert på forskjellige tradisjonar, vitskap, eller nyreligiøsitet og "New Age".

Som nemnd i kapittel 3 slo kyrkja ned på kvistgjengeri etter reformasjonen. Kvistgjengeri var blant det Martin Luther såg på som magi og djevelskap. Men kvistgjengeri vart ikkje utrydda. Praksisen har vorte halden ved lag i det kollektive minnet og i tradisjonen. Overlevinga til kvistgjengeri kan samanliknast med ei rekkja andre praksisar som kyrkja gjekk hardt ut mot, som for eksempel pilegrimsferd som vart rekna som «papisteri». "Etter reformasjonen var pilegrimsferder til helengraver og andre hellige steder blant de elementene som den protestantiske kirken renset bort." ²²⁵ I dag har me ei auka interesse for pilegrimsruter over heile Europa – også i Noreg. Ein av skilnadane mellom mellomalderen og i dag er forholdet til *heilage stadar*. Selberg seier med utgangspunkt i Arne Bugge Amundsen:

I Luthersk ideologi befant ikke Gud seg på et bestemt sted kontrollert av kirkelige institusjoner, men var overalt hvor de troende samlet seg. Den lutherske tenkning snudde opp ned på den tradisjonelle religiøse

²²⁵ Selberg og Eriksen, 2006: 263

stedsdefinisjonen, hevder Amundsen, og de gamle helligstedene, valfarten og helgengravene mistet sin betydning.²²⁶

Før var det staden som var heilag, og difor målet, medan pilegrimskuluren i dag, fokuserer meir på vegen til målet, ifylgje Selberg. Sjølve målet med aktiviteten har altså endra karakter. Slik er det også i nokon grad med ynskjekvisten.

Kvistgjengeriet er i dag vorte så populært at det vert danna foreiningar og kontaktar over landegrensene. Kvar mann sin kvist, for å setja det på spissen. Med utgangspunkt i den empiri som eg tidlegare har greidd ut om, skal eg i dette kapittelet ta for meg ein del kulturelle uttrykk frå ynskjekvistfenomenet i tidlegare tider, som me kan kjenna igjen i dag. Og sjå på korleis førestillingane og bruken har endra seg.

Jakob og Gaute

Eg vil fyrst sjå på mine kjerneinformantar Jakob og Gaute som begge er praktiserande kvistgjengarar i dag. Men som kvistgjengarar er det både lik- og ulikskapar mellom dei. Det som er likt er det at begge trur på ynskjekvisten og liknande folkelege søkjereiskapar. Dei trur begge at ved å bruka reiskapen rett kan avdekkja energiar i omgjevnaden. Kva energi dei søker etter, er ulikt det kan vera vassenergi, jordstråling, eller såkalla «hartmannenergi» av ulike slag (naturvesen, sjelaspekt, menneskjeskapte energiar).

Dei legitimerer begge sine førestillingar, sin praksis og sine erfaringar med forteljingar. Folkloristen Bente Alver, som har studert dei kloke sine forteljingar, kallar slike forteljingar for helteforteljingar eller suksessforteljingar. Ho seier om desse forteljingane:

Den største kategori er fortællingerne om deres vellykkede opdrag. Det ersuccesfortællinger eller heltefortællinger. De fortæller dem for deres klienter, men også for et bredere publikum, og de tjener til at bekræfte den kluge selv i sin virksomhed og ikke mindst til at styrke klienters og nærmiljøets tillid. Fortællingerne kan være ganske tilspidsede. At de også er underholdende og griber tilhørerne, som Bennet hävder, har jeg selv mange gange i mit arbejde med

²²⁶ Torunn Selberg, 2011: 126

kloge kunnet iagttage.²²⁷

Med suksessforteljingar styrkjer kvistgjengarane sitt ry i sine miljø og skapar tillit til det dei meiner dei kan. Eit eksempel er forteljinga om hyttefolka på Voss (s. 54-55), som Jakob hjelpte med å finna brønn. Denne forteljinga er med på å spreia ryktet om den hjelpa kvistgjengarar kan gje. Forskjellen mellom Jakob og Gaute er at Jakob sitt rykte vert spreidd frå munn til munn, Meda Gaute styrkar sitt renommé både munnleg og skriftleg, spesielt gjennom kvistgjengarforeininga og deira blad. Som kvistgjengar høyrer Jakob i større grad til i eit lokalmiljø, her kjenner folk han og har tillit til evnene hans, medan Gaute har eit vidare nettverk gjennom foreininga og det nordiske miljøet, som kvistgjengarforeininga har kontakt med.

Personar som kjenner Jakob veit han kan «gå med kvisten». Han har hjelpt mange i livsverket sitt, anten som entreprenør for å finna vatn, eller som folkeleg behandlar som avskjermar for det han meinar er helsefarlege energiar. Han har ofte gjort dette som ein form for dugnadshjelp i lokalmiljøet. Etnologen Asbjørn Klepp kastar lys over samhald i eit lokalmiljø på bygda i overgangen frå eit førmoderne til moderne samfunn ved å sjå på dugnadsskikken som nabohjelp. Slike skikkar forstår eg ut i frå Selberg og Eriksen, som ein:

(...) standardisert atferd som har en tradisjonell *form*, men de har også *mening*. Skikker er handlingar som er gjenkjennelige fordi de følger et tradisjonelt *mønster* som har kontinuitet over tid. Skikker har dessuten *normativ innflytelse* på individets atferd.²²⁸

Dugnaden som skikk var meir tvungen i det førmoderne samfunnet, i fylgje Asbjørn Klepp. Den var tvungen i den tydinga at naboar var "(...) gjensidig avhengige av hverandres hjelp."²²⁹ Han påpeikar at det ikkje var lett å hyra til seg arbeidskraft, og til store prosjekt var ein avhengig av nabohjelp. Dugnadar var både forventa og uventa. Nokre arbeidsoppgåver, der ein trong ekstra hjelp, var venta, (som skifting av torvtak²³⁰), medan ved ulykker eller sjukdom kunne ein kalla inn til ein ekstraordinær dagnad. Det er viktig å forstå at naboforhold ikkje alltid var konfliktfrie, men dugnadsskikken var viktig for alle sidan ein sjølv

²²⁷ Bente Alver, 2011: 135f

²²⁸ Selberg og Eriksen, 2006: 225

²²⁹ Asbjørn Klepp, 2011: 136

²³⁰ Ibid: 136

kunne trenge slik hjelp. "Dugnadsordningen var en gjensidig forsikring for at et nabolag skulle bestå, i et generasjonsperspektiv som ble en garanti for at ingen våget å sette seg utenfor fellesskapet."²³¹

Jakob og Gaute har begge realfagsutdanning. Jakob er entreprenør og Gaute er ingeniør, det vil seia at dei er praktikarar. Forskjellen er at Jakob nyttar ynskjevisten meir som ein av fleire reiskapar i sitt arbeide, medan Gaute skil jobb og kvistgjengeri. Som nemnd i portrettet av Gaute (s. 60), forstår han det slik at nokre omgrep kvistgengarar nyttar, er lånt frå vitskapen. Det er bakgrunnen for den forklaringa han gir på såkalla magnetfelt. Han meiner også at det nokre kvistgengaren kallar eit magnetfelt, ikkje kan vera det same magnetfeltet vitskapen har målt. (sjå kapittel 4) Omgrepa vert nyttta av nokre kvistgengarar eller kan nyttast på ein måte som vitskapen ikkje ville godkjend. Men for dei fleste som er influert av eit vitskapleg verdsbilete legitimerar dei vitskaplege omgrepa trua på at ynskjevisten "fungerer".

Eg tenkte Jakob var nærmare folkekulturen med sine førestillingar om ynskjevisten. Men det er likevel Gaute som er eit søkerende menneske med eit breitt førestillingsspekter som også inkluderer underjordsfolk og forskjellige sjeleaspekt. Mitt inntrykk av at Jakob er at han ikkje er oppteken av slike fenomen. Jakob er meir jordnær – han ser berre på kvisten som ein arbeidsreiskap – som er reelt for han. Jakob nyttar ynskjevist av bjørk, slik ein finn det i eldre tradisjon, medan Gaute har utvikla sin kvist og nyttar søkjevinklar i metall, ofte i kombinasjon med dei bare nevane hans.

Gaute har funne seg vel til rette som kvistgengar i ein større organisatorisk samanheng. På feltarbeidet på Gran vart eg vitne til mange ulike oppfatningar og teoriar hjå kvistgengarane, som Gaute ikkje var einig i. Men foreininga kan seiast å vera eit laboratorium for hans og dei andre medlemmene si utvikling. I vedtekten til Norsk Kvistgjengerforening (N.Kf) seier §2 at "N.Kf. skal også jobbe for å øke interessen for – og kunnskapen om – kvistgjengeri blant enkeltpersoner, institusjoner og andre media. N.Kf er politisk og religiøst uavhengig og er åpen for alle personer som vil følgje foreningens lover og

²³¹ Ibid: 137

regler.”²³² Gaute sa i intervjuet at han har lært mykje sidan han byrja i foreininga, og no er han med på å vidareutvikla teoriar og metodar som opnar for nye søkemetodar.

Magi i vår tid

Magi i vår tid, ofte kalla gjenfortrylling, refortrylling eller enchantment, har vorte diskutert og belyst av fleire forskrarar blant anna av religionsvitarar og kulturvitarar ved instituttet AHKR på Universitetet i Bergen. Ingvild Sælid Gilhus og Lisbeth Mikaelsson nyttar omgrepene refortrylling i deira bok med tittelen *Kulturens refortrylling* (1998). Torunn Selberg har, blant anna, skrive ein artikkel om magi i populærkulturen med vekt på den norske bokklubben – Energica, der ho snakkar om ei «enchanted» verd.

Gilhus og Mikaelsson ser på refortrylling som eit resultat av 1800-talets okkultisme og spiritisme, som har influert dagens nyreligiøsitet og alternativrørsler. Gilhus og Mikaelsson hevdar at 1800-talets okkultisme førte til spiritismen. ”Okkultisme kommer av latin *occultus*, som tydar ‘skjult’.”²³³ Dei forklarar at dette omgrepet inkluderer 1800-talets spiritisme, teosofi, og magiske ordenar (Wicca-bevegelsen – den moderne heksebevegelsen). Den trekkjer og inn hemmelege selskap, som har det til felles at dei ikkje har eit reint rasjonalistisk og materialistisk verdsbilete. Dei dreier seg på ein eller annan måte om det «okkulte» om skjulte krefter i menneskesinnet og naturen.²³⁴ Okkultismen måtte stå i same røyndomsoppfatning som vitenskapen, slik det òg er med nyreligiøse og alternative fenomen:

1800-talets okkultisme blir sett i sammenheng med industrisamfunnet og vitenskapen. Da inntrer den litterære fantasygenren, spiritisme, og annen okkultisme parallelt med fabrikkipipene på samfunnets scene. Både spiritsme og fantasylitteratur tar utgangspunkt i den eksisterende, materielle verden som de på hver sin måte skaper et åndelig motstykke til. (Faivre 1987). (...) Med sine rasjonelle årsaksforklaringer og eksperimentelle metoder øvde vitenskapen stor

²³² Kvistgjengeren nr 4, 2000: 6

²³³ Gilhus og Mikaelsson, 2005: 37

²³⁴ Ibid: 37

innflytelse i esoteriske kretser.²³⁵

Hasund sine oppfatningar om spiritisme og hans undersøking som tek i bruk vitskaplege tankemåtar(s. 39), gjev ynskjekvisten eit åndeleg motstykke, ei «skjult kraft», slik som Gilhus og Mikaelson skildra spiritisme i sitatet over.

I mi forsking har eg sett at i Hasund legg stor vekt på at ynskjekvisten ikkje skal assosierast med overtru, eller folkeleg magi på nokon måte. Men Hasund er opptatt av spiritisme. Han seier:

(...) det kan vera verdt aa nemna at det fins andre fenomen som står i sama stoda som ynskjekvisten. Det bankande bordet er ei kjennsgjerning. (...) Til bordbankingi trengs der eit medium likeins som med kvisten, og det kann ikkje vera tvil um at bankingi skriv seg frå ei ukjend fysiologisk kraft som utviklast av mediet sjølv.²³⁶

Denne overtrua som Hasund er skeptisk til er meir knytt til magiske førestillingar i eldre tid, som nemnd i kap 3. Hasund var kritisk til ei folketru som var knytt til ein magi, som var meir regelbunden og knytt til bestemte ritual og magiske handlingar. Denne forma for magi skil seg også frå moderne magi, slik vi ser det innanfor okkultisme og ulike formar for «New Age».

Bente Alver seier om forskjellen mellom magi i eldre tid og den notidige:

Noget af det, som skiller den ældre magi fra vor tids, er blandt andet forestillingerne om, hvilke årsagssammenhænge, der er tale om, og hvilke kræfter, der aktualiseres gennem magisk aktivitet. Den ældre magi har også meget stærkere rod i en mere homogen kollektiv forestillingsverden, og den magiske handlinger er strengt styret af traditionelle normer: Magiens handlingsmønstre er absolutte, genkendelige i deres brug og i den forventede virkning. Dette har stor betydning for, hvordan hændelser og handlinger tolkes. Den ældre magi må udføres helt, som en er lært. Man må slet og ret kende grammatikken. Hvis ikke, risikerer man, at magien ikke virker, eller værre, at tingene kommer ud af kontrol. Der er en detaljeret nøjagtighed, som gælder både det, der siges, bruges og gøres – hvordan og hvornår. (...) Det normerede og strengt regulerede, som vi træffer i den ældre magi, er ikke et præmis i vor tids magi. Her spiller den enkelte aktørs kreativitet, fantasi og sindstemning en meget større rolle. Selv om det regelbundne og det gentagne findes i den

²³⁵ Ibid: 42

²³⁶ Sigvald Hasund, 1921: 44

moderne magi, og også mange lån av traditionelle elementer, så er de plukket fra forskellige steder og sat sammen som et kludetæppe efter lyst og behov.²³⁷

Den store skilnaden på magi før og no er først og fremst ein annan årsakssamanheng, og den sterke vektlegginga av det individuelle og det subjektive. Før var det i større grad ei kollektivt førestillingsverd, medan det i dag er meir individuelt og personleg, kva ein trur på. Som Alver seier: magi i notida er som eit lappeteppe, satt saman frå ulike stadar og med utgangspunkt i ulike førestillingsverder. Uorganisert nyreligiøsitet og "New Age" kan godt skildrast som eit lappeteppe.²³⁸ Gilhus og Mikaelsson seier:

New Age betegner en nyreligiøs bevegelse fra 1970-årene. Denne bevegelsen er løst organisert og har karakter av et marked – eller et nettverk – der hver enkelt aktør opererer på individuell basis. Et visst felles preg og noen bærende ideer binder bevegelsen sammen, samtidig som det er store variasjoner i hva folk engasjerer seg i. Mange av dem som sogner til bevegelsen mislikter betegnelsen «New Age», og foretrekker å kalle seg «alternative». New Age kan derfor også kalles alternativbevegelsen.²³⁹

Gilhus og Mikaelsson skildrar New Age som ein del av nyreligiøsiten. Dei aktivitetane og tankegangane ein finn i Norsk Kvistgjengerforening, har mange likskapstrekk med New Age og nyreligiøsitet. Medlemmene opererer på individuell basis, medan ei felles tru på folkelege søkjereiskapar bind dei saman.

Om me går tilbake til Hasund, så har han med sine teoriar vore med på å «avfortrylla» kvisten ved å lyfta den ut frå ein tradisjonell magisk kontekst. Men samstundes ser det ut til at han har vore med på å «refortrylla» den med andre røyndomsperspektiv i ein meir alternativ kontekst.

Refortrylling er ein prosess skapa av samspelet mellom menneskjer slik som tradisjonen sitt liv må sjåast som dynamisk og prosessuell. Richard Handler og Jocelyn Linnekin ser på tradisjon som noko som er skapt i notid, men med element frå fortida, som vert tolka inn i dagens verdsbilete. "... tradition in not a bounded entity made up of bounded constituent parts, but a process of interpretation, attributing meaning in the present though making reference to

²³⁷ Bente Alver, 2008: 39-41

²³⁸ Gilhus og Mikaelsson, 1998: kap 1

²³⁹ Ibid: 151

the past.”²⁴⁰ Handler og Linnekin hevdar at forsøk på å gjenskapa tradisjon som kulturarv ikkje er mogleg, for tradisjon vert skapt i notid og då som noko nytt, medan det er tilknytinga til fortida som gjev tradisjonen meinung i notida.

For folk i den alternative rørsla kan tradisjon få ein dimensjon av noko «skjult», sidan det er gammalt og frå ei tid då folk stod nærmere naturen. Det er eldre kunnskap fornya i møte med ny kunnskap, som gjev den skjulte «krafta». I fornyinga vert «krafta» i eldre kulturelle uttrykk tolka på individnivå og difor kanskje på forskjellige måtar. Slik er bakteppet for magi i dag, mindre kollektivt og meir komplekst. Torunn Selberg har sett på ein alternativ bokklubb som sel magiske produkt basert på tradisjon kombinert med vitskap:

Advertising uses language, expressions and concepts that can be associated to magic. For example, the advertising for a hair growth product called Wira Cocha reads as follows: ‘Have you ever seen a bald Indian? Wira Cocha is an efficient hair growth product, a natural product based on Indian tradition and Norwegian expertise. If you’re losing your hair or it is thinning; if you have a skin problem,... Wira Cocha has helped thousands.’ And the manufacturer of this miraculous product is naturally called “Pure Products”. Here magic is wrapped up in the concepts of Indians’ knowledge about nature, a knowledge cultivated through tradition, and finally refined by Norwegian modern science. Nature, tradition and expertise all have positive connotations which together will be associated with magical consequences.²⁴¹

Det magiske vert ikkje lyfta fram direkte, det vert oftast vist til ei magisk kraft som kjem frå «tradisjon» eller natur. Som Selberg påpeikar vert det tradisjonelle i produktet endra og omforma. Eldre indiansk kunnskap og magi vert pakka inn i ein terminologi som er lånt frå moderne vitskap.²⁴² Det som kjem ut er eit nytt produkt basert på «tradisjon», men perfeksjonert med det som vert sagt å vera moderne vitskap. I artikkelen – *Å ta overtro på alvor* – skriv Selberg at ”dagens nyreligiøse autentiserer sin religion både ved å henvise til fortid og kontinuitet og skape positive assosiasjoner til begrepet ’otertro’.”²⁴³ Haldninga til tradisjon i alternativrørsla har endra seg til noko positivt og er forskjellig frå Hasund sin

²⁴⁰ Handler og Linnekin, 1984: 287

²⁴¹ Torunn Selberg, 1999: 301

²⁴² Ibid: 305

²⁴³ Torunn Selberg, 2000: 79

haldning på byrjinga av 1900-talet, der tradisjon vert kopla til overtru. Dette har ført til ei «modernisert» gjenfortrylling av tradisjon samstundes med at ein gir tradisjon ein dimensjon av attraktive «skjulte krefter».

Dei førestillingane eg har nemnd som var vanlegare på 1800-talet, legg ikkje vekt på evna i personen, men det var reiskapen som kunne visa deg det du søkte (s. 35). I dag forstår kvistgjengarar evna si meir likt med «kloke», i forståinga av at dei kloke har ei «kraftigare» evne, og at dei «kan» meir enn det ein kvistgjengar «kan», skildrar blant andre av Einar Sigmund. Han hevdar at kvistgjengarar har ulik «styrke» i evna si (s. 40), og at dei med sterke evner kan «sjå» vatnet i bakken, slik eg har synt til at «Vis-Knut» kunne. (s. 25)

Trua på folkelege søkjereiskapar må i dag sjåast ut i frå ein del av eit magisk verdsbilete, ein oppblomstring av alternative og nyreligiøse rørsler der ein må tru på ein dimensjon av noko «skjult», nemleg krafta som driv kvisten saman med den ibuande evna i personen. Denne særeigne evna vert oftast forstått likt blant kvistgjengarar, men det vert gjerne omtalt med ulike ord og omgrep. Erling Nystad skildrar si evne som evna til «å registrera» energiar, Jakob seier at han kommuniserer med vatnet, og Gaute hevdar han nyttar søkjevinklane til å indikera det intuisjonen alt «visste».

Konklusjon

Denne oppgåva er eit forsøk på å teikna eit bilet av nokre sider ved dei kulturelle prosessane som fører frå ein eldre meir magisk bruk av søkjereiskapar til korleis dette skjer i dag. Eg har vore oppteken av korleis ynskjekvisten sin form og bruk, har endra seg frå 1800-talet til i dag, og korleis førestillingane om den, har tilpassa seg i det samfunnet som den inngår i i våre dagar. Samspellet mellom ein eldre folkeleg førestillingsverd og førestillingar knytt til den såkalla alternativkulturen vert difor viktig. Så kva fann eg ut?

Eg har funne at ynskjekvisten lever i beste velgåande. Trua på den held fram. Kyrkja klarte altså ikkje å ta livet av den. Ynskjekvisten delar skjebne med mykje anna som kyrkja prøvde å undertrykkja etter reformasjonen, men tru er ikkje så

lett å hanskast med – verken folketrua eller den offisielle trua. Når trua på ynskjekvisten stadig lever, så må det sjåast i lys av folk sin erfaring med reiskapen – og forteljingane om desse erfaringane. Ein god kvistgjengar meiner han kan finna vatn – og ikkje berre vatn – men godt og sunt vatn. Godt vatn er viktig for kvistgjengrarar.

Kvistgjengarane styrkar trua på kvisten gjennom helteforteljingar. Dei fortel at dei sjeldan gjer misslykka sok: Jakob fortel at han har 10 mislykka vassprosjekt av 534. Dette gir folk eit godt inntrykk av han som vassfinnar, men om det er sant veit berre Jakob. Det styrkar òg deira legitimitet – og trua på ynskjekvisten – at det finns ein kvistgjengarforeining med eige medlemsblad, eigne konferansar og kurs – og at kvistgjengeri ser ut til å vera ein internasjonal aktivitet. Ikkje alle kvistgjengrarar i Noreg er medlem av foreininga, mange driv på eigenhand – som Jakob – og inngår i ein kontekst av eldre førestillingar.

Reiskapen har endra seg i form og bruk i forhold til den historiske konteksten. Her kan me snakka om ei utvikling. Notidig bruk er prega av idear frå alternative rørsler. Trua på krafta og energien som finns i omgjevnaden, gjer at ynskjekvisten flettar seg godt inn i desse rørlene sine førestillingar. Men forståinga av ynskjekvisten er også prega av idear frå vitskapen. Mange kvistgjengrarar prøver å overtyda skeptikarar gjennom å nytta omgrep og utrykk frå vitskapen, slik som *radiestesi*, *geobiologi*, *geopatogene sonar*, *jordstråling*, *magnetfelt*, og *avskjerming*.

Forma på reiskapen har gått frå ein y-forma kvist, teke frå spesielle «kraftfulle» tre, til ein vanleg kvist, og til L-forma sokjevinlar i metall. Det er framleis mange som meiner at kvisten er den beste reiskapen – men magien i kvisten som den fekk frå spesielle tresortar, eller veksthøva til treet, har vorte vekke.

Førestillingane om kvisten sin verdi og korleis den skal tolkast har endra seg over tid. Førestillingar om bestemte tresortar var vanlegare på 1800-talet, der det ikkje var snakk om evna i personen, men det var reiskapen som kunne visa deg det du søkte (sjå s. 35). I dag forstår kvistgjengrarar evna si meir likt med «kloke», men at dei kloke har ei «kraftigare» evne og dei «kan» meir enn det ein

kvistgjengar «kan». Einar Sigmund hevdar at kvistgjengarar har ulik «styrke» i evna si. (sjå s. 40)

Bruksområda for å nytta ynskjekvisten har også endra seg. I eldre tid var det vatn og metall kvistgjengarane søkte etter. No har det endra seg til vatn og sjukdom. Med bruksområdet sjukdom, kjem nye førestillingar fram, slik som avskjerming. førestillingane omkring avskjerming låner ord og omgrep frå vår tekniske verd.

Ein annan utvikling er at kvisten ser ut til å ha smelta saman med førestillingane om pendelen. Pendelen vert forstått av kvistgjengarar som eit folkeleg søkjereiskap. Det betyr at alle slags reiskapar kan nyttast likt, men kvistgjengarane sine erfaringar er at nokre reiskapar er betre til det eine enn til det andre. Mitt inntrykk er at pendelen ofte vert nytta av kvistgjengarar i relasjon til sjukdom. Den vert brukt i vid forstand innan nyreligiøse rørsler til å finna ut om noko er skadeleg eller ikkje, ved å stilla ja/nei spørsmål. Men pendelbruk er òg ein «main-stream» aktivitet, som særlig vert nytta til å finna ut om folk er intolerante for visse matvarer. Dette er ein bruk som ser ut til å ta seg opp, fordi det i dag er stor diskusjon om allergi og intoleranse i høve til mat.

Summary

This thesis is an analysis of the cultural processes that led from an older more magical use of dowsing to how dowsing is used and understood by those who use these tools today. I have been looking for the changes of dowsing equipments both with regard to form and use, and also how the notion of dowsing has adapted and changed as society has modernised.

The development of new world views has also changed people's perception of dowsing. In Scandinavia, I have found that before the 20th century the notion of dowsing was more connected to an older magical worldview – connected to folk belief and tradition – that was more bounded by strict rules. Today, the magical understanding of the world has a more "private" and individualistic character, and has become part of what is often called «New Age» (alternative movements), and other religious movements.

Dowsing was a part of an older magical worldview that the church tried to exterminate during the reformation, like many other forms of «magical» practices. My sources from the 19th century seem to be closer to the older magical belief, bound to rituals when getting the rod, or what type of tree one should use. From the 20th century I have used Norwegian studies and books that explain practise and theories on how the phenomenon works. Sigvald Hasund did a study on the Y-shaped rod for the Norwegian agricultural college in 1921. Among his findings was that it is your intuition that «knows» where the energy – water, metal, hidden things, animals or people, or other energies – that you are searching for is hidden. The rod is there to let you actually know when you have hit the spot where the water is. This explanation is still the most favourable among dowsers in Norway today.

The way dowsers today use their favourite tools – the Y-shaped wood stick, the pendulum, or the L-shaped metal bars – is highly individualized. All the actors seem to be using their tools in slightly different ways, based on their own experience. In most European countries there is a dowsing organisation – or a

similar movement – where dowsers can come together and share their experiences with one another. This is part of what helps the notions of dowsing to expand, and new ways of using these kinds of tools to proliferate.

In the context of an alternative movement, these kinds of searching tools have been developed by their handlers. I found that the Norwegian dowsing organisation pays attention to the work and theories of people in different European countries. One theory that is used is Ernst Hartmann's from Germany. Hartmann claimed to have discovered a worldwide web of energy that you can measure with dowsing equipments. A book by Trond Winje from 1983 is raising some questions concerning Hartmanns theory. Among them is: Why have not dowsers noticed this energy before? How should we explain that people who have started dowsing after the theory was presented can find the energy, while dowsers had trouble finding the energy before the theory was preseted? Winje concludes that dowsers probably were aware of what is called «Hartmann-energy» – named after its discoverer – but that they did not know what energy it was at the time.

I have done a case study based on two dowsers, Jakob and Gaute. Gaute is the leader of the Norwegian dowser organisation, while Jakob is not a member. This means that Jakob has not been part of the collective learning environment in the organisation, and has developed his own methods according to his experience. Jakob is a retired entrepreneur from a small town. In his work Jakob would always use his Y-shaped rod if the customer hired him to dig a well. I have found that it is not common for the dowser that finds the water to also be the one digging the well. In Hasunds study he even warns about travelling dowser taking money for the job, especially if the doser do not stay to see whether or not water was actually there. Jakob has a story about a 16-year-old boy that came to Voss – with his own private driver in an American car and took 300 NOK for finding water (a lot of money at that time). After the boy left town, Jakob was left with the job of digging the well for several of the claimed water sources. There was no water in any of them.

In the theses I have viewed Gaute in a bigger organisational context, as the leader of the dowser organisation. There is a common understanding within the organisation: All seem to agree that the dowsers intuition tell them where the energy they search for is. Although this is a common view, there is room for individuality among the members. For instance there is a common belief that energy coming from the ground can hurt people who are affected by this energy. Where energy lines cross, a disturbance can occur in the energy, and the belief of the Norwegian dowser organisation is that this disturbance can have a negative effect on people's health. Measures to avoid the hazardous energy is either to shield or direct the energy away, or simply move furniture around so you don't occupy the space where the energy is. Gaute normally used methods to shield for energy, but he found that it is not a long-term solution. Instead he has developed a method to remove energies from the environment. To do so, Gaute start by identifying the energy, finding out whether it is water, metal, Hartmann-energy or another kind of energy. When he has established the nature of the energy, he can start to resolve the «conflict» that is creating the disturbance.

Personal development is a typical feature in alternative movements. The alternative market is full of products that hold a «magical» power. Whether it is a hair growth product with ties to tradition, or medicine based on older folk remedies, the fact that it comes from tradition gives the product some kind of «hidden power». That is because the product is tied to a time when people are said to be closer to nature, and are said to have knowledge about things we no longer have. Today such products are said to be perfected by modern science, or at least they are often presented in a language using scientific terms. In today's alternative movement I found that the pendulum is used increasingly and connected to discourses of healthy food, and allergic/intolerance to types of food.

Litteraturlista:

- Alver, Bente Gullveig, 1996. *Creating the source through folkloristic fieldwork – a personal narrative*. Helsinki: Academia scientiarum fennica.
- Alver, Bente Gullvieg, 2002. «Det alternative som noget andet og lidt mere – annoncen som medspiller I beilledannelser af helse og livskvalitet» s. 145-170 i Kari Tove Elvebakken og Per Solvang (red). *Helsebilder – Sunnhet og sykdom I kulturelt perspektiv*. Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Alver, Bente Gullveig, 2008: *mellel mennesker og magter. Magi I heksefølgernes tid*. Scandinavian Academic Press. Spartacus
- Alver, Bente Gullveig, 2009. *Anna Elisabeth Westerlund – En fortelling*. Oslo: Spartacus forlag AS.
- Alver, Bente Gullveig 2011: «Fortælling, fortolkning, fortryllelse. Et kulturanalytisk perspektiv på fortællertraditionen om den kluge» *DIN, Tidsskrift for religion og kultur*. Novus A/S. s. 132-154
- Alver, Bente Gullveig og Torunn Selberg, 1992. «*Det er mer mellom himmel og jord.*» *Folks forståelse av virkeligheten ut fra forestillinger om sykdom og behandling*. Sandvika: Vett og Viten
- Alver, Bente Gullveig, Tove Ingebjørg Fjell og Teemu Ryymin, 2013. *Vitenskap og varme hender – Den medisinske markedsplassen i Norge fra 1800 til i dag*. Oslo: Scandinavian Academic Press / Spartacus Forlag.
- Berger, Peter og Thomas Luckman 2000. *Den samfunnsskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 40-64.
- Eriksen, Anne og Torunn Selberg, 2006. *Tradisjon og forteljing – en innføring i folkloristikk*. Oslo: Pax forlag AS.
- Fangen, Katrine, 2008. *Deltagende observasjon*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, 2. opplag.
- Fjell, Tove, 2007. «Research in the Mindfield og Privacy and Intimacy: The problems of consent.» s. 96-113 i Bente Gullveig Alver, Tove Ingebjørg Fjell og

Ørjan Øyen (red). *Research Ethics – in studies of culture and social life*. Helsinki: Academia Scientiarum Fennica.

Gilhus, Ingvild Sælid og Lisbeth Mikaelsson, 2005. *Kulturens refortrylling – Nyreligiøsitet i moderne samfunn*. Universitetsforlaget 2. opplag.

Gilje, Nils, 2006. «Fenomenologi, konstruktivisme og kulturforskning.» *Tidsskrift for kulturforskning*, nr. 1.

Gilje, Nils, 2010. *Heksen og humanisten – Anne Pedersdatter og Absalon Pederssøn Beyer – en historie om magi og trolldom i Bergen på 1500-talet*. Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS, 2. opplag.

Gilje, Nils, 2011. «Magi og «avfortrylling av verden» - Max Webers perspektiv på oppløsningen av det magiske verdensbildet.» s. 57-70 i *Arr – Idéhistorisk tidsskrift*, nr. 3, Oslo: Norsk Kulturråd, Institusjonen ordet fritt, IFIKK – Universitetet i Oslo.

Handler, Richard og Jocelyn Linnekin, 1984. "Tradition, Genuin or Spurious". *Journal of American Folklore* 97. s. 273-290.

Hasund, Sigvald, 1921. *Meldingar fra Norges landbrukshøiskole – Studium av ynskjekvisten*. Grøndahl & søns boktrykkeri, Kristiania.

Haugland, John, 1963. *Fjorten år med ønskekviksten*. Lutherstriftelsen, Oslo.

Klein, Barbro, 1995. «Inledning». S. 7-42 I Klein Barbro (red.): *Gatan är vår! Ritualer på offentliga platser*. Stockholm: Carlssons.

Klepp, Abjørn, 2011. «Dugnad – fra nabohjelp til nasjonal floske. S. 135-148 i Jan Erik Horgen, Michael Jones og Venke Åsheim, 2011. «Studenten som kom før faget» *Etnolog Rigmor Frimannslund (1911-2006) – et minneskrift*. Oslo: Novus forlag.

Kvale, Steinar og Svend Brinkmann, 2012. *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS, 2. opplag.

Selberg, Torunn, 1999. «Magi og fortryllelse i populærkulturen.» s. 122-133 i Bente Gullvieg Alver, Ingvild Sælid Gilhus, Lisbeth Mikaelsson og Torunn Selberg.

Myte, Magi og Mirakel – i møte med det moderne. Oslo: Pax Forlag, Valdres trykkeri. s. 122-133.

Møller, Arvid, 1980. *Vis-Knut.* Oslo: J. W. Cappelens Forlag AS.

Selberg, Torunn, 2000. «Å ta overtro på alvor», s. 71-83 i Bjarne Rogan & Bente Gullveig Alver (red): *Norden og Europa. Fagtradisjoner i nordisk etnologi og folkloristikk.* Oslo: Novus forlag.

Selberg, Torunn, 2011. «Pilegrimsveien som kulturarv.» *DIN: tidsskrift for religion og kultur*, nr 1/2.

Sigmund, Einar, 1947. *Ønskekisten – og dens mysterium.* Oslo: Forlagt av cammermeyers boghandel, Gustav E. Raabe. Reistad & Sønns boktrykkeri.

Sutcliffe, Steven: «Wandering Stars: Seekers and Gurus in the Modern World». S. 17-36 i Steven Sutcliffe & Marion Bowman (red): *Beyond New Age – Exploring alternative spirituality.* Edinburgh University Press, 2000

Vinjeboka – den eldste svartebok fra norsk middelalder, 1993. Oslo: Utgitt ved Oskar Garstein, Solum forlag.

Winje, Trond, 1983. *Ønskekisten – søking med kvist og pendel.* Oslo: J. W. Cappelens forlag AS.

Kvistgjengeren:

Kvistgjengeren – *Organ for Norsk Kvistgjengerforening.* 16. årgangar. 1999 – 2014.

www.kvistgjenger.no

<http://www.alternativ.no/annonse/natskolenord.html>

<http://www.straalingsplager.no/>

Nettsider 09.05.2015:

http://194.143.84.100/kultur/gater/data/nybrua_tale.htm

<https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/>

<https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/B-Hensyn-til-personer-5---19/11-Hensynet-til-tredjepart/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-04-14-31>

<http://www.nsd.uib.no>